

Vær forberedt på alt, men iverksett
ikke før nødvendig.

Val og dilemma i beredskapen mot indre uro
1914-1920.

Roald Bertinius Lunde



Masteroppgåve i historie. Institutt for arkeologi,
konservering og historiske studier/Humanistisk fakultet.

UNIVERSITETET I OSLO

15.11.2013

Vær forberedt på alt, men iverksett ikke før nødvendig.

Val og dilemma i beredskapen mot indre uro 1914 -1920

Roald Bertinius Lunde

Masteroppgåve i historie. Institutt for arkeologi,
konservering og historiske studier/Humanistisk fakultet.

UNIVERSITETET I OSLO

15.11.2013

© Forfatter Roald Bertinius Lunde

År 2013

Tittel: Vær forberedt på alt, men iverksett ikke før nødvendig.

Val og dilemma i beredskapen mot indre uro 1914-1920.

Forfatter Roald Bertinius Lunde

<http://www.duo.uio.no/>

Trykk: Reprosentralen, Universitetet i Oslo

Forord

Eg vil rette ei takk til dei som har gjeve bidrag til dette arbeidet. Ei særleg takk går til min vgleiar, Knut Einar Eriksen, som har kome med inspirerande og oppmuntrande innspel underveis. Utan desse hadde arbeidet neppe blitt fullført.

Anne Moldestad, som har halde ut og underveis synt eit grenselaust tålmod.

Eg vil og takke instituttet og Humanistisk fakultet ved Universitetet i Oslo som har gjeve meg tid til å fullføre undersøkjinga.

Sluttproduktet står heilt og fullt for eiga rekning.

Oslo, 10.11.2013.

Roald B. Lunde

X

Innholdsfortegnelse

| | |
|--|-----|
| I Innledning..... | 1 |
| I. Indre uro og beredskap i tidsrommet 1914-1917 | 13 |
| 1. Opprørslover..... | 13 |
| 2. Politilovkomiteen..... | 15 |
| 3. Rukan 1914: Militær maktbruk..... | 19 |
| 4. Om noget skulle komme på..... | 22 |
| 5. Militær drift av transportsektoren..... | 26 |
| 6. Statspoliti..... | 33 |
| 7. Militær beredskap og mobilisering: Dyrtidsaksjonar og Spitzbergenkonflikten ... | 35 |
| 8. Samanfatning | 40 |
| II Sakerhetskomiteen..... | 43 |
| 1. Sikkerhetskomiteen - aktør og arena..... | 44 |
| 2. Fiende og trugsmål..... | 48 |
| 3. Om det bryt ut revolusjon..... | 52 |
| 4. Ikkje- militære alternativ..... | 55 |
| 5. Exit Sikkerhetskomiteen..... | 60 |
| III Revolusjon? Beredskapsmessege dilemma 1918 - 1920..... | 63 |
| 1 Ein politikonsulent sine vurderingar..... | 66 |
| 2 Mot eit fastare beredskapsgrep..... | 69 |
| 3. Politimessege vurderingar og tiltak..... | 78 |
| 4. Samanfatning | 88 |
| IV Trugsmål, beredskap og ulike ståstedar..... | 92 |
| 1. Juss og politikk i kontrollen med revolusjonære aktører og grupper..... | 92 |
| 2. Revolusjon i Finmark?..... | 98 |
| 3. Militære førebuingar i Finmark | 102 |
| 4. Sulitjelma under militær beleiring..... | 106 |

| | |
|------------------------|-----|
| 5. Og så Kirkenes..... | 110 |
| 6. Statspoliti..... | 118 |
| 7. Samanfatning..... | 123 |
| Konklusjon | 125 |
| Litteraturliste | 137 |
| Register..... | 143 |

Innleiing

”Arbeiderklassen var ikke en verden for seg, tvert imot den var et nødvendig motstykke til et borgerskap i økonomisk ekspansjon, på det inderligste knyttet til den felles økonomiske virksomhet.

Derfor har et samfunn som det vest-europeiske borgerlige samfunn hatt en umåtelig evne til å fordøye sine opprørere. Gjennom en stadig gjentatt prosess er de blitt assimilert.”

Setningane ovanføre stammar frå Jens Arup Seip, nærare bestemt frå hans velkjende essay ”Fra embedsmannsstat til ettpartstat” frå 1963¹. No var korkje arbeidarklassen eller tidsepoken Seip sitt eigentlege interessefelt, men utsegnene er nytta her fordi dei illustrerer det som vel må kallast den dominerande forteljinga om arbeidarrøsla sin framvekst og integrering i den norske borgarleg-kapitalistiske samfunnsskipnaden. At dette kan kallast ei dominerande forteljing, betyr at ho går att i historieverk som har omhandla temaet gjennom spesialstudiar eller i meir generelle oversiktsverk.

Dette må ikkje oppfattast som nokon freistnad på å innleia ein argumentasjon eller polemikk mot eit slikt syn på relasjonen arbeidarklasse – borgarsamfunn. For sjølv sagt vart arbeidarklassen etterkvart integrert i det norske samfunn. Det er eit langt steg frå Thrane-rørsla og arbeidaroppstandane på austkanten i Oslo i siste halvdel av 1800-talet fram mot 1920 og 1930-talet. Arbeidarklassen utgjorde etter kvart eit maktpotensiale det var umogeleg å ekskludere frå samfunnet, utan at dette samfunnet endra seg i ikkje-demokratisk eller anti-demokratisk retning, fordi, som Seip er inne på, arbeidarklassen var uløyseleg knytt til dette samfunnet sin eksistens gjennom sin posisjon i produksjon og økonomi. Så eksklusjon var ei lite rasjonell line andsynes arbeidarklassen, der utfallet dessutan var høgst uvisst. Prisen, m.a. i form av kaotiske samfunnstilstandar på grunn av stadige oppreistar, kunne verta høg. Så arbeidarklassen var ei gruppe det var klokast å ansvarleggjere gjennom å integrere han i det beståande samfunn. Dette innsåg strategisk tenkjande personar så vel innan politikk og statsapparat som innan det næringsdrivande borgarskapet.

¹ Jens Arup Seip. Fra embedsmannsstat til ettpartistat og andre essays, s. 40.

Fullt så enkelt var det nok likevel ikkje, men det fangar opp eit trekk ved den endringsprosessen som gjekk føre seg ved arbeidarklassen sitt inntrede som samfunnsmesseg aktør, og dermed (potensiell) maktfaktor, særleg frå tida kring århundreskiftet.

Like fullt fanst institusjonelle trekk ved samfunnet som må karakteriserast som ekskluderande andsynes arbeidarklassen, eller rettare den opprørske og revolusjonære delen av han. Det veksandepressive beredskapsapparatet mot indre uro, særleg etter 1917, må såleis karakteriserast som potensielt ekskluderande, intendert eller som faktisk konsekvens.

Eller kanskje var dette motsett, og kan då problematiserast på ein annan måte: I kva grad bidrog disiplinering gjennom tvang og represjon til å integrere arbeidarklassen i det borgarlege samfunn?

I Bergen i 1919 sto ein militær styrke på 1800 mann, ein del av dei utrusta med mitraljøsar og klåre til å mobiliserast i tilfelle uro i byen. Dette var ein planmesseg oppsett styrke for dette føremålet. Det var lagt vekt på at styrkane skulle vera pålitelege, dvs. ikkje svikta eller vike unna ein vanskeleg, konfronterande situasjon. Oppdraget dei var utkommandert til, skulle gjennomførast utan at sympatiserande haldningar fekk innverknad på det. At dei var politelege, vart søkt sikra gjennom utvelgingsmekanismar som handplukking og å velge ut avdelingar frå andre områder enn der dei var tenkte å setjast inn. Det fanst og folk, frå oppdagelsespolitiet og frå den militære etterretninga, som skulle kartleggje og rapportere inn om ”stemninga” i byen til sine respektive overordna instansar, Justisdepartementet og Generalstabben.

Denne skildringa i få setningar skulle gje eit lite innblikk i eit apparat som hadde vekse fram over heile landet, særleg etter 1917, men som og fanst føre det, om enn annleis organisert.

Det er dette apparatet, beredskapen mot indre uro, som søkerlyset skal rettast mot i denne undersøkjinga.

Beredskapsapparatet var eit valdeleg maktapparat bestemt for å nyttast når samfunnet var trua av kaos og samanbrot, i verste fall revolusjonære oppreistar med samfunnsomstyrande

siktemål. Det var meint for ”street-fighting”, eller kanskje helst gjennom avskrekking å forebygge nettop den type kamp, men det kunne samstundes vera eit disiplineringsapparat. Det er førøvrig ingen motsetnad her.

Tema for føreliggjande undersøkjing er djupast sett makt og maktutøving. Makt eksisterer ikkje i eit vakum, og maktutøving er her sett som ein relasjonell storleik. I denne forstand er makt ikkje noko ein person, eller grupper av personar, t.d. klassar, har. Det er noko som vert utøvd i høve til andre personar/grupper ut frå kva som er mogeleg. Grensene for utøving av makt mellom to eller fleire (kollektive) aktørar må søkjast her. Makt og maktutøving, også valdeleg, er eit kjenneteikn ved staten, men i kva grad, når og korleis eller på kva måte denne makta kan utøvast er som oftast eit spørsmål om å manøvrere mellom ulike strategiske posisjonar.² Dette gjaidt og for beredskapsapparatet i dei tilfella der det vart mobilisert for å gripe inn i ein konfliktsituasjon, eller i ein situasjon der konflikt var mogeleg.

Statsminister Gunnar Knudsen mana frå talarstolen på Stortinget i 1915 til det han kalla for kamp mot klassekampen. Han såg tvungen valdgift som ein veg å gå for å avgjere arbeidstvistar for slik å få ein slutt på dei åpne konfliktane.

Kring fire år seinare, i 1920, var politimeisteren og innstilt på å ta ein kamp, men på eit heilt anna plan. Han ville klårgjera maskin gevær for å møte dei revolusjonære i Folkets Hus.

Dette representerer to motsette måtar å disiplinere arbeidarrørsla på (sjølv om statsministeren og hadde lock-out i tankane). Dei kan bidra til å kaste lys over eit sentralt problem i undersøkjinga.

Der politimeisteren ville gripe inn og disiplinere med fysisk maktbruk, m.a.o. gjennom valdsmakt eller trugsmål om dette, ville statsministeren nyte ein annan form for tvang som og ville kunne ha ein meir forutsigbar disiplinerande effekt på arbeidarklassen. For sjølv om valdgiftsinstitusjonen formelt var nøytral, med motstand og på arbeidskjøparsida, så er det

² Korleis ei slik manøvrering kunne halde liv i dei gamle regima i Europa føre første verdskrigen er teke opp av Arno J. Mayer i boka *The persistence of the old regime*. Mayer, 1981.

likevel klårt at klassekampen var representert i første rekke ved arbeidarklassen. Klassekamp var ikkje eit borgarleg fenomen, og i alle fall ikkje då.

Dei ville begge nytte statsmakt mot øydeleggjande konfliktar. For statsministeren dreia det seg i 1915 om streik (og lockout); politimeiteren ville i 1919 ved hjelp av våpen kome revolusjonen i forkjøpet. Dei var i ulik situasjon, både når det gjaldt posisjon og omstenda ellers, men siktemåla deira var samanfallande. Statsministeren ville involvere og integrere arbeidarklassen i ei form for korporatisme der den åpne klassekampen vart kanalisiert inn i ein prosess med autoritative samfunnsinstitusjonar i førande posisjonar, i dette tilfellet eit regime med tvungen valdgift.

Dette var ein annan måte å freiste ta brodden av klassekampen enn politimeisteren sin valdelege veg. Dei sto begge andsynes det dei oppfatta som truande streiker, men streika blant kommunearbeidarane i Bergen knytte han an til revolusjon, eller det var slik han valde å presentere situasjonen andsynes Justisdepartementet.

Statsministeren og politimeisteren representerte to to ulike sider ved oppdemningspolitikken andsynes arbeidarklassen, og der begge hadde eit disiplinerande siktemål: Den korporative kanal med eit integrasjon av arbeidarklassen i den herskande orden, og den konfronterande praksisen med ekskluderande siktemål (av dei revolusjonære). Så var det eit dilemma kor stor del av arbeidarrørsla som faktisk ville bli ekskludert.

Den overgripande målsetjinga med undersøkjinga er å kaste lys over fylgjande problem: Kva var styremaktene, dvs. staten, sin posisjon, i høve til konfliktaksen borgarsamfunn – arbeidarklasse, slik denne kom til uttrykk gjennom beredskapen mot indre uro? Det skal her peikast på tre mogelege posisjonar.

Ein mogeleg posisjon er då at staten er ein reiskap for ein klasse, ein dominerande klasse som står i eit motsetnadshøve til ein eller fleire underordna eller dominerte klassar. I ein konfliktsituasjon vil styremaktene då nokså eintydig ta parti for eller støtte opp under den dominerande klassen. Ja, meir enn det, skiljet mellom klasse og stat kan verta meir eller mindre utviska. Slik har det innan visse marxistisk inspirerte miljø vore vanleg å karakterisere staten under kapitalismen som borgarskapet sin klassesstat.

Ein annan mogeleg posisjon å plassere staten i, er som ein i større eller mindre grad autonom aktør i høve til eksisterande økonomiske og klassemessege interesser og posisjonar. Det tyder neppe det same som at styremaktene var nøytrale i høve til slike interesser og posisjonar, langt mindre at dei opptredde nøytralt i ein konfliktsituasjon. Det er vanskeleg å tenkje seg at dei opptrer som ein nøytral aktør i det tilfellet der dei grip inn i ein streikesituasjon med militære mannskap for å halde for samfunnet ”livsviktige funksjonar” intakte. Streikande arbeidarar oppfatta det neppe slik, truleg heller ikkje motparten. Styremaktene sin inngripnad med militære styrkar på Rjukan i 1914 og i Sulitjelma og Kirkenes i 1918 vart heller neppe oppfatta som nøytrale av anti-militaristane og sympatisørane deira. Beredskapen mot indre uro hadde heller ikkje ein nøytral karakter, han var klårt retta mot arbeidarklassen, eller den delen av han som vart oppfatta å vera revolusjonær.

Så staten var ikkje nøytral i høve til dei konfliktane og opposisjonelle prosjekta og aktivitetane arbeidarklassen var involvert i. Det dreier seg snarare om å manøvrere i ein relasjonell kontekst , slik det er vore inne på ovanføre. I denne forstand dreier det seg om eit statsapparat som ikkje handlar uavhengig av dei eksisterande relasjonar, eller for den sak skuld på tvers av dei, men ut frå ein autonom posisjon, slik at statsapparatet må sjåast og analyserast som ein eigen strategisk aktør og ikkje reduserast til ein forlenga arm for andre aktørar.³

Eit tredje perspektiv på staten i høve til ulike interesser og konfliktliner er at han var ein arena for maktkamp, dvs at det også innan statatsapparatet gjekk føre seg ein kamp om ulike syn, standpunkt og oppfatningar, det som kallast ein maktdiskurs. Det kan vera vanskeleg å sjå korleis dette kunne gå føre seg i det som er samanhengen i denne undersøkjinga. Heilt utenkjeleg er det vel imidlertid ikkje at det kunne førekome også i beredskapssamanheng at ulike instansar målbar ulike syn ut frå sine posisjonar. Her vil det kunna virke mogeleg at dette kunne skje mellom den sivile delen av beredskapsapparatet på eine sida og den militære på andre.

³ Theda Skocpol har framheva staten som ein autonom aktør i motsetnad til eit instrument i teneste for bestemte klasseinteresse. Theda Skocpol 1979. *States and Social Revolutions. A Comparative Study of France, Russia and China*. Cambridge: Cambridge University Press. Sjå og Jack A. Goldstone 1991, *Revolution and Rebellion in the Early Modern World*. Berkeley: University of California Press.

Spørsmålet om statsapparatet kan plasserast i den eine eller andre posisjonen, er ikkje eit spørsmål om modellar eller teoretiske utgreiingar, men kan berre avgjerast gjennom empiri, dvs. konkrete undersøkjingar.

Her må det skiljast mellom staten som undersøkjings- eller studieobjekt og staten som aktør i samfunnet. Det første tykkjест i dag opplagt, statsapparatet utgjer eit særskilt undersøkjingsobjekt som må ”dekonstruerast” og så analyserast i sin samanheng, det samfunnet han opererer som aktør i.

Når det så gjeld staten som aktør, så er det ein utgongshypotese her at svaret på spørsmålet om autonomitet må bli samansett og dermed nokså fleirtydig. Når det som her gjeld beredskapsapparatet, så tykkjест det klårt at styremaktene hadde eigne mål å fylgte, dels uavhengig av det borgarlege samfunn. Problemet veks i kompleksitet ved at så vel stats- og beredskapsapparatet som ”det borgarlege samfunn” er samansette storleikar som må splittast opp i dei delane dei består av.

To spørsmål skal stillast for å kaste lys over dette problemkomplekset. Det eine dreier seg om trugsmålsbiletet i den aktuelle perioden. I nært samband med dette står fiendebiletet; det er ikkje uinteressant korleis fienden vart omtala eller karakterisert, om fienden vart sett og karakterisert som ein mobb, ondsinna og lignande meir eller mindre kjenslelada uttrykk. Det tykkjест vera eit rimeleg utgangspunkt å gå ut ifrå at sli han vart sett, slik vart han langt på veg møtt.

Den borgarlege opinionen var stort sett samla når det gjaldt det revolusjonære trugsmålet. Det dominerande synet var at det var eit reelt eksisterande trugsmål, og her sto den russiske bolsjevikrevolusjonen heilt sentralt. Men og dei revolusjonære oppreistane i Tyskland og ”den røde terror” i Finland vart stadig halde fram som døme på den fåre dei revolusjonære straumdraga representerte også i Noreg.

Fleire beredskapsansvarlege instansar mottok brev frå personar som ga uttrykk for stor bekymring over situasjonen. Og – det måtte handlast raskt, føre det vart for seint, slik dette vart uttrykt i eit anonymt brev til forsvarsministeren og med klåre tilrådingar til styremaktene.

”Lad oss lægge vore stridigheter tilside til roligere tider. Høire, venstre, socialister, avhodsfolk, maalfolk, rigsmaalsfolk – alle lægger vi vore stridigheter tilside indtil vi har

sikkerhet for, at kampen om de forskjellige syn paa vort samfund og dets utvikling og ledelse kan fortsættes ærlig og fredelig uten frygt for, at striden skal føre til anarki, vold, plyndring og mord og derav følgende opløsning av hele vort samfund”.⁴

Den anonyme brevskrivar såg såleis føre seg ein brei front mot dei revolusjonære kreftene, m.a. inkluderte han og den meit moderate delen av arbeidarrørsla her. Dei radikale skulle på den måten nærmest utdefinerast frå samfunnet.

Også dei norske diplomatiske legasjonane var aktive i kampen mot revolusjonære dei meinte var ute i misjoneringsaugnemed. Såleis engasjerte den norske legasjonen i Paris seg imot for ettergjevande haldningar andsynes russiske bolsjevikar både i Danmark og Sverige.

USA sin legasjon i Paris hadde gjeve Noreg råd i så måte. ”Vær nu saa snil at Norge i dette bolsjevikspørsmål kommer til at staa med helt igjennem ’clean hands’. Jag dette svineriet ut av Norge hurtigst mulig, selv om Danmark og Sverige ikke slaar følge. Gjør det for Norges egen skyld. Forbitelsen i Amerika mot Bolsjevismen er i alle samfundsdrag sterkt stigende og det vil vække stor bitterhet i Amerika hvis disse morderbander vedblivende skal faa nogensomhelst støtte og tilhold i de nordiske lande.”⁵

Også Noreg burde gå fram med hard hand. Alle bolsjevikar burde ”utvises fra Norge og deres propaganda stoppes”. Slik burde Noreg fylge same politikk som ”kulturmagterne i Vest-Europa og Amerika.”

Representanten for Legation de Norvege hadde perspektivet klårt for seg. Kontrarevolusjonen ville til slutt sigre i Russland, og dei gamle makthavarane vende attende til makta. Difor burde ein frå norsk side ”vise størst mulig gjestfrihet og venlighet mot de landflyktige russere av bourgeoiset og embedsstanden som har undsluppet fra terrorismen. Det er disse samfundsdrag som om kortere eller lengre tid kommer til at styre i Russland.”⁶

Kva utanriksminister Ihlen konkret meinte om innhaldet i dette skrivet, har ikkje vore mogeleg å bringe på det reine.

⁴ RA/FDA, pk. 2867. Brev til forsvarsminister Holtfodt, datert 18.02.18, undertekna N.N.

⁵ RA/FDA, PK 2826. Avskrift av skriv frå Legation de Norvege, Paris, til utanriksminister Ihlen, datert 18.11.18.

⁶ Same stad.

Ein annan av legasjonane som var oppteken av trugsmålet frå arbeidarrørsla var Den kongelige norske legasjon i Stockholm. Her sto imidlertid integreringsaspektet i fokus, og det svenske sosialdemokratiet vart halde fram som eit slags førebilete, disiplinert som det var av makt og ansvar. Men når det gjaldt Noreg, så var det ”umulig å lukke øynene for, at den også henger sammen med at de er i besiddelse av en betydelig større kultur, intelligens, politisk innsikt og erfaring enn deres norske ’kamerater.’ ” Forfattaren, Francis Hagerup, ligg her nær opp til å karakterisere den norske arbeidarklassen som ein litt rå, ubearbeida mob, som i allefall ikkje var klår for makt og posisjonar i det politiske apparatet. Interessant er det likevel her å merkje seg at han ikkje avviser arbeidarklassen som deltar i det politiske system og som utøvar av makt. Det må berre skje innanføre rammene av politisk konsensus og respekt for det eksisterande systemet, og dei speleregler som gjaldt for det.

Desse fiende- og trugsmålsvurderingane er gjennomgått såpass grundig her for å kunne setje styremaktene sine trugsmålsoppfatningar og vurderingar i ein større samanheng og i perspektiv. Den strategiske konteksten når det gjeld dei to spørsmåla som her skal granskast vil vonaleg tre klårare fram. Det dreier seg om det landskapet styremaktene manøvrerte i, om dei då manøvrerte. Her er det å venta at det til ei viss grad gjorde seg gjeldande ulike vurderingar, både når det gjaldt trugsmålsbiletet og spørsmålet om bruk av, eller grensene for bruk av tvang og represjon, vald. No var det jo slik at det innanføre beredskapsapparatet var eit eige overvakings- og etterretningsapparat som hadde som oppgåve å halde styremaktene à jour med trugsmålsnivået Sjølv om det først og framst var dette styremaktene baserte seg på i dei konkrete trugsmålsvurderingane, var dei neppe upåvirka i oppfatningar og syn av det som rørde seg innan ein større borgarleg opinion.

Det vil her vera naudsynt å gå nærmare inn på ulike deler og nivå av beredskapsapparatet, når det gjeld den sivile delen frå toppen, Justisdepartementet og ned til politimeisternivå, og den militære delen, frå Kommanderande General/Generalstaben til distriktskommandonivå, iblandt ennå lågare nivå. Fokus vil då vera retta mot mogelege variasjonar og sprik i oppfatningar og vurderingar, slik at det vil vera mogeleg å få kartlagt korleis trugsmålsbiletet faktisk såg ut innan beredskapsapparatet i sin heilskap. Eit sentralt spørsmål vil her vera om vurderingane innan dei sivile delane av apparatet var vesentleg ulike frå dei som gjorde seg gjeldande på militært hald. Interessant vil det også vera å få klårlagt eventuelle ulikskaper i oppfatningar og vurderingar mellom Justisdepartementet og politimeistrar i ulike distrikt, og

mellan Justisdepartementet og Forvarsdepartementet. Og kva med dei militære instansane, fanst avvikande oppfatningar her, eller utgjorde desse ei stemme? Endeleg kan og stillast spørsmål ved om geografiske skilnader gjorde seg gjeldande når det gjaldt oppfatniga av kva trugsmål arbeidarklassen representerte.

Det må her presiserast at syn, oppfatning og vurdering er tillagt litt ulikt betydningsinnhald.

Vurdering er nytta om dei mest informerte, faktaorienterte utsegnene, og såleis må reknast for å vera mest balanserte eller objektive. Oppfatningar er i mindre grad informerte, der andre høve og gjer seg gjeldande enn dei reint fakta-funderte, medan syn i endå større grad er basert på politiske tendensar og haldningar, synonymt med forestillingar.

Når det gjeld tidlegare arbeid med fokus på beredskapsapparatet, skal nemnast to som utelukkande har dette som tema og problem, samt ei undersøkjing der det utgjer eitt kapittel som del av konklusjonsgrunnlaget.

Det dreier seg om det som må kallast sjølve pionerarbeidet om emnet, Lars Borgersrud si hovudfagsoppgåve , seinare omarbeida, dels supplert og utgjeven i bokform under tittelen Konspirasjon og kapitulasjon. Nytt lys på forsvarshistorien fra 1814 – 1940.⁷ Som undertittelen seier, dreier det seg i stor grad om militærhistorie, og utgongspunktet hans var den begrensa motstanden frå Forsvaret si side mot dei tyske okkupantstyrkane i 1940. Dette gjer at det har vore lite rom for gransking av strategiske høve som ikkje inngår i ein krigshistorisk kontekst. Undersøkjinga hans må framomalt sjåast som, og har sin verdi som krigshistorie, og dermed forsvinn den sivile delen av beredskapen noko i bakgrunnen. Så sjølv om beredskapen mot indre uro i stor grad, i overvegande grad når det gjeld den operative delen, dreier seg om militærapparatet, så vert heilskapen liggjande noko i bakgrunnen. Hans hovudkonklusjon er at etableringa og oppbyggjinga av særskilde militære avdelingar mot indre uro, med uskadeleggjering av våpen, førde til ei kraftig svekkjing av forsvarsevna andsynes ytre fiendar, med fatale konsevensar 9.april.

⁷ Borgersrud, Lars 1975. *Nye momenter til forståelse av moderne norsk krigshistorie: Trekk ved den militærpolitiske utviklinga i Norge 1918-40 og begrensninger den la på den norske krigføringa i 1940*. Hovedoppgave i historie, Bergen.

Den andre undersøkjinga som her skal trekkjast fram er Nils Ivar Agøy, Militæretaten og ”den indre fiende” fra 1905 til 1940. Hemmelige sikkerhetsstyrker sett i et skandinavisk perspektiv. Som det også her går fram av tittelen, er hovudfokus retta mot militærapparatet, men dette arbeidet har også retta søkjelyset mot sivil-militære relasjonar, slik at den sivile delen av beredskapsapparatet i større grad er med som ein aktør. Eit hovudproblem her var imidlertid i kva grad dei militære opptrødde for sin eigen del, meir eller mindre uavhengig av det sivile apparatet, og om det i så fall på noko tidspunkt låg føre ein fåre for militærkupp.

Agøy heller mest i retning nei, men utelukkar ikkje heilt eit slik scenario. Han tykkjer imidlertid tilleggje dei militære svært stor grad av sjølvstende, beredskapsarbeid var næraast noko dei fekk drive med på eiga hand, meir eller mindre i løynd. Dette framstår som ein hovudkonklusjon hjå han, sjølv om han kallar han relativ. I føreliggjande undersøkjing vert det stilt spørsmål ved dette. Kor sto det sivile apparat, med Justisdepartementet i spissen?

I den tredje undersøkjinga som skal nemnast her, inngår beredskapen mot indre uro som ein relativt liten del av ein større heilskap som dreier seg om kvifor arbeidarrørsbla ikkje dreiv det til revolusjon i Noreg. Det dreier seg om Odd-Bjørn Fure si doktoravhandling, Mellom reformisme og bolsjevisme. Norsk arbeiderbevegelse 1918 -1929. Teori. Praksis.

Ein sentral konklusjon er her at beredskapen utgjorde ein så sterk barriære mot revolusjonære utbrot at det nær sagt av den grunn aleine ikkje var mogeleg. Einkvar freistnad ville feile og verta knust av eit godt og planmesseg utbygd bereskapsapparat, som var budde på det meste. Fure har, på langt færre sider, i større grad også trekt inn den sivile delen av apparatet. Han ser eit velsmurt og samkøyrt apparat der motsetnadane ikkje eksisterer, i alle fall ikkje i slik grad at dei er verd å plassere i analysa. Dette må sjåast som ein veikskap, sjøl om det mot dette kan innvendast at det for hans føremål ikkje har nokon betydning: staten sto sterkt i høve til arbeidarrørsbla med sitt omfattande og godt væpna beredskapsapparat.

No må det her også nemnast at Fure ikkje meiner at det utelukkande var det overlegne beredskapsapparatet som gjorde at styremaktene gjekk sigrande ut av striden med dei revolusjonære, slik at revolusjon aldri var aktuelt eller aldri hadde nokon sjanse.

Styremaktene visste å kombinera ”den knytta neven” med ”den åpne hand”, dvs. også å vise ein viss grad av ettergjevnad andsynes økonomiske og sosiale krav når det var på sin plass.

Spørsmålet vert då kvifor det var på sin plass. Framsto det som naudsynt av omsyn til eit meir skremande scenario, altså i større eller mindre grad panikkarta? Eller handla styremaktene på grunnlag av større grad av plan og roleg overlegg med siktet på større grad av konsensus og integrasjon via den vegen?

”Kampen mot klassekampen” omfatta både det akutte, meir panisk prega tiltaket og dei meir planmessege, strategiske overlegningane. Men korleis var balansen her? Og når det gjeld beredskapen mot indre uro, kva var naudverge og kva var avverge. Dette siste kan og sjåast som eit skilje, eller eit skifte, mellom offensive og defensive beredskapsåtgjerder. Det vil her og vera interessant om det er mogeleg å peike på ei endring over tid når det gjeld offensiv – defensiv-problematikken.

Når det gjeld det metodiske, så er det vanskeleg å peike på ein einskild metodisk framgangsmåte som er nytta. Det analytisk-forklårande bør vera lett å identifisera, men det finst og innslag av ein hermeneutisk-fortolkande metodikk. Kombinasjoen tykkjест opplagt på bakgrunn av kjeldematerialet som ligg til grunn for undersøkjinga. Departementsskriv, etterretningsrapportar, møtereferat, ein politimeister si beretning om situasjonen i sitt distrikt er alle temmeleg to-the-point, tilsynelatande med lite rom for fortolkning. Men bortsett frå at dei fleste tekstar i større eller mindre grad krev fortolkning, er det samstundes viktig å vera på jakt etter det som ikkje er til stades i teksten, sjølv om faren då kan vera stor for å hamna i det spekulativt. Det er imidlertid som oftast rom for fortolkning og då kanskje helst i samband med kontekstualisering, anten av einskildutsegner eller og av meir heilskafelege tekstsamlingar.

Aktør – struktur-perspektivet har og vore eit stadig attendevendande tema i historisk metodeproblematikk. Dette perspektivet er og til stades her. Beredskapsapparatet i sin heilskap og dei einskilde delene av det, ulike departement, Generalstaben osb. er alle å sjå som kollektive aktørar, der haldningar, motiv og (kollektiv) handlingsvilje og –evne gjorde seg gjeldande. Dette kan vidare bringast ned på individ-nivå, ein byråsjef Enevold Borch, ein kaptein Frithjof Beichman. Einskild-aktørar har og ein posisjon og spelar fylgjeleg opplagt ei rolle i eit historisk forlaup.

Samstundes inngjekk desse kollektive og individuelle aktørar i samfunnsmessege, sosiale og institusjonelle strukturar (skapte og forma av same og oftast tidlegare aktørar!).⁸

I føreliggjande undersøkjing har det framstått som umogeleg ikkje å ha blikket retta både mot (det historisk framvokste) strukturelle nettverk, og dei aktørane som opererte innanføre dette.

Når det gjeld spesielle problem knytt til kjeldene, må nemnast to. Det dreier seg for det første om at det iblandt kan vera problematisk å bestemme forfattar eller avsendar av ein skriv som attpåtil kan framstå som viktige og interessante. Noko løysning på dette er ikkje funne, anna enn at i dei tilfella der dei går tydeleg inn i ein samanheng er dei tekne med når det er funne aktuelt.

Det andre problemet har vore at det kan vera vanskeleg å avgjera statusen til eit skriv. Kva er samanhengen? Kva er skrivet meint som? Kven er aktuell mottakar? Kor autoritativt er det? Dette problemet er ”løyst” på den måten at fleire mogelegheiter står åpne.

Undersøkjinga er delt i fire kapittel, I – IV, samt konklusjon. Kapittel I tek opp beredskapsproblematikken i åra 1914-1917. I Kapittel II er det utelukkande opprettinga og verksemda til Sikkerhetskomiteen som står i fokus. Dette var mein å vera ein strategisk hjerne då revolusjonstrugsmålet vart meir aktuelt. Komiteen sin eksistens strekte seg frå 1918 til 1920. Kapittel III tek opp beredskapen i same tidsrommet, men kjem særleg inn på Justisdepartementet sin posisjon. Også kapittel IV rører seg innanføre desse åra, og tek opp ulike beredskapsinstansar sine posisjonar både i faktiske mobiliseringssituasjonar og i meir generelle vurderingar og planleggjingsaktivitet.

⁸ Når det gjeld ei drøfting av tilhøvet mellom aktør og struktur, sjå t.d. Alex Callinicos, 2005. *Making History. Agency, Structure, and Change in Social Theory*. Chicago: Haymarket Books.

Kapittel I. Indre uro og beredskap i tidsrommet 1914 – 1917.

Dette kapitlet skal kaste lys over beredskapen mot indre uro i åra umiddelbart føre det som er kalla det radikale gjennombrotet innan arbeidarrørsla fann stad.

Kva slag strategiske tankar og resonnement låg til grunn for beredskapstiltaka mot indre uro i dette tidsrommet? Kva slag perspektiv reflekterte dei strategiske vurderingane? Dette er det overordna problemet som skal drøftast i føreliggjande kapittel. Perspektiv impliserer her m.a. kva styremaktene meinte med uttrykket ”indre uro”. På kva måte og i kva grad representerte ”den indre fiende” eit trugsmål mot samfunnsorden? M.a.o., kva trugsmålsscenario opererte styremaktene med? For å freiste gje svar på det problem som her er stilt, skal dette kapitlet ta opp beredskapstiltak sette i verk eller planlagde sette i verk i løpet av desse åra. Kva slag tiltak var aktuelle, og kva føremål skulle dei oppfylle? Det dreier seg m.a.o. om kva slag innretting beredskapen mot indre uro hadde på dette tidspunktet, eller kva som var karakteriseringane trekk ved han.

1 Opprørslover.

Staten sin rett til å utøve makt ved tvang, herunder vald, var grunnlovsfesta gjennom §99, pkt.2 i Grunnlova. Ordlyden i denne ”opprørsparagrafen” er slik:

Regjeringen er ikke berettiget til militær magts anvendelse mot statens medlemmer, uden efter de i lovgivningen bestemte former, med mindre nogen forsamling maatte forstyrre den offentlige roliged og ikke øieblikkelig adskilles, etterat de artikler i landsloven, som angaaer oprør, ere den trende gange tydelig forelest av den civile øvrighed.

Paragrafen har, som Grunnlova forøvrig, ei heller vid tolkningsramme, slik at ulike utviklingsvegar står opne. Han opnar med ei restriktiv formulering, og kan såleis sjåast som eit vern mot at militær maktutøving fekk ein dominerande posisjon i samfunnet. Vilkårleg militær maktbruk mot eigne borgarar måtte unngåast. Det er den eine sida ved paragrafen. Den andre er at han opnar nettopp for slik maktbruk, og etablerte med det grenser for mobilisering av protest og opposisjon. Styremaktene måtte ha grunnlovsmedseg dekning å gripe inn i mot ei trugande folkemengd med makt. Det er uproblematisk å fastslå at han ga legitimitet til militær maktutøving om styremaktene fann det høveleg eller naudsynt. Korleis Grunnlova sin ”opprørsparagraf” vart tolka og nytta i aktuelle situasjonar, var til sjuande og sist i vesentleg grad eit spørsmål om kor føremålstenleg slik form for maktbruk var ut frå politiske og strategiske vurderingar.

Grunnlovsformuleringane om opprør og militær maktbruk vart fylgde opp i den borgarlege straffelova. Såleis presiserte paragrafane 136, 137 og 329 kor grensene gjekk når det gjaldt styremaktene sin rett til å nytte tvangsmessege tiltak og fysisk makt mot ”uromakarar” og opposisjonelle som vart oppfatta å utgjera eit trugsmål mot samfunnsorden. Denne opprørslova opererte med ei fengselsstraff på inntil fem år for den som tok initiativ til eller var med på å få i stand ”opløp” der siktemålet var å øve vald mot person eller eigedom (§136). Lova ga vidare styremaktene rett til å bryte opp og forby demonstrasjonar og liknande former for aksjonar når dette vart vurdert å utgjere eit trugsmål mot ro og orden.

Strafferamma var her tre månader for den som nekta å forlate staden, og tre år for personar som utøvde vald etter at kravet om oppløysning var lese opp (§137). Endeleg kunne styremaktene etter §329 løyse opp det som vart sett på som trugande samanstimmingar, sjølv om desse ikkje eigentleg var organiserte som meir målretta aksjonar.

Med heimel i den siterte grunnlovsparagrafen, var det på militært hald teke steg for å klårgjere militærapparatet sin plass i ein eventuell indre konfliktsituasjon. I eit sirkulære frå Generaladjutanten for arméen, datert 24. februar 1851, vart dei militære avdelingssjefane gjorde merksame på at dei skulle stille sine styrkar til disposisjon for dei sivile styremaktene om det vart kravd for å oppretthalde ro og orden.⁹ Skrivet inneheldt og ei klårgjering av rekvireringsprosedyre. To andre skriv, frå Generalauditøren til armekommandoane, daterte 3. og 10. juni 1883, gjekk m.a. inn på tilhøvet mellom dei sivile styremakter og dei militære innsatsstyrkane når dei først var rekvrerte, som kva for kommandoliner som skulle gjelde,

⁹ PM, ”Militær assistance til opretholdelse av den almindelige retsorden”. KGA/RA, pakke 266.

samt kva prosedyre dei militære avdelingane skulle fylge når t.d. ei folkemengd skulle spreiaast.¹⁰ Operativt sjølvstende ser ut til å ha vore eit viktig poeng for dei militære. Avgjerd om militær innsats var ei sak for dei sivile styremakter, men var ei slik avgjerd teken, var det ei militær oppgåve å avgjere korleis ho kulle løysast. Var ein først kalla til handling, ville ein sikre seg fridom til å utføre dei disposisjonar ein meinte var naudsynte for å utføre oppgåva, utan forstyrrande innblanding. Det kan såleis konstaterast ein kime til eit visst motsetnadshøve her.

Tidspunktet for opphavet til skriva krev ein kommentar. Dei skriv seg frå periodar med politisk og sosial uro. I 1851 toppa tumultane kring Thrane-rørsla seg, og i 1883 nærma den konstitusjonelle krisa seg eit klimaks. Samanhengen er neppe tilfeldig. Periodar med aukande opposisjon og motstand aktualiserte militære beredskaptiltak.

Som vist ovanføre, hadde slike handlingar konstitusjonell dekning, med vidare oppfylging og konkretisering i straffelova. Dette var opprørsparagrafer og lover med det føremål å etablere eit legalt-juridisk grunnlag for å kunne avgrense eller stoppe trugsmålsprega opposisjon. Så var det eit politisk og strategisk spørsmål, m.a.o. i ytste konsekvens eit maktspørsmål, kor vidt og på kva måte dette let seg gjennomføre i faktisk føreliggjande situasjoner.

2. Politilovkomiteen.

Politilovkomiteen vart skipa i 1912 med mandat å sjå på rolla og funksjonen til politiet, fremje tiltak på det organisatoriske plan, samt føreslå nye føreskrifter. Komiteen leverte innstilling i 1914, og etter at Justisdepartementet hadde kome med fleire kommentarar og supplerande framlegg, vart det ved kgl. resolusjon 12.juni 1920 vedteke innstilling om ikkje-innstilling.¹¹ Men om komiteen ikkje sette umiddelbare spor etter seg i form av handfaste resultat, er han dermed ikkje utan interesse i høve til beredskapsproblematikken. Innstillinga kan i ei viss utstrekning lesast som ein slags statusrapport over beredskapen mot indre uro, for så vidt som ei slikt sokjelys på politiet og ordensproblemet vil kunne bidra til å kaste lys over sentrale spørsmål og i den vidare beredskapsproblematikken.

¹⁰ Same stad.

¹¹ Stortingets forhandlinger, 3b 1920, Innstilling fra Politilovkomiteen, samt Ot. Prop. nr. 59 1920.

I innstillinga vart det institusjonelle og funksjonelle skiljet mellom politiet og militærapparatet slått fast. Militærapparatet skulle i utgangspunktet ha som oppgåve å verne mot ytre fiendar. Som ein hovudregel var det ikkje høve for politiet å tilkalle militær assistanse om dette ville innebera at den militære avdelinga opptrødde på eige ansvar, meir eller mindre lausrive frå den sivile politiske leiarskapen. Samstundes vart det peika på at militære styrkar utgjorde ein forsvarsbarriere, og andsynes trugsmål som hadde med den indre situasjonen å gjera, og om ein slik situasjon oppsto, var det høve for styremaktene å ta i bruk militære mannskap. ”Indre føre” fevna for komitéen om alt frå større ulukker og som t.d. skuldast naturkreftene til uro av sosial og politisk art.

(Men) også hvor faren eller den ulykkelige begivenhet, som truer almene interesser, skylda andre omstendigheter, f.eks hvor omfattende trafikhindringer eller stansing av offentlige eller private innretninger og bedrifter, hvis virksamhet er enren velferdssak for landet eller en større del av dets befolkning, eller hvis regelmessige gang er en vesentlig faktor m.h.t. samfundets ro og sikkerhet, har sin årsak i sosiale konflikter, må statsmakterne være berettiget til et benytte sig av militære avdelinger, så langt som dette føles påkrevet for at sikre de landsinteresser som det her kan være tale om.¹²

Komiteen hadde ei oppfatning av ”orden” som

”tager ordet i den videste fatning, som den orden og fred, der er nødvendig for samfundets fremgang og trygghet; politiet skal være et vern mot alle indre krefter som forsøker at forstyrre den offentlige orden, taget i denne betydning.”¹³

Det var tillagt avgjerande betydning om ”vitale samfunnsinteresser” sto på spel. I slike tilfelle var det staten sin rett å nytte dei middel som sto til disposisjon for å ”hevde sin egen beståen som et lovordnet samfunn”.¹⁴

¹² St.forh. 3b, 1920, s 246.

¹³ Same stad, s. 51.

Komiteen opererte med føresetnadar for at militære styrkar kunne nyttast i ein indre konfliktsituasjon. Ansvaret måtte ligge hjå dei politiske styremaktene, og inngripnaden måtte utførast med heimel anten i ålmen lovgjeving eller i straffelova (opprørslova).¹⁵

Med desse etterhalda hadde styremaktene etter Politilovkomiteen si oppfatning full rett (vel og plikt) til å nytte militære maktmiddel om det t.d. kunne hevdast at indre uro representerte eit trugsmål mot deira maktutøvande posisjon.

Kunne ei slik handling karakteriserast som partisk? Komiteen tok opp dette spørsmålet, og ga eit nektande svar ved å vise til Grunnlova som ein garantist for statleg nøytralitet. Denne vart tolka slik at eikvar partisk deltaking i ein konflikt var forbode, siktemålet var å sikre samfunnet sitt normale gjenge under ekstraordinære tilhøve. At styremaktene under utøving av denne oppgåva så kunne kome til å nytte tvang mot bestemte grupper, karakteriserte komiteen som ”refleksvirking”, eller som utslag av ålmen naudvergerett. Logikken var at staten handla under tvang og sto såleis ikkje andsynes val mellom ulike handlingsalternativ om han skulle fylle sine oppgåver etter lova. Innanføre eit slikt resonnement var staten ein institusjon som sto over eller var uavhengig av dei konfliktar som fann stad i samfunnet. Politilovkomiteen tykkjест imidlertid å ha oppfatta alle konfliktar som interessekonfliktar i ei noko snever tyding. Nøytralitetsposisjonen han opererte med ser ut til å ha dreia seg vesentleg om å opptre uavhengig i arbeidslivstvistar og konfliktar.

Det kom til uttrykk eit restriktivt syn innan komiteen når det gjaldt å nytte militære styrkar i ein indre konfliktsituasjon. Ein slik handlemåte vart oppfatta å ha fleire problematiske sider, slik det er vore inne på ovanføre. Indre uro var først og framst ei oppgåve for politiet å handsame. I tråd med dette vart det og oppfatta som problematisk å tildele politiet utvida løyve å tilkalle militær assistanse i nærmere bestemte tilfelle. Alternativet var ein politistyrke som (i større grad) sjølv var i stand til å meistre ein slik situasjon. I denne samanheng var spørsmålet om ein statspolitistyrke inne i biløpet. Dette vart imidlertid forkasta idet det vart vist til dei særskilte topografiske og geografiske tilhøva i landet. Danmark vart halde fram som eit døme, og skulle ei tilsvarende ordning gjerast gjeldande her i landet, ville dette krevje så store ressurssar at tanken truleg virka temmeleg utopisk. Derimot vart det gjort framlegg om ein slags halvstatleg politistyrke der staten hadde det økonomiske ansvaret og

¹⁴ Same stad.

¹⁵ Når det gjaldt ”ålmen lovgjeving”, viste komiten til Toll - lova av 1845, §17, og til Lov om brannvesenet frå 1908, § 30.

kommunane plikta å stille ein viss del av sin politistyrke til disposisjon. ”til steder der det under ekstraordinære omstendigheter kreves”¹⁶ Det er imidlertid neppe særleg vanskeleg å tenkje seg at ein slik ”anti-opprørsstyrke” også ville kome til kort ved omfattande uro eller ei landsfemnande streik.

Komiteen hadde åpenberrt ein slik situasjon i tankane då han nytta karakteristikken ”landskadelige arbeids- eller bedriftskonflikter”. Andsynes eit trugsmål av slikt omfang og karakter, var det berre militære maktmiddel som dugde. Dei nærmere vilkår for å gå til eit slikt skritt, meinte imidlertid komiteen burde fastsetjast gjennom særskilde lover. Det er liten tvil om at det her var tenkt på noko som må karakteriserast som unntakslover.¹⁷

Komiteen såg det endeleg som mogeleg å styrke beredskapen mot indre uro gjennom å etablere eit friviljug ordensvern, som ”alene (kan) tilkaldes til tjeneste under særlig vanskelige forhold i kommunen”.¹⁸ Rekrutteringsbasisen kunne vera bestemte organisasjoner eller foreiningar på staden, men og kommunen si befolkning ålement, som kunne mobiliserast gjennom offentlege kunngjeringar. Organisering og leiing skulle politiet ha ansvaret for.

Det er imidlertid ikkje vanskeleg å sjå at ein slik ordensvernstyrke mobilisert i ein akutt konfliktsituasjon lett ville få preg av, og verta oppfatta som, ein borgargarde, med det dilemma som var knytt til det: ein aktør med klåre partsinteresser, og med provoserande verknad.

Innstillinga frå Politilovkomiteen syner eit sentralt dilemma når det gjaldt korleis styremaktene skulle møte indre uro. Militær maktbruk kunne nok vera effektivt for å stoppe eit konkret utbrot av indre uro eller å hindre eit mogeleg utbrot, men det var vel så truleg at slik maktbruk hadde ein konflikteskalerande verknad. Problemet var at det i realiteten ikkje fanst eit alternativt apparat for befolkningskontroll ved (fåre for) meir omfattande uro. Sjølv om komiteen hadde som oppgåve å styrke den ikkje-militære delen av beredskapsapparatet både når det gjaldt leiing, kommandoliner og på det operative styrkeplan, vart dette vurdert som langt frå tilstrekkeleg om ein slik situasjon skulle inntreffe.

Dilemmaet vart synleggjort same året som komiteen leverte si innstilling, i 1914. Staden var Rjukan, og situasjonen oppsto i samband med 17. mai-markeringa.

¹⁶ St.ford .3b, 1920, s. 252.

¹⁷ Same stad, s. 253.

¹⁸ Same stad, s. 256.

3. Rjukan 1914: Militær maktbruk.

Rjukan veks fram som ein betydeleg industristad etter at det vart mogeleg å nytte elektrisk kraft som innsatsfaktor i prosessindustrien frå byrjinga av 1900-talet. Ved Vemork og Såheim vart dei største kraftstasjonane i verda bygde, og ved Såheimanlegga aleine var bortimot 4000 arbeidarar sysselsette på det meste. I 1907 budde det kring 50 familiar på Rjukan, medan innbyggjartalet i 1916 hadde vekse til kring 10 000. Dette var på storleik med ein relativt stor norsk by.¹⁹ Rjukan var ein av fleire liknande stader, slik at den store konsentrasjonen av arbeidarar representerte ei endring som innebar nokså vesentlege implikasjoner, m.a.o. ei utvikling som inneheldt mogeleg sosialt og politisk sprengstoff.

17. mai 1814 tok ein stor del av arbeidarane del i markeringa av dagen med anti-militaristiske parolar. Anti-militarisme var eit sentralt tema innan arbeidarrørsla internasjonalt, og eit kjernekjarpunkt var at militærvæsenet var ”et vaaben i den utbyttende klassears hånd, hvorved den beskytter sine interesser og underkuer arbeiderne”.²⁰ På Internasjonalen sin fyrste kongress i Paris i 1889 vart militarismen gjeven denne karakteristikken:”---- den stående hær betyr en fare for demokratiet og er et militært uttrykk for et monarkisk, oligarkisk eller kapitalistisk maktvelde og et middel til sosial undertrykkelse”.²¹ I denne framstillinga var militærvæsenet det framste uttrykket for det borgarlege maktapparatet. Det splitta på same tid som det undertrykte arbeidarklassen.

Dette prinsipielle synet hadde og betydeleg oppslutnad innan arbeidarrørsla i Noreg. Såleis inneheldt programmet til Den socialdemokratiske forening, vedteke i 1885, eit punkt om oppretting av ”folkevern istedenfor det nuværende militærsystemet”.²² Og i 1891 programfesta Arbeidarpartiet:” militarismens avskaffelse og indførelse av almindelig folkevæbning”.²³

¹⁹ Hodne, s. 345.

²⁰ Opprop med tittel ”Soldater og matroser i vaabenkjolen”, frå JDA/ RA, pakke ”Den revolusjonære bevegelse i Norge I”.

²¹ Arbeidernes Leksikon, bd. I, s. 10.

²² *Norsk sosialisme i dokumenter*, s. 24. At militærspørsmålet kom til å bidra til eit skisma innan arbeidarrørsla, er ei problemstilling som fell utanføre rammene for denne undersøkjinga.

²³ Same stad, s. 29.

17. mai 1914 vart parola ”Militarismens avskaffelse” fremja på Rjukan. Det anti-militaristiske innhaldet vekte reaksjonar, og det oppsto ein konfliktsituasjon. Det vart nedlagt forbod mot parola, og politiet vart sett inn for å handheve forbodet. Etter tumulter og slagsmål vart elleve personar arresterte.

Dette utgjorde imidlertid berre opptakten til fleire og meir omfattande konfrontasjonar. Etter arrestasjonane samla arbeidarane seg i Folkets Hus, noko som gjorde at styremaktene frykta at det vart førebudd ein større aksjon. Rykter spreidde seg om at arbeidarane ville storma politihuset for å få dei arresterte sette fri. Politimeisteren ba først om politiforsterkningar frå hovudstaden, deretter vende han seg til Forsvarsdepartementet for militær assistanse (50 mann). Departementet reagerte med å sende 2. brigade av underoffiserskulen sin avgangsklasse. Avreisa gjekk føre seg i løynd, og telefonsambandet mellom Rjukan og omverda vart brote.

Kvífor handla styremaktene slik dei gjorde ved dette høvet?

Det fanst åpenberrt ei frykt for at situasjonen skulle utarta og såleis koma ut av kontroll, slik justisminister Lars Abrahamsen ga uttrykk for i ei orientering i Stortinget.²⁴ Han ga utrykk for frykt for at det kunne koma til ein omfattande konfrontasjon mellom arbeidarbefolkinga på eine sida og borgarar og borgarvenlege på andre. ”Stedets borgere” hadde oppfatta parola som ein provokasjon. Det fanst vidare ei sterk forsvarsforeining på Rjukan. Eit tredje moment han nemnde var at det fanst mange ”urolige elementer” blant anleggsarbeidarane.

I dette låg det eit så alvorleg konfliktpotensiale at og dei sentrale styremaktene fann det naudsynt å mobilisere for å ta kontroll over situasjonen.

Statsråden kjem og inn på det liberale dilemma reaksjon kontra revolusjon.

”Personlig mener jeg man må være varlig med sømmelige demonstrasjoner av annerledes tenkende. () Vi må på den ene side vakte oss for reaksjonens malstrøm, men på den anden side også stå på vagt mot revolusjonens utskeielser”.²⁵

Styremaktene sin handlemåte på Rjukan dreia seg og om kva grenser som skulle gjelde i høve til revolusjonær propaganda (noko som imidlertid neppe kan sjåast isolert frå den aktuelle situasjonen, det fanst rom for ei situasjonsbettinga handheving av lovane). Justisministeren

²⁴ St. forh. 7b 1914, s. 2118. Saka vart teken opp av Arbeidarparti-representanten Bonnevie, som krevde ei forklaring på handlemåten frå regjeringa.

²⁵ Same stad, s. 2118.

hadde karakterisert arbeidarane si markering som ”en revolusjonær utskeielse”. Dermed fanst grunnlag for forbod, i statsrettsleg og juridisk forstand. Han drog parallel til eit liknande tilfelle frå Kirkenes i 1908. Då vart parola ”Op til kamp. Vi er i fiendens land. Vi tinger ei. Vor ret vi tar” forboden, fordi dette var ”en revolusjonær fane”.²⁶

Stortingsrepresentant Wollert Konow (H) sine utsegner fell i same retning: ”JD har truffet den rette linje. Dette er et tog hvor der blev båret faner som var forbudt. Det var et ulovlig tog”.²⁷

Høgrerepresentanten sin bodskap her var klårt nok å markere ei grense for opposisjon og motstand.

Så vart det samstundes frå Stortinget sin talarstol av venstre-representanten Johan Castberg og høgre-representanten Edvard Hagerup-Bull peika på at Noreg mangla eit statspoliti for slike høve. Det var primært ei oppgåve for det sivile ordensvern å ta seg av slik form for uro.

Styremaktene oppfatta situasjonen som oppsto på Rjukan i 1914 som ei hending med trugsmålspotensiale. Staden hadde ein stor arbeitarbefolkning, som dels besto av det som vart karakterisert som ”ustrukturerte” element. I dette låg at han lett kunne utvikle ein revolusjonær mentalitet, og såleis fremje revolusjonære haldningar og aksjonsformer. I så måte fell han utanføre det etablerte politiske systemet sine akseptable rammer. Rjukan var dessutan ein av fleire liknande industristader som var etablerte sidan århundreskiftet, og som representerte eit nytt strukturelt trekk ved den sosiale og politiske situasjonen i Noreg. Dermed vart det større dimensjonar over hendingane enn berre eit isolert Rjukan-fenomen. Eit scenario med ein borgarkrigsliknande tilstand som attpåtil hadde eit revolusjonært perspektiv over seg var for risikabelt. Styremaktene måtte hevde sin autoritet og legitimitet. Difor vart militære styrkar sette inn.

Men også meir etablerte aktørar fekk styremaktene til å føreta trugsmålsvurderingar og leggje planar for mobilisering mot mogeleg indre uro. Dette skal neste avsnitt handle om.

²⁶ Same stad, s. 2240.

²⁷ Same stad, s. 2255.

4. Om noget skulde komme på....

23. til 26. mars 1914 heldt Arbeidernes Faglige Landsorganisasjon (LO) ekstraordinær kongress. Bakgrunnen var initiativ som var gjort av Venstre-regjeringa, som var kome til makta i 1912, for å få gjennomført eit lovframlegg om tvungen valdgift. Føremålet med kongressen var å få til vedtak med sikte på å hindre dette, som frå LO-hald vart oppfatta som eit trugsmål. I 1913 hadde ei sams oppmoding frå LO og Norsk Arbeidsgiverforening (NAF) ført til at spørsmålet om å innføre tvungen valdgift vart utsett i Stortinget. Etter at nye arbeidskonfliktar inntraff i 1914, m.a. med proklamasjon av lockout frå arbeidsgjevarforeninga, vart imidlertid valdgiftsspørsmålet aktualisert att. Fagkongressen i LO vedtok streik om regjeringa freista gjennomføra framlegget.²⁸ Med dette signaliserte fagorganisasjonen at han ville mobilisere til kamp mot tvungen valdgift, og altså ta i bruk maktmiddel for dette føremålet.

På bakgrunn av ei slik mogeleg utvikling vart det, truleg frå Forsvarsdepartementet si side, utarbeidd eit skriv, ”P.M. angaaende storstreiken”.²⁹ Skrivet er udatert, men referansane peikar mot 1915.³⁰ Propositionen om tvungen valdgift skulle handsamast i Stortinget 10. mai det året. PMet gir eit visst innblikk i korleis styremaktene tenkte seg ein streikesituasjon og korleis han skulle møtast.

Skrivet opnar med å gje til kjenne uvisse m.o.p. karakteren av den motstand som ville ligge i ein streikeaksjon. Streika kunne ha det avgrensa og i så måte moderate siktemålet å markere arbeidarrørsla sin posisjon. Altrnativt kunne ein meir bastant maktambisjon ligge bak: å tvinge styremaktene til retrett.

Eit anna moment som skapte uvisse var at arbeidsgjevarforeninga og landsorganisasjonen i sak var samde, slik at konfliktlinene framsto som uvanlege. Staten kunne koma til å føra ein einsam kamp, utan dei tradisjonelle borgarlege medspelarar m.a. innan politikk og presse. Den offentlege opinion som vanlegvis hadde vore på styremaktene si side i tilsvarende situasjoner, kunne berre i mindre grad reknast med her, kanskje ikkje i det heile teke. Dette kunne framstå som eit større trugsmål enn om meir tradisjonelle konfliktliner var gjeldande.

²⁸ Ousland, bd. I, s. 502.

²⁹ FDA/RA, pk. 3261..

³⁰ Også Agøy held det for mest truleg at skrivet daterer seg frå 1915. Agøy 1997, s. 38.

Om trugsmålsbilètet såleis framsto som meir komplisert, var det tradisjonelle fiendebilètet framleis aktuell, slik det vart uttrykt i PMet:

”Man kan dog ikke se bort fra, at arbeiderne - hvis det først kommer til optøier – vistnok ogsaa vil la det gaa utover sine vanlige motstandere, arbeidsherrene, om ikke av anden grund, saa for paa den maate indirekte at ramme samfundet og statsmagterne”.³¹

For Venstre-regjeringa var det imidlertid av stor betydning å få gjennomført tvungen valdgift. Dette var sett som ein viktig reiskap som kunne gjera det mogeleg å få betre kontroll over det som vart karakterisert som samfunnsskadelege arbeidskonfliktar.

I PMet vart det teke til orde for omfattande mobiliseringstiltak. Det gjaldt samfunnsmesseg strategisk viktige verksemder og infrastruktur (betydningsfulle industribedrifter og bankar, transport, vatn- og elektrisitetsforsyning), samt våpen- og sprengstofflager. I tillegg måtte militære mannskap vera budde på å utføra streikebrytarverksem, sjølv om det her vart tilrådd å opptre med varsemd fordi, som det vart uttrykt, ”intet er mer skikket til at gjøre forsvarsvesenet upopulært (jfr. maskiniststreiken)”.³²

PMet opererer ikkje med noko skilje mellom sikringsvern og ordensvern. All militær innsats var kategorisert som ordensvern, noko som må sjåast som uttrykk for mindre grad av differensiering når det gjaldt opgåvane og funksjonane til den operative beredskapen.

Militære styrkar skulle mobiliserast etter ein tre-trinns plan. Dei lettast mobiliserbare, garnisonsavdelingane, kom i fyrste rekke. Om dette ikkje viste seg tilstrekkeleg, sto øvingsavdelingane på mobiliseringsplanen. Tredje trinn var å føreta ekstraordinær mobilisering. Dette kunne gjerast t.d. ved å framkunda tidspunktet for våpenøvingane, slik at større styrkar enn ordinært var inne til øving.

Fleire stader vart peika ut til å ha utilstrekkeleg ordensberedskap i høve til trugsmålsnivået. Det gjaldt byane Kristiania, Stavanger og Trondheim, samt industristadene Rjukan, Sulitjelma

³¹ Same stad, s.2.

³² Same stad, s. 4. Maskiniststreika gjekk føre seg i 1912 og var ei streik blant maskinisttilsette i kyst-skipsfarten. Militære styrkar vart sette inn for å halde det som vart kalla livsviktig transport i gong, noko som vekte harme og forbiring hjå dei streikande.

og Kirkenes. ”Ingen av disse steder har det fornødne ordensvern om noget skulde komme på”.³³ Dei tre fyrste var jo større byar dei tre sistnemnde dreier seg om typiske industristader. Så kan det spekulerast i om dette var stader der trugsmålsnivået faktisk var særleg høgt, eller om det dreier seg om særlege problem med beredskapsapparatet som gjorde at det framsto som så utilstrekkeleg at det var naudsynt med særlege tiltak for mobilisering. Det skal merkjast at Bergen manglar i den nemnde rekka av dei mest trugsmålsutsette stader.

Ei mobilisering av det omfang og den karakter det her vart lagt opp til, gjorde at spørsmålet om lojalitet vart reist. Kunne styremaktene stole på dei utkalla styrkane? Kor utbreidd ville sympatiene med streikande arbeidarar vera? For å bøte på denne uvissa, vart det sett opp retningsliner med sikte på å unngå militære mannskap med idustriarbeidarbakgrunn:

”Som militært ordensvern anvendes – fraset de garnisonerede avdelinger – om mulig altid avdelinger fra andre steder enn bevoegningsstedet (og fortrinnsvis avdelinger fra rene bondedistrikter”).³⁴

Ein slik ”bondehær” ville utan tvil ha ført til auka polarisering mellom grupper som alt til tider framsto i ein nokså polarisert relasjon, her med styremaktene som faktiske pådrivarar.

Denne form for mobilisering med sikte på å sikre lojale styrkar ga seg slike utslag at som ordensvern i Kristiania vart to eskadronar av opplandske regiment, Hallingdals bataljon, beredskapsmobilisert. I Stavanger skulle den ekstraordinære ordensvernstyrken bestå av mannskapsstyrkar frå Jæren. Slik ville styremaktene unngå den situasjonen at arbeidar vart utkommandert mot arbeidar, med sympatiar og lojalitetsband som vende seg mot styremaktene.

Agøy skriv at det som skil dei militære ordensvernplanane frå 1915 frå planane lagde i 1918 var at avdelingane frå 1918 var oppsette av ”pålitelege” mannskap. Men å setje opp slike reine ”bondeavdelingar” representerer og ei form for utsiling, sjølv om dette vart gjordt på eit

³³ Same stad, s. 5.

³⁴ Same stad, s.8.

heilt anna planmesseg og systematisk nivå frå 1918. I prinsippet dreia det seg imidlertid om det same.³⁵

Det vart stilt som ein føresetnad at eventuelle militære forflytningar ikkje måtte føre til ei vesentleg svekking av nøytralitetsvernet.

Av PMet går det fram at styremaktene i 1915 frykta førelaupet og konsekvensane av ei storstreik. Det herska uvisse m.o.p. karakteren til ei slik mogeleg streik. Det var frykt for at ei streik kunne utvikle seg i retning av ein ukontrollerbar situasjon. Og dette skjedde, litt paradoksalt, på bakgrunn av eit utspele frå styremaktene som nettopp hadde som siktemål meir statleg kontroll i høve til mogelege arbeidskonfliktar.

Det fanst ikkje noko alternativ til militær mobilisering, sjølv om dette hadde problematiske sider. To ”krav” skulle oppfyllast. Den militære mobiliseringa måtte ikkje virke provoserande,m.a.o. så måtte den militære profilen ikkje vera (for) dominerande, slik at det var mogeleg å unngå konfrontasjon. På andre sida måtte ho vera massiv nok slik at ein eventuell motstand kunne slåast attende, eller framstå som så massiv at einkvar motstand tyktest nyttelaus. Dette strategiske dilemmaet oppsto på bakgrunn av staten sin relasjon, eller relasjonelle posisjon, i høve til dei aktuelle aktørane som opererte i den relevante kontekst.

Teknisk fanst ei mogeleg løysning i måten det vart mobilisert på, eller i mobiliseringsprosedyren.

Militære mannskap i meir omfattande arbeidskonfliktar vart vurdert som uunngåeleg, men samstundes problematisk.

Neste avsnitt skal gå nærare inn på ein type aktivitet som vart oppfatta som svært problematisk. Det dreier seg om det som frå arbeidarhald vart karakterisert som streikebrytarverksemnd.

³⁵ Agøy 1997, s. 38.

5. Militær drift av transportsektoren.

Ovanføre vart det vist at det i samband med mogeleg storstreik og vart vurdert som aktuelt å nytte militære som erstatning for arbeidarar i streik. Dei mest omfattande og gjennomarbeidde planane for dette som er kjende, var dei som vart utarbeidde for transportsektoren, først og framst jernbanen og (i noko mindre grad) kystskipstrafikken, samfunnet sine livsårer.

Samanbrot her kunne få vidtfemnande fylgjer. I dette avsnittet skal det gåast nærmare inn på arbeidet med desse planane i åra 1915 – 1917.

Skepsisen og reservasjonane hjå styremaktene når det gjaldt denne type bruk av militære var kanskje ennå større enn til ordensvernoppdrag. Eit PM frå Kommanderande Admiral, ”Angaaende Marinens overtakelse av en del av kysttrafikken under streik”, illustrerer skepsisen.

”Det vil alltid være betenklig å anvende militære mannskap til å utføre streikendes arbeide, og det ikke mindst når de militære er tilhørende samme klasse av arbeidere som de streikende og sandsynligvis delvis er medlemmer av vedkommende fagforening. Jeg vil derfor fremholde at en indgripen fra Marinens side ikke bør finne sted uten som et nødmiddel for at hevde viktige lands- og statsinteresser.”³⁶

Det vart halde fram at dette var noko det burde sokjast semje med streikeleiinga om:

”For sterkt å betone at landshensyn nødvendiggjør de ruter som i tilfelle bestemmes opprettholdt ved Marinens personell, buede det være hensiktmessig at der forinnen saken endelig iverksettes av staten, blev henstillet til streikeledelsen å bevirke at mannskap på almindelig måte blir avgitt til disse ruter som regjeringen finner må holdes i gang av hensyn til samfundets trivsel”.³⁷

³⁶ FDA/RA, pk. 5952.

³⁷ Same skriv.

Øvstkommanderande for sjøstridskreftene uttrykte ikkje berre reservasjon mot å nytte militære styrkar i noko som kunne oppfattast som streikebrytaroppdrag. Han tok og til orde for å oppnå aksept hjå streikeleiinga for at det var naudsynt å oppretthalde ein viss transportaktivitet ved å appellere til eit sams, overordna samfunnsansvar.

I mai 1915 vart det imidlertid frå departementshald teke steg med sikt på å etablere ein fastare organisasjon for militær innsats under streik i samfunnviktige verksemder som kommunikasjon og transport, lys- og reinhaldsverk, bakeri m.m.³⁸

Utanriksdepartementet vart bede om å undersøkje om det i andre land, Sverige, Danmark, Tyskland, Frankrike og England vart nemnde, fanst heimel for bruk av militære med særskilde faglege kvalifikasjonar. Ikkje i nokon av desse landa fanst slik heimel, ifylgje opplysningane departementet hadde henta inn. Haldninga og praksisen hjå styremaktene når det gjaldt bruk av militære i ein streikesituasjon varierte imidlertid mellom landa. I Sverige var det eit politisk stridsspørsmål korvidt det over hovudet skulle vera mogeleg å nytta militærapparatet i ein indre konflikt.³⁹ I England derimot, der det ikkje fanst verneplikt, stillde problemet seg i utgangspunktet annleis. Landet var dessutan i krig, med skjerpa krav til ”nasjonal disiplin og oppofring” Interne konfliktar i ein slik situasjon var nærmest utålelege, og eit krav om tvungen ”national service” vart reist med aukande tyngd.

”Dermed mener man ikke bare den egentlige militære tjeneste. () Men det er i de store nationale industrier, der hardt savnes en militær myndighet”.⁴⁰

Regjeringa hadde med dette fått eit visst grunnlag for samanlikning med andre land. Det kunne konkluderast med at vurdeingar og praksis nok varierte, men at det ikkje fanst døme på juridisk heimel for å nytte militære mannskap i verksemder som var råka av streik, uansett kor samfunnsmesseg viktige dei var vurdert å vera. I så måte kunne det ikkje byggjast på erfaringar frå andre land.

Frå 1916 vart innsatsen på dette området intensivert. I november 1915 ba arbeidsministeren forsvarsministeren om ei utgreiing om det militær-juridiske aspektet ved å kalle inn jernbane-personell gjennom militære kanalar under eventuell generalstreik. Forsvarsministeren svara 2.

³⁸ FDA/RA, jnr. 1302/16.3

³⁹ Rapportane UD baserte seg på var laga av legasjonane i dei respektive landa.

⁴⁰ FDA/RA, jnr. 1302/16.3. England hadde dessutan si ”The Defense of the Realm Act”, som, etter utsegner frå ”en høierestaaende embedsmand” til ein representant for den norske legasjonen i London, ga styremaktene løyve ”to do anything they want to do”, også å tvinge streikande til arbeid.

mai, og påpeika her fråveret av ei lov som opna for slik praksis. Han var likevel av den oppfatning, ved og å vise til det krigsherja Europa, at det måtte vera høve til å sikre naudsynte militære transportbehov ved militært beordra personell. Han skisserte ei ordning som var tenkt praktisert under truande høve, komen fram til i samråd med Generalstaben. Etter denne skulle drifta av jernbanen ligge under militær leiing, og det militære personellet, i hovudsak vernepliktige jernbanefunksjonærar, skulle organiserast i avdelingar med militær sjef. Tenesteinkallinga var å oppfatte som ei militær beording, og det skulle praktiserast ei enkel uniformering.⁴¹

Dette var i skissemesseg form det system for militær jernbanedrift som vart planlagt etablert frå mai 1916. Det var ei ordning som i juridisk forstand var omfatta av klåre restriksjonar, men må likevel kunna karakteriserast som eit stort steg i retning ei militarisering av jernbanedrifta under tilhøve der indre uro trua.

Generaldirektøren for Norges Statsbaner var ikkje nøgd med ordninga, noko han ga uttrykk for i eit skriv til Arbeidsdepartementet 18. mai.⁴² Her tok han til orde for at ordninga med militær jernbanedrift vart utvida til og å gjelde slike tilfelle ”som er nødvendige til betryggelse av de store stats- og samfundsinteresser for øvrig, som knytter sig til at ikke statens samtlige jernbaner på et givet tidspunkt ophører at funksjonere”. Generaldirektøren uttrykte samstundes ynskje om at forsvarsministeren tok initiativ til å utarbeide meir utførlige planar for militær drift av jernbanen under særlege høve, slik han førøvrig hadde vore inne på 2. mai.

22. mai formidla Arbeidsdepartementet innhaldet i skrivet frå jernbaneleiinga vidare til Forsvarsdepartementet. Med referanse til den europeiske krigsarenaen ba statsråden om ei nærare utgreiing m.o.p. korvidt staten hadde løyve til å sikre oppretthalde transportverksemd som ikkje berre var av reint militær betydning, men også andre transportbehov som ikkje vart dekka grunna krigstilstanden, t.d. matforsyning.⁴³

Bakgrunnen for arbeidsministeren sitt initiativ var imidlertid ikkje krigen, men ei mogeleg generalstreik og kva sikringstiltak styremaktene kunne møte ein slik eventuell situasjon med. Trugsmålet besto i dette tilfellet i samanbrot for samfunnsmesseg viktig transport. Samanbrot i denne kunne igjen føre med seg ein kaotisk og kritisk situasjon.

⁴¹ GSA/RA, pk.140, omslag 9488.

⁴² FDA/RA, pk. 3261.

⁴³ GSA/RA, pk.140.

Truleg var statsråden ute i eit tosidig ærend. Han ynskte å få klårlagt uttrykket ”samfunnsmesseg naudsynte behov”, åpenberrt med sikte på å inkludere i betydninga behov som ikkje var av direkte militær art. Men han ynskte nok og at styremaktene hadde høve til å disponere militære styrkar under ein indre konfliktsituasjon i same utstrekning som under ein krigstilstand., noko det på dette tidspunkt ikkje fanst lovleg heimel for.

9. juni 1916 var det eit møte i Generalstaben som truleg hadde som siktemål å kome vidare i retning å få etablert ein beredskap for militær drift av jernbanen, eventuelt og andre transportverksemder, ved streik og liknande tilstandar.

Forutan sentrale aktørar frå ordensapparatet (FD og JD samt AD), var generaldirektøren for statsbanane, trafikkdirektøren og generaladvokaten til stades. Utkomet av møtet vart ei skisse til ordning som skulle handsamast av leiinga for statsbanen. Eitt år seinare, gjennom eit skriv retta til Generalstaben datert 5.juni 1917, kom reaksjonen frå generaldirektør Broch. Han uttrykte misnøye med den skisserte ordninga.⁴⁴ Hovudinnvendinga hans dreia seg om at jernbanefunksjonærane etter framlegg skulle høyra til sine respektive ordinære militæravdelingar. Dette var ei ordning som ville innebere ei så seindrektilig mobilisering at jernbanedrifta i ein kanskje avgjerande fase ville vera hemma eller i verste fall heilt ute av drift.

Generaldirektøren tok difor til orde for permanente militære jernbaneavdelingar (noko for øvrig Generalstaben på møtet i 1916 hadde gjordt framlegg om, men ikkje vunne fram med). I tillegg til den mobiliseringsmessege vinsten, framheva han dei trenings- og utdanningsmessege føremonene ved ei slik permanent ordning.

Generalstaben opererte med eit meir heilskalege perspektiv, der det vart aktuelt med krigsmobilisering samstundes som det som fylgje av streik var total stans i jernbanedrifta. Ved ei provisorisk ordning ville befalet som var kalla ut til å sikre militær drift av jernbanen då måtte vende attende til sine respektive militære avdelingar. Det var ein absolutt føresetnad at ei ordning med militær jernbanedrift ikkje måtte føre til svekkjing av nøytralitetsvernet eller forsvarskapasiteten i tilfelle krig. Utan befal var imidlertid ei slik ordning neppe særleg verd.

Generalstaben gjekk likevel, saman med generaldirektøren for NSB, inn for ei ordning med permanente militære jernbaneavdelingar.

⁴⁴ Same stad.

Ei ordning med å nytte militære mannskap som arbeidskraft under særskilde høve stillde krav om legalitet, at ho var tufta på eit juridisk rammeverk. Med dette siktemål vart det våren og sommaren 1917 vetekne to lover.⁴⁵ Den eine, vedteken 23. mars, bar tittelen ”Om pligt for vernepliktig til at utføre civilt arbeide”. Lova tok primært sikte på å sikre tilførsle av forsyningar som brensel og mat om denne svikta eller var trua. Militære som vart sette inn i slik teneste, sto ikkje under militær kommando, men var underlagt den ordinære leiinga for den aktuelle verksemda.

Den andre lova vart vedteken 22. juni, og hadde som tittel ”Om anvendelse av militære avdelinger og tjenestehester til civilt arbeide”. Ho skillde seg frå den fyrste vesentleg når det gjaldt kommandolinene. Dei som vart mobiliserte med heimel i denne lova sto under militær kommando, slik at ho i større grad opna for militær innblanding ved eventuell konflikt. Dei to lovane kan og sjåast som kompletterande, men det sentrale er her at styremaktene hadde etablert (klårare) juridisk dekning for at militære kunne nyttast i arbeidsutførande operasjonar ved arbeidsstans o.l.

Sommaren 1917 vart spørsmålet om militær jernbanedrift aktualisert. Styremaktene frykta då storkonflikt etter at det frå jernbanepersonalet var varsla omfattande oppseingar frå 1. september. Dette påskunda planane for alternativ drift av jernbanen ved krisesituasjonar.

3. juli vende Arbeidsdepartementet seg til Forsvarsdepartementet og ba om ei utgreiing av dei spørsmåla dei to departementa hadde teke opp i korrespondansen i mai året føre.⁴⁶ Sentralt sto ei vurdering i lys av dei nye lovane. Arbeidsministeren ba forsvarsministeren om at det vart utarbeidd ein plan for militær drift av jernbanen under særskilde høve. Dette måtte skje under streng konfidensialitet.

Svaret frå Forsvarsdepartementet, datert 10. juli, inneholdt ei prinsipiell vurdering av dei to lovane. Denne syner at formuleringane i lovparagrafane ga rom for ulike tolkingsalternativ, som opna for romsleg bruk av lovane. Som det hadde gått fram av tidlegare korrespondanse, m.a. av Forsvarsdepartementet sitt skriv 2. mai 1916, ga og vernepliktslova eit visst høve til å drive jernbanen med militære mannskap.

”Saken er imidlertid etter vedtagelsen av de midlertidige lover () kommet i en anden stilling end den, hvori den var ved avgivelsen av min uttalelse av 2. mai f.å. De to love er nærmest

⁴⁵ FDA/RA, pk.3261, jnr. 1780/17. 3

⁴⁶ GSA/RA, pk. 140, omslag 4486, GS jnr. 2974/17

utfærdiget av hensyn til landets forsyning med bræsel og for at aapne adgang til at skaffe jordbruks arbeidskraft ved hjelp av vernepligtige; men de antages at give staten en ganske vid adgang til at ty til militærvesenets assistance under opstaaede eller truende vanskeligheter ogsaa for den indenlandske samferdsel og paa andre omraader”.⁴⁷

Skrivet stadfestar at det var lova av 22. juni som opna for størst variasjon m.o.p. grunnlaget for bruk av militær innsats. Departementet peika såleis på at vilkåret for å gjera bruk av lova var at ”viktige samfundsinteresser gjør det nødvendig”. Eit slikt formulert vilkår gjorde det mogeleg å nytte lova i så ulike situasjonar som ved naturkatastrofer, i krig, eller under indre uro av ulik art.

Lova av 23. mars inneholdt ein klårare spesifikasjon av når ho kunne nyttast. Vilkåret som var sett var at ”vedhugst, jordarbeide m.v. () findes nødvendig for at sikre og ordne landets forsyning med livsfornødenheter”.

Begge lovene kunne nyttast berre etter vedtak ved særskild kongeleg resolusjon.

Det skal og peikast på at Forsvarsdepartementet med lova av 22. juni opna for ein praksis med selektiv oppsetjing av militære avdelingar. Bak formuleringa ”man kan utta de folk, som ansees mest skikket til at utføre vedkommende arbeide” treng ikkje skjule seg anna mening enn at dei mannskap som var best eigna, t.d. gjennom fysisk og erfaringsmesseg kapasitet, skulle plukkast ut. Formuleringa opnar imidlertid også for seleksjon etter sympati- og motivasjonsbestemte kriterier.

Uansett intensjon står att det faktum at lova av 22. juni ga høve til å plukka ut spesielle mannskap til denne type operasjonar, og at ”der av de uttagne opsættes og disponeres avdelinger etter behovet uten at man er bundet til de ellers gjeldende militære organisationsplaner”.⁴⁸

Etter departementet si utlegning av lova, vart det opna for særskilt utplukka avdelingar, sette opp etter situasjonsbestemte kriterier.

Med dette var det vidare initiativ og ansvar for å få etablert ein organisasjon for militær jernbanedrift plassert hjå den øvste militærleiinga. Same dato som dette brevet vart sendt, vart KG beden om å ”la utarbeide en plan for en eventuell drift av jernbanen ved militær

⁴⁷ Same stad, FD jnr. 1955 / 17.

⁴⁸ Same skriv.

innkalling av jernbanens tjenestemenn, eller i tilfelle andre tjenestepligtige".⁴⁹ Planen skulle utarbeidast saman med generaldirektøren for statsbanane. I påteikning frå KG 11. juli vart GS gitt i oppdrag å utarbeide ein plan for "militær drift av statens jernbaner under særlege forhold".

26. juli presenterte GS sitt framlegg til provisorisk ordning for KG. Innleiigvis vart det gitt ein kort historikk, samt markert prinsipielle syn på to spørsmål. Det gjaldt spørsmålet om provisoriske eller permanente militære jernbaneavdelingar, og det gjaldt kva for ei lov som skulle gjelde for desse spesialavdelingane. Spørsmåla hang saman, og dreia seg om graden av militær leiing og kommando.⁵⁰

Framlegget passerte utan merknadar både Kommanderande General, Forsvarsdepartementet, og Arbeidsdepartementet, samt Hovedstyret for jernbanen.

Den 18. mars 1918 kunne GS sende skriv til 1.– 6. divisjon, samt Generalinspektøren og sjefen for Festningsartilleriet med tittel "Militær drift av statens jernbaner under særlege forhold".⁵¹ 27. juli fylgde eit skriv av vegleiande art, "Foreløpig orientering og direktiv for den militære distriktschef".⁵² Med dette var det sett eit sluttspunkt i prosessen som leia til etablering av ein organisasjon for militær jernbanedrift. Føremålet, slik det var uttrykt, var "til enhver tid å kunne sikre det militære behov for transporter, samt å holde den civile trafikk gående i størst mulig utstrekning".⁵³ Prosessen, frå dei fyrste sonderingar til ferdig utarbeidd plan, hadde teke kring tre år, frå sommaren 1915 våren 1918.

Streik utgjorde truleg for styremaktene det mest alvorlege trugsmålet mot indre ro og orden. Streik var eit realistisk trugsmål og kunne ha ein lammande verknad. Samstundes hadde streik eit overskridande potensiale når det gjaldt politisk og samfunnsmesseg sprengkraft. Ein streikesituasjon kunne bryte sine eigne utgongssrammer. Eit apparat for å "halde hjula i gong" kunne difor vera av avgjerande betydning for at ikkje etablerte samfunnsstrukturar skulle bryte saman og kaos breie seg. Militær jernbanedrift hadde dette perspektivet over seg.

⁴⁹ Same skriv.

⁵⁰ FDA/RA, pk. 3261, mrk. "Generalstreik". Dokumentet inkluderer og KG si påteikning datert 2. aug. 1917. KG jnr. 5146 / 17. For lova av 22. juni gjaldt den militære straffelova, noko som ikkje var tilfelle for lova av 23. mars.

⁵¹ Same stad, FDjnr. 0954 / 18.

⁵² GSA / RA, pk. 142.

⁵³ Same skriv.

6. Statspoliti.

Sørsmålet om å opprette ein særskild statleg politistyrke hadde, som vist ovanføre, vore oppe til drøfting i Politilovkomiteen. Det vart, som og vist, akualisert i samband med Rjukanaksjonen i 1914. Grunngjevinga var to-sidig. Det var eit poeng i det lengste å unngå militær innsats i ein indre konflikt. Eit nasjonalt forsvar skulle helst ikkje framstå som instrument for ein part i ein konfliktsituasjon, noko som kunne skjerpe konfliktnivået og gjera militæret upopulært i deler av folket. Samstundes var det ordinære politikorpset ikkje tilstrekkeleg til å meistre uro av eit visst omfang. Ein mobil, statleg politistyrke ville kunne mobiliserast til innsats der kjedet var veikast eller trøngen størst. Også på militært hald vart det tenkt i liknande banar.

I eit skriv til KG 20. des. 1915 tok GS til orde for at det burde opprettast eit statleg politivesen.⁵⁴ For det første meinte GS dette var ynskjeleg i den rådande krigssituasjonen, der oppgåva skulle bestå i å ”yde den fornødne assistance i de ofte vanskelige og ømtaalelige forhold, som vedrører overtrædelser av lov om forsvarshemmeligheter”. GS var tok såleis til orde for ein politiinstans med overvakingsmessege oppgåver.

Militærleiinga hadde imidlertid og ei anna grunngjeving, og peika på Politilovkomiteen si handsaming av spørsmålet.⁵⁵ Som tidlegare vist var problemet her eit godt rusta sivilt ordensvern mot indre uro.

Generalstaben, med tilslutnad frå Kommanderande General, sende via Forsvarsdepartementet skrivet til Justisdepartementet. Den militære toppliinga (ukommentert frå FD si side) tok til orde for at departementet bevilga dei naudsynte midla til å opprette eit statspoliti. Reaksjonen i Justisdepartementet kan tyde på at den militære toppliinga ikkje var heilt på høgd med den faktiske situasjonen. Skrivet vart teke til etterretning og føreslått arkivert med den grunngjeving at det i budsjettframlegget for 1916 alt var føreslått midlar avsette til ekstraordinær politihjelp ”i særlege tilfelle”.⁵⁶

⁵⁴ JDA/RA, pk. ”Den revolusjonære bevegelse i Norge”, pk 41, jnr. 050 / 16 A.

⁵⁵ Same skriv.

⁵⁶ JDA / RA, same stad som føregåande, ad. Jnr. 050 / 16 A.

Byråsjef Enevald Borch i Justisdepartementet markerte og ei viss usemje i høve til Generalstaben og Kommanderande General når det gjaldt funksjonsområdet til ein statspolitistyrke.

”Det statspoliti, hvortil der nu er ønsket bevilgning, skal jo egentlig tjene andre formaal, og vil neppe bli til nogen nytte for det formaal, som Generalstaben vil ha tilgodesett, idet der på de steder, hvor ”statspoliti” antagelig blir stationert, formentlig foregaar en nogenlunde effektiv kontrol”.⁵⁷

Byråsjefen set her statspoliti i hermeteikn. Sett saman med den øvrige reaksjonen frå Justisdepartementet, er det truleg at det herska ein viss diskrepans mellom departementet og den militære leiinga når det gjaldt organiseringa av ein statleg politistyrke samt kva funksjonsområde og operative oppgåver han skulle ha.

Justisdepartementet sitt framlegg til løyving av midlar til ekstraordinær politihjelp vart vedteke i Stortinget.

Dei første ”statspolitiovereinskomstane” vart inngått i tidsrommet november 1916 til januar 1917, først for dei største bykommunane sitt vedkomande. Seinare vart slike kontraktar gjort gjeldande for dei fleste større politidistrikta.⁵⁸ Oppgåva til denne styrken var i all hovudsak å bidre til å handheva ro og orden. Dette omfatta alt som avveik frå eit fredeleg gatebilete, alt forstyrrende som kunne kallast uro, frå lausgjengeri til opprør.

Den etablerte statspolitistyrken besto av to greiner, der den ein skulle vera disponibel for ordenspolitiet ”til hvilket som helst sted i landet, og alene for kortere tid og på steder hvor det daværende faste politi er utilstrekkelig til at opretholde ordenen”.⁵⁹ Store styrken var ikkje dette. Staten disponerte på dette tidspunktet ein politistyrke på totalt 19 mann. I tillegg kom seks betjentar som kunne disponerast som oppdagelsespoliti ”til hjelp ved etterforskning av større forbrydelser, eller særlig vanskelige saker”.⁶⁰

Det viste seg imidlertid at det kunne by på problem å gjennomføre den etablerte ordninga med statspolitiovereinskomstar, utan at det oppsto motsetnadar mellom ulike involverte instansar.

⁵⁷ Same skriv.

⁵⁸ Likelydande skriv frå JD til amta f.o.m. Trondhjems amt og nordover, journalført 12. 03. 17, JDA / RA, pk.41.

⁵⁹ Same skriv.

⁶⁰ Same skriv.

Såleis søkte politimeisteren i Tromsø i september 1917 om midlar frå staten til oppretting av fire statspolitistillingar i byen. Tromsø inngjekk i den avtalen som fanst med Trondheim om ”ekstraordinær politihjelp i særlege tilfelle”, men det ville ta tre og eit halvt døgn føre forstekningane nådde Tromsø. Etter politimeisteren si oppfatning hadde byen for lite politi i høve til folketalet. Oppsto det uro, låg tilhøva därleg til rette for snarleg militær bistand. Politimeisteren argumenterte og med at Tromsø støtt hadde ein stor fiskeribefolking samla som det var påkrevd å ha under oppsyn og øve kontroll med. Ifylgje politimeisteren hadde bystyret ved fleire høve hindra at det vart løyvt midlar slik at politistyrken kunne aukast. Grunngjevinga var at politiet var upopulært.⁶¹

Stiftamtmannen tilrådde imidlertid ikkje at søknaden vart innfridd, grunngjeve med motviljen i bystyret. Han ville ikkje gå mot den rådande politiske stemninga der. Men han rådde til meir press mot bystyret for om mogeleg å få snudd denne.

Departementet måtte og konstatere at ordniga med statspolitiovereinskomstar ikkje fungerte heilt etter intensjonane. Det var ikkje uvanleg at eitt politidistrikt på førespurnad om bistand ga til svar at dei ikkje hadde politibetjentar å avsjå.

Så ved eventuell alvorleg uro ville dei inngåtte statspolitiovereinskomstane som fanst på dette tidspunktet knapt spela noko rolle. Det var eit godt stykke fram til den uro-styrken som delvis var tenkt å erstatte militær innsats ved indre uro.

7. Militær beredskap og mobilisering: Dyrtidsaksjonar og Spitzbergenkonflikten.

Som vist ovanføre, kom det frå fleire hald, også militært, til uttrykk eit ynskje om å halde ein låg militær profil i beredskapen mot indre uro. Dilemmaet var at om det oppsto uro, som ofte vart sett i perspektivet ”trugsmål mot samfunnsorden”, så fanst ingen veg utanom militære styrkar. Beredskap mot indre uro var i hovudsak militær beredskap (jfr. t.d. Rjukan-affären i 1914). Og ”indre uro” vart forbunde med nokså ulike fenomen og tilstandar.

⁶¹ Skriv frå Tromsø politimeisterembete til JD, dat. 24.09.17, JDA / RA, JDnr. 1021 / 17 A, pk.41

Dyrtidsaksjonane i 1917 vart sett og som eit mogeleg trugsmål mot ro og orden.⁶² Ved kornlagra rundt omkring i landet var det utplassert vakthald, dels av militær art. Sidan dette dreia seg om landet si matforsyning, gjorde den pågåande krigen at slikt vakthald vart ytterlegare aktualisert. Det var imidlertid ikkje berre krigssituasjonen og mogelege ytre fiendar som gjorde at vakthaldet ved kornmagasina vart funne naudsynt. Dette vart klårt uttrykt i eit skriv frå GS til KG frå november 1917. Bakgrunnen var eit skriv frå Provianteringsdepartementet frå oktober, der departementet, med tilslutnad frå provianteringsdirektøren, gjorde framlegg om at det vart sette i verk tiltak slik at alle kornlagra vart sette under militært vakthald.⁶³

Initiativet vart, ifylgje GS, grunngjeve med at ”forholdene nu er blitt så utrygge – der henvises til de mange ildebrande rundt om i landet – at det maa anses nødvendig at militær vagt indkalles til bevogtning og beskyttelse av lagrene”.⁶⁴ Det er rimeleg å sjå desse trugsmålsvurderingane frå styremakthald i lys av dyrtidsaksjonane.

GS uttrykte semje om situasjonsvurderinga, men kunne ikkje tilrå militært vakthald som lekk i den generelle beredskapen. Sett i samanheng med nøytralitetsvernet, ville ei slik ordning utgjere ei for stor belastning på militærapparatet. GS gjekk inn for sivilt vakthald, men der militære styrkar kom inn i biletet om det oppsto ein meir kritisk situasjon, og her vart dyrtidsopptøyen nemnt eksplisitt.

Eit anna teikn på at den militære beredskapen vart trappa opp utover hausten 1917, er fleire, omrent likelydande telegram frå KG til distriktskommandoane. Avvik i innhald må tilskrivast variasjonar i dei lokale tilhøva i dei einskilde distrikta. Såleis mottok distriktskommandoen i Bergen fylgjande ordre: ”Alle opsynsmænd ved magasiner og lignende bevæbnas og instrueres i vaabnenes bruk snarest, hvis ikke vedkommende magasin paa anden maate er bevogtet av væbnet vagt”.⁶⁵

I Harstad mottok distriktskommandoen telegram med denne ordlyden: ”De civile folk som har opsyn med militæretatens lagre av proviant og furage utenfor ekserserpladsene, skal

⁶² Om dyrtidsaksjonane, sjå m.a. Furre, 1999, s. 43 – 46, og Kjeldstadli, 1996 (2000), s. 111.

⁶³ Referert i skriv frå GS til KG, ”Bevogtning av provianteringslagre”, FDA / RA, pk. 4626.

⁶⁴ Same stad.

⁶⁵ Gjenpart av telegram frå KG til dk-ane, datert 06.11.17, GSA / RA, pk. 65.

bevæbnes og instrueres i vaabnenes brug”.⁶⁶ Distriktskommandoen i Trondheim fekk telegrafisk ordre om å etablere militært vakthald på Ågård militære lager.

Samstundes med at det gjekk føre seg ei viss opptrapping av den militære beredskapen i høve til ”indre fiendar”, var det aktuelt med nedtrapping når det gjaldt nøytralitetsvernet. I samband med dette hadde Forsvarsdepartementet teke initiativ til eit møte der dagsorden var innskrenking, eventuelt avvikling av nøytralitetsvernet. Møtet vart halde 10. desember 1917, og deltakarar var den militære toppleiringa i Generalstaben og Kommanderande General, divisjonsleiarane og leiinga for dei ulike våpengreinene.

Fleire av dei militære leiarane tok her til orde for ei omdefinering av nøytralitetsvernet. Dvs. at mannskapsstyrken, eller deler av han, skulle oppretthaldast, men med ei anna fiende-innretting. Såleis meinte Generalinspektøren og sjefen for festningsartilleriet at ”den nuværende styrke trengtes også til den indre bevogtning som vel i alle tilfeller maatte opretholdes”.⁶⁷ Generalstabssjef Wilhelm Morgenstierne trudde på si side at ”styrken maatte kunne reduseres saaledes at man kun hadde nok til den indre bevogtning”.⁶⁸

Det let altså til i dette forum å ha vore litt divergerande oppfatningar m.o.p. storleiken på den styrken av nøytralitetsvernet som trongst å ha i beredskap i tilfelle indre uro. Dei prinsipielle sidene ved å gjere om nøytralitetsvernet til ein ordensvernstyrke retta mot indre tilhøve herska det i allefall ikkje uttrykt usemje kring.

Denne omdefineringa og omdisponeringa av nøytralitetsvernet det her vart teke initiativ til, føyer seg inn i eit mønster med ei opptrapping av mobiliseringsgraden i høve til indre uro i siste halvdel av 1917.

Dyrtidsaksjonane er alt nemnde som i allefall ein del av forklåringa på at dette fann stad.

Ei viss betydning kan det og ha hatt at militære styrkar hadde vore i aksjon på Spitzbergen same året.

⁶⁶ Same stad.

⁶⁷ Skriv frå FD til KG 06.12.17 vedr. avvikling eller innskrenkning av nøytralitetsvernet. GSA / RA, pk 65.

⁶⁸ Same stad.

Konflikten hadde utspring i dei levekåra, eller livsvilkåra, gruvearbeidarane på Spitzbergen vart budde og konfronterte med. Forfattaren Dag Skogheim har skildra tilhøva dei levde under.

”Kullkompaniene averterte etter folk i avisene, og fikk dem. Det var alltid nok arbeidsløse. De skuklle møte i Tromsø for derfra å ta turen med lastebåtene opp til Spitzbergen. Det var god plass i lasterommene. For å komme til Tromsø måtte mange stemple både ring og ur, derfor var de ofte uten midler når de nådde Tromsø. Det var deres situasjon når de underskrev enkeltmannskontrakten med selskapet på selskapets kontor i byen. Fagforening for Spitzbergearbeiderne fantes ikke. I begynnelsen av århundre hadde fagforeningene nok med å organisere arbeiderne i Norge. Så sto alt til arbeiderne selv – isolert oppe på Spitzbergen, uten økonomisk støtte eller garanti, uten forbindelse med uten-verdenen, uten beskyttelse gjennom lovgivning. Selskapet dikterte det som var lovlig jus.”⁶⁹

Forfattaren gjev her ei skildring av arbeids- og livsvilkår arbeidarar på fastlandet nok hadde forlete. I gruvesamfunnet på Spitzbergen var det tidlegare tider sine vilkår og relasjonar som rådde. Samstundes utgjorde dei meir ordna tilhøva på fastlandet ein målestokk.

Arbeidarane her hadde vore i konflikt tidlegare. I 1911 hadde dei lide nederlag i ein freistnad på å aksjonere. I utgangspunktet stillde arbeidarane på Spitzbergen langt veikare enn tilfellet var på fastlandet. Dei var isolerte, uorganiserte og hadde individuelle arbeidsavtalar.

I juni 1917 vart imidlertid ”Spitzbergen syndikalistske forening” stifta. I juli var ein ny konflikt eit faktum.

Konflikten utvikla seg til ein maktkamp mellom bedriftsleiinga og arbeidarane. Styremaktene opptredde i utgangspunktet i ein meklarrolle, gjennom byfogd Jørgen Meinich i Tromsø. Regjeringa var innstilt på å framstå som imøtekommende andsynes arbeidarane. Kolet var av stor økonomisk og strategisk betydning. På andre sida stillde dei med eit militært maktapparat om situasjonen skulle koma ut av kontroll, eller det vart funne naudsynt å nytte av annan grunn, t.d. som pressmiddel.

Byfogden sytte for eit vakthald på 18 soldatar, under leiing av kaptein Fredrik Beutlich. Med seg til å leie aksjonen hadde han ein løyntnant og eit par underoffiserar, som kapteinen, ifylgje ”Tromsø,” uttala, var væpna ”med skarpladde revolvare og to maskin geværer som kan

⁶⁹ Skogheim, s. 236.

skyte 300 skudd i min⁷⁰. Ute i fjorden låg ytterlegare ein kanonbåt med fire maskin gevær, kanonar og kring 60 mann.⁷¹

Tingingane førde ikkje fram, og dei militærstyrken vart sett inn. Ifylgje den borgarlege avisa ”Tromsø” vart situasjonen i Advent Bay karakterisert som svært alvorleg. Arbeidarane hadde her gått til blokade av gruvene, og telegrafen var okkupert. ”Arbeidernes holdning er meget truende”, skreiv avisa.

Kaptein Beutlich tok meir eller mindre fullstendig leiinga av aksjonen, uavhengig av Meinich, som jo vart sendt over som meklar og sivil leiar for heile delegasjonen.⁷² Om dette førde til gnisningar i mellom Meinich og Beutlich fortel ikkje kjeldene noko om, men ifylgje Agøy, var det tettare kontakt mellom Beutlich og direktøren for gruveselskapet enn mellom Beutlich og Meinich.⁷³

I sin isolerte posisjon vart imidlertid arbeidarane drevne på defensiven, og aksjonen leid nederlag der og då. Frå styremaktene si side vart det og av taktiske grunnar halde mest mogeleg ro kring aksjonen. På den måten kunne gruvearbeidarane isolerast og disintegrerast frå det større kollektiv, samstundes som styremaktene kunne internere aksjonerande arbeidarar og utvise det ein meinte var utanlandske (svenske) uroelement.

Kvifor nytta styremaktene militærmakt på Spitsbergen sommaren 1917? Agøy held det for truleg at den endelege avgjerda om å gå til aksjon fann stad i regjeringskonferanse 9. juli. Offisielt vart omsynet til kolforsyninga gjeve som grunngjeving for aksjonen (det må her heller ikkje sjåast bort ifrå at statsminister Gunnar Knudsen hadde aksjepost i gruveselskapet). Imidlertid er det meir truleg at det avgjerande bakomliggjande motivet må søkjast ein annan stad. Arbeidarforeninga på Spitsbergen var syndikalistisk, og av styremaktene oppfatta som revolusjonærar. Det må difor ha vore viktig å hindre at dei oppnådde noko som kunne oppfattast som ein siger. Det fanst imidlertid også dei i regjeringa som i det lengste ville freista meklingsvegen, representert ved sosialminister Lars Abrahamsen. Dette var jo, som tidlegare nemnt, Meinich si oppgåve.

⁷⁰ ”Tromsø”, 18. juli 1917.

⁷¹ Ivar Lund-Mathiesen har i si hovudoppgåve *Grubesamfunnene på Spitsbergen 1905 – 1917. Syndikaliststreiken og militærintervensjonen sommaren 1917* teke for seg denne konflikten. Hovudoppgåve i historie, Oslo 1974.

⁷² Rapport frå kaptein Beutlich til KA, dat. 31. juli 1917 RA, KA 708. Denne temmeleg fyldige rapporten inneheld dei militære sitt syn på eigen innsats og på utviklinga av aksjonen.

⁷³ Agøy 1997, s. 43 – 50.

Det vart imidlertid dei militære si meir harde line som til sist vann fram. Dei sentrale aktørane her var i første rekke kommandant Beutlich på Farm, og bak han Kommanderande Admiral so hadde gjeve han sin instruks same dato som nemnde regjeringskonferanse hadde funne stad. Her må heller ikkje gløymast forsvarsminister Christian Holtfodt, som jo og var fagmilitær og truleg ein ”hardliner” ute etter å visa handlekraft.

Det var såleis fleire styremaktaktørar på Spitsbergen desse julidagane i 1917, og kanskje rådde litt ulik dagsorden blant dei. Hovudmålet var likevel sams: Brodden måtte fjernast frå den syndikalistiske aksjonen.

For svært mange innan arbeidarrørsla vart nok imidlertid oppsummeringa til arbeidaravisa Nordlys ståande att som ei sanning: ”Tilbake står den nakne virkelighet som i all sin grusomhet viser oss at militærrets oppgave er å verne om de kapitalistiske interesser”.⁷⁴

8. Samanfatning.

Oppsummeringsvis når det gjeld beredskapsspørsmålet for det tidsrommet som er handsama i dette kapitlet skal det takast utgangspunkt i det siste, Spitzbergen-konflikten i 1917. Denne illustrerer noko av det dilemma styremaktene stod i i ein tilspissa konfliktsituasjon. Dei skulle syte for ro og orden, samstundes som det var eit mål i det lengste å unngå å skjerpe konflikten. Styremaktene var i ein strategisk posisjon der fleire relasjoner hadde betydning. Kortsiktige mål og vinstar stemde ikkje alltid overeins med meir langsiktige. Dei kunne til og med stå i eit visst motsetnadshøve. Eit anna poeng som må framhevest, er at ulike styremaktaktørar ikkje alltid opptrødde med sams agenda, i allefall ikkje når det gjaldt spørsmål av meir taktisk art.

Arbeidarane var i utgangspunktet i ein nokså underordna posisjon på Spitzbergen. Noko som likna på ein siger som resultat av deira sjølvstendige organisering og aksjonar kunne få stor symbolsk betydning og på fastlandet. Det kunne setja i gong ein prosess som tok ein retning det var vanskeleg å kontrollera. I tillegg til dette større ordensproblemet kom så relasjonen mellom arbeid og kapital, som nok var ein del av det første, men utgjorde likevel eit særskilt problem. For bedriftsleiinga framsto der som viktig å markere sin overordna og styrande

⁷⁴ ”Nordlys” 8. august 1917.

posisjon, særleg om arbeidarane og kunnetenkjast å ha ein utvida agenda med opprørske haldningar.

Streik var det trugsmålet som for styremaktene framsto som det mest alvorlege mot indre ro og orden. Ei etter kvart vel organisert arbeidarrøsle førde til at streik fekk ein framtredande plass i trugsmålsbiletet. Arbeidarrøsla hadde nådd ein endra posisjon i samfunnet og framsto i aukande grad som ein sjølvstendig maktfaktor. Dei beredskapsmessege vurderingane og tiltaka som vart fremja syner dette temmeleg klårt. Fleire beredskapsmessege initiativ i tidsrommet vart tekne på bakgrunn av streikefrykt. Det betydde ikkje først og framst streik som eit middel i ein samfunnsomveltande strategi for å nå politiske mål, t.d. eit sosialistisk samfunn. Den revolusjonære arbeidarklassen hadde likevel ein plass i styremaktene sitt fiende- og trugsmålsbilètet, ikkje minst innan militære krinsar. Når Agøy såleis slår fast at ”motviljen mot å bruke militær mot landets egne borgere var stor i det norske forsvar”, så tykkjест det langt på veg vera ein ukontroversiell konklusjon, som likevel må presiserast og dermed modererast noko.⁷⁵ Motviljen mot militær innsats i ein ”indre” situasjon var ikkje først og framst prinsipielt fundert, men dreia seg om vernepliktshæren sin spesielle karakter av å vera ein ”folkehær”. Dette kunne imidlertid noko på veg løysast ved t.d. å setje opp reine ”bondeavdelingar”.

Planane for militær drift av jernbanen, som i realiteten dreia seg om å nytte militære innan transportsektoren når streik der vart vurdert å true livsviktige samfunnsfunksjonar, støytte på dei same problema som bruk av militære mannskap til ordensvern- eller sikringsoppdrag. Tankegongen var at militærforsvaret ville med stor visse få redusert oppslutnad blant folk, eller til og med vende seg mot det, og difor vart også dette sett på med skepsis innan dei militære rekkjene. Problemene var at det ikkje fanst alternativ, og difor kom det heile til å dreie seg om kva slag utforming dette skulle få, korleis det kunne organiserast slik at militær drift av jernbanen (og skipstrafikken) kunne gjennomførast på ein mest mogeleg friksjonsfri måte.

Verneplikt representerte på sett og vis eit politisk og strategisk integrasjonsprosjekt, medan militær mobilisering i ein indre konflikt hadde ein motsett, disintegrerande verknad. Tankane og planane om statspoliti som dukka opp, var tenkt å bøte på dette dilemmaet, men dei statspolitiovereinskomstane dette resulterte i, utgjorde neppe eit viktig bidrag i beredskapen mot indre uro fram mot 1918.

⁷⁵ Agøy 1997, s. 72.

Dette kapitlet omhandlar åra umiddelbart føre det som er kalla det revolusjonære gjennombrotet innan arbeidarrørsla.⁷⁶ Likevel vart militære operasjonar sette i verk mot lokalt oppståtte situasjonar, på Rjukan i 1914 og på Spitsbergen i 1917, truleg mest på grunn av sitt samfunnstruande perspektiv. PMet mot storstreik kan likeeins plasserast i ein slik kontekst, om enn med eit anna utgongspunkt.

Det dreia seg om å ”smi” ein beredskap for å møte ei arbeidarrørsle som, om ho ikkje var revolusjonær, definitivt hadde forlate mob-stadiet og som meir og meir framsto som ein kollektiv aktør med maktpolitiske ambisjonar. Sikkerhetskomiteen vart skipa med dette målet for auge. Neste kapittel skal handle om dette.

⁷⁶ Finn Olstad har kalla det for ”det revolusjonære prosjektet”. Olstad 2010, s. 60.

Kapittel II. Sikkerhetskomiteen.

”--man (skal) bemerke, at den paagaaende revolusjon i Tyskland allerede har medført uro og bevegelse innen de revolusjonære kredser her i landet, og at man har grunn til å anta, at bolsjevikbevegelsen i Russland søkes utbredt til de skandinaviske lande.”⁷⁷

Sitatet ovanføre syner at Justisdepartementet i november 1918 såg ein viss fåre i at revolusjonære oppreistar skulle sokjast importerte hit til lands. Dette representerte ei trugsmålsendring i skjerande retning, med eit utvida trugsmålspotensiale i høve til åra føre. Fienden var i større grad utgjord av aktørar med revolusjonær samfunnsendring som meir eller mindre tydeleg erklært mål. Det var naudsynt å inkludere og eit slikt perspektiv i beredskapsvurderingane.

I dette kapitlet skal fokus rettast mot to problemfelt. Det eine dreier seg om kva perspektiv som gjorde seg gjeldande i styremaktene sine beredskapsvurderingar og beredskapsutøvande handlingar i dette tidsrommet. Ein sentral perspektivetablerande faktor var fiende- og trugsmålsbiletet det vart operert med. Kva mening som vart gitt uttrykket ”indre uro” var i hovudsak avhengig av fiendeoppfatningar og trugsmålsvurderingar. På grunnlag av meiningsinnhaldet i uttrykket ”indre uro”, vart mogelege beredskapsmessege disposisjonar drøfta og eventuelt sette i verk. Eit problem som då kan stillast er i kva grad desse disposisjonane var prega av naudverge-tenkning, dvs at dei hadde som mål å eliminera eit umiddelbart, meir eller mindre akutt trugsmål, og i kva grad det alternativt og eventuelt ut over dette defensive preget er mogeleg å identifisere eit meir offensivt strategiske siktemål. M.a.o. fanst det hjå styremaktene eit perspektiv som og innebar strategisk posisjonering der det vart operert med alternative trugsmålsscenarier og måtar å møte desse på, ein strategi der avverge vart sett som eit sentralt mål? Det dreier seg m.a.o. om beredskapen si offensive og defensive innretting.

⁷⁷ Rundskriv frå Justisdepartementet til samtlege amtmenn datert 28.nov. 1918.(41).

Det andre problemfeltet dette kapitlet skal ta for seg er repressive handlingar og åtgjerder i ein beredskap der revolusjonære åtak på samfunnet vart rekna som eit mogeleg trugsmåls-scenario. Når vart handlingar av valds- eller tvangsmesseg karakter sett som aktuelle og eventuelt forsvarte? Motsett, kva barrierar fanst mot repressiv inngripnad?

Det er og eit siktemål å få kartlagt i kva grad radikalisering innan arbeidarklassen førde med seg at det oppsto, eventuelt forsterka alt eksisterande, ulike strategiske posisjonar innan beredskapsapparatet og blant dei beredskapsutøvande aktørane relatert til problemområda som er formulerte ovanføre.

I det følgjande skal desse problema drøftast gjennom å ta opp ulike beredskapsrelaterte saker eller hendingar i det aktuelle tidsrommet.

1.Sikkerhetskomiteen – aktør og arena.

Skipinga av Sikkerhetskomiteen i februar 1918, kan karakteriserast son ei slik beredskapsmesseg hending. Komiteen er tidlegare gitt ei viss merksemd, men på eit heller refererande eller deskriptivt plan.⁷⁸ Det sentrale perspektivet i desse framstillingane er Sikkerhetskomiteen som strategisk grep for å møte ei aukande frykt for åtak på den beståande samfunnsorden, i verste fall som revolusjon eller ”statskupp”, som det ofte vart kalla. Såleis skriv Agøy at komiteen sto ”helt sentralt i den videre planleggingen”, og at føremålet var ”å planlegge og samordne sikkerhetsforanstaltningene”. Situasjonen ved skipinga karakteriserer han som ”hektisk” og ”pressa” (slik styremaktene opplevde han).

Borgersrud gjev også opp ”revolusjonsfrykt” som umiddelbar grunn til at Sikkerhetskomiteen vart skipa. Eit sentralt føremål var her å overvake den indre tryggleiken.

I Fure si framstilling er komiteen plassert i same perspektiv. Bakgrunnen for skipinga var revolusjonsfrykt, føremålet var å ”utrede spørsmålet om statlige mottiltak” mot denne.⁷⁹

Det skal her ikkje gåast nærmare inn på den samstemde og eintydige strategiske plasseringa av Sikkerhetskomiteen som kjem til uttrykk i desse framstillingane. Dette er, så vidt det er

⁷⁸ Agøy 1997, Borgersrud 2000, Fure 1983.

⁷⁹ Agøy, op.cit. s. 93, Borgersrud, op.cit. s. 139, Fure, op. cit. s. 531.

mogeleg å sjå, gjort med overveldande kjeldebelegg. Det kan såleis ikkje herska nokon tvil om at komiteen vart ein sentral aktør i beredskapen mot indre uro.

Med bare eit aktørperspektiv, ligg det imidlertid føre ein fåre for ei avgrensa og dermed einsidig forståing av Sikkerhetskomiteen.

Problemorienteringa kan imidlertid endrast, slik at det er mogeleg å sjå komiteen også i eit anna perspektiv. Føreliggjande framstilling har som siktemål å kome fram til ei meir fleirsidig perspektiv forståing av Sikkerhetskomiteen sin plass i beredskapen. Tematikken er framleis Sikkerhetskomiteen som strategisk aktør. Men medan det i dei framstillingane det er referert til er lagt vekt på komiteen som strategisk reiskap, med føremål å sikre, eventuelt forsøre, (etablerte) strategiske posisjonar, skal blikket her rettast mot sjølve komiteen, mot mogelege spenningar innan komiteen, spenningar med mogelege strategiske implikasjoner.⁸⁰ Aktørperspektivet er såleis her dreia mot det ”indre liv” i Sikkerhetskomiteen, sett som ei strategisk eining, men med konsekvensar for aktørposisjonen som kanskje vil kunne tilføye nye moment til forståing av komiteen som beredskapsaktør.

Av dei nemnde framstillingane er Agøy si den som mest grundig refererer til verksemda som gjekk føre seg i Sikkerhetskomiteen. Dette gjer han gjennom å flette denne verksemda, det vera seg tema som var oppe på møta, saker som vart fremja eller vedtak som vart gjort, inn i den større forteljinga om militæraten og den indre fiende. Komiteen er ikkje handsama som eige problemfelt, og framstillinga av Sikkerhetskomiteen får med det unngåeleg noko fragmentarisk over seg. I dette kapitlet er det teke sikte på å gje ei meir heilsakeleg forståing av Sikkerhetskomiteen som særeigen strategisk eining og aktør.

Spørsmåla det skal sokjast svar på er fleire. Kva slag fiende- og trugsmålsbilete gjorde seg gjeldande innan komiteen? Er det mogeleg å karakterisere ulike synspunkt og vurderingar som usemje m.o.p. strategiske vegval, og er det i så fall mogeleg å skissere eit mønster i retning t.d. institusjonelt baserte posisjonar? Kvifor vart Sikkerhetskomiteen borte som beredskapsmesseg eining og aktør?

Då regjeringa gjekk til det steg å skipa Sikkerhetskomiteen i februar 1918, var det openberre siktemålet å feste betre grep om beredskapen mot indre uro. Kor ideen til etableringa av eit slikt beredskapsledd oppsto, har det ikkje vore mogeleg å finna noko om i kjeldene. I mandatet, som ikkje låg føre i skriftleg form, men vart referert muntleg av generalstabssjefen

⁸⁰ Agøy har gått gjennom fleire av møtereferata til komiteen, men framstillinga er i hovudsak konstaterande.

på komiteen sitt første møte 24. februar 1918, vart det utpeika tre områder der ei styrkjing av beredskapen var aktuelt. Det dreia seg for det fyrste om kontroll med kva spesielt dei radikale kretene innan arbeidarrørsla føretok seg, m.a.o. om overvaking av radikale aktørar og miljø. For det andre vart betydninga av ein adekvat beredskap påpeika. Oppgåva besto her i å syte for at beredskapsapparatet var i stand til å møta ulike mogelege trugsmålssituasjonar som kunne forventast oppstå. Det tredje området som var framheva i mandatet gjekk ut på samordning og koordinering mellom den sivile og militære delen av beredskapen, slik at han framsto einskapeleg innanføre ramma av ein heilskapeleg beredskapsplan.⁸¹ Det overordna motivet bak etableringa av Sikkerhetskomiteen som er peika på ovanføre omfatta såleis delmotiva operativ einskap og fleksibilitet.

Korleis kan Sikkerhetskomitèen som beredskapsaktør vurderast og karakteriserast? Dette skal søkjast svar på ved ei nærare gransking av spørsmål komitèen hadde på dagsorden det tidsrommet det har vore mogeleg å finne spor etter han fram til 1920.

Det Først som skal imidlertid fokus rettast mot kven som utgjorde komiteen. Han var ved skipinga samansett av tre sivile instansar og fire militære. Dei førstnemnde var Justisdepartementet ved byråsjef Enevold Borch, Forsvarsdepartementet ved ekspedisjonssjef Zimmer og politimeisteren i Kristiania, Beichmann. Representantar for militærapparatet var generalstabssjef Strugstad, admiralstabssjef Hveem, kommandanten på Akershus, generalmajor Spørck, og, som sekretær, sjef for generalstabens etterretningskontor, kaptein Graff-Wang. Den talmesseg militære overvekta vert forsterkanår det vert teke omsyn til at også ekspedisjonssjef Zimmer hadde militær bakgrunn og rang.⁸²

Sikkerhetskomiteen var såleis sett saman av aktørar som representerte den øvste leiinga for dei ulike delene av beredskapsapparatet. Det kan difor herske liten tvil om at komiteen var tiltenkt ein beredskapsmesseg nøkkelposisjon som strategisk hjerne bak dei operative instansane. Det er vidare klårt at beredskapen i hovudsak var militær beredskap, sjølv om ein talmesseg overrepresentasjon av militære ikkje med naudvende tyder at det var desse kretene som hadde ein dominerande posisjon og avgjerande innverknad når strategiske spørsmål vart drøfta og eventuelle tiltak skulle vedtakast. Graden av innflytnad fylgde ikkje automatisk den talmessege (over)representasjonen.

⁸¹ Møtereferat Sikkerhetskomitèen s.1, Generalstaben sitt arkiv, IV. avd., pk. 310.

⁸² Møtereferat, Sikkerhetskomitèen s. 1, Generalstaben sitt arkiv, avd. IV, pk. 310.

Kva hadde komiteen på dagsordenen sin? Korleis vart oppgåva som strategisk aktør fulgt opp? Er det mogeleg å identifisere motsetnadar som dreia seg om meir enn ein skildspørsmål, dvs at dei og hadde strategiske implikasjonar?

Eit fyrste spørsmål å gripe fatt i, er kva fiende- og trugsmålsbilete som gjorde seg gjeldande innan Sikkerhetskomiteen. Eit viktig element i dette spørsmålet er kva slag fiendeframstillingar eller fiendekarakteristikkar som vart fremja, samt om det låg bestemte strategiske syn eller vurderingar til grunn for dei språklege uttrykka som vart nytta. Det vil og vera interessant å gå nærmare inn på kva slag trugsmålsvurderingar det vart operert med i samband med litt varierande fiendenemningar.

Eit utgangspunktet er då trugsmålsvurderingane som låg til grunn for at Sikkerhetskomiteen vart skipa. Her finst berre eit kort referat i tre knappe punkt frå den muntlege framleggjingga på komiteen sitt fyrste møte å halde seg til. Slik generalstabssjefen la dette fram, er det åpenbart at regjeringa såg alvorleg uro som eit mogeleg trugsmålsscenario. Kor aktuelt det vart sett som kjem ikkje fram, men etter mandatet hadde komiteen i oppgåve å utarbeide beredskapstiltak for ein mogeleg situasjon som ”om de øverste civile og militære myndigheter var sat ut av virksomhet”.⁸³ Ein slik tilstand er å karakterisere som revolusjon.

Revolusjonsfrykt utgjorde såleis ein sentral, kanskje til og med avgjerande bakgrunnsfaktor for skipinga av Sikkerhetskomiteen.⁸⁴ Uro av revolusjonær karakter utgjorde imidlertid eit trugsmålsbilete som nok kunne inntreffe i ytste konsekvens, men trugsmålsoppfatningane var oftast slik at eikvar form for brot på ein tilstand med ro og orden kunne bera i seg ei spire til meir omfattande og alvorlege ”opptøyar,” som det vart kalla. Hendingar i andre land bidrog i ikkje ubetydeleg grad til å skapa ei stemning med innslag av nervøsitet m.o.p kva trugsmål også det norske samfunnet kunne verta konfrontert med.⁸⁵

Fiendenemninga, kva ord som vart brukte om den utpeika fienden, korleis han vart kategorisert, kan fortelje noko om ein strategisk tankegang, korleis relasjonar og konfliktlinjer i samfunnet vart oppfatta og bestemde.⁸⁶ Vidare, i forlengjinga av dette, kan dei, om situasjonen tilseier det, indikere korleis problem vart tenkt angrepne og freista løyste. Det er

⁸³ Same stad.

⁸⁴ Jfr. Agøy, s.93, Borgersrud, s. 139, Fure, s.531.

⁸⁵ Omfattande og framstillingar og analysar av konfliktar og konfrontasjonar i andre europeiske land finst t.d. hjå C.S. Maier, 1975, A. J. Mayer, 1968 og 1971, Barrington-Moore jr. 1978, C. Tilly, 1975. Med unnatak av verka til A. J. Mayer, har dei alle, med ulik tematikk, eit komparativt perspektiv.

⁸⁶ Pøbel og proletariat, strategiske implikasjonar av å nytte slike uttrykk. Sjå t.d. Victor Bailey ”The Fabrication of Deviance: ‘Dangerous Classes’ and ‘Criminal Classes’ in Victorian England” I Rule og Malcolmson, 1993.

såleis av interesse å gå nærare inn på kva slag fiendenemningar som vart nytta innan Sikkerhetskomiteen. Som peika på ovanføre, kan komiten forståast som instrument for styremaktene, samstundes som det er mogeleg å sjå han som ein arena for utspel av politisk og strategisk karakter, og der ulike agendaar gjorde seg gjeldande. I kva grad dei strategiske grepa som vart fremja i komiteen var prega av ein slik dobbeltposisjon og kva innverknad dette eventuelt fekk på dei framlegga komiteen gjorde, er eit spørsmål framstillinga vonaleg vil kaste lys over.

2. Fiende og trugsmål.

Sikkerhetskomiteen vart oppretta fordi styremaktene oppfatta det slik vinteren og våren 1918 at det kunne oppstå eit revolusjonært trugsmål også i Noreg. Ein heller labil situasjon internasjonalt gjorde ikkje saka betre. Det revolusjonære potensialet strekte seg over fleire landegrenser. Det vart frykta at det kunne oppstå eit klima der aktørar med ein revolusjonær agenda var i stand til å utnytte eller skape ein kaotisk situasjon som kunne representere eit trugsmål mot den eksisterande samfunnsskipnaden. I kva grad vart dette fiende- og trugsmålsbiletet stadfesta og fulgt opp i løpet av det tidsrommet komiteen hadde si verksemd?

Den mogeleg revolusjonære aktøren var sjølvsagt arbeidarrørsla, eller rettare, han fanst innan arbeidarrørsla. Det står førebels som uklårt i kva grad det vart operert med eit differensiert trugsmålsbilete.

Ein gjennomgang av møtereferata syner at dei mest førekommende uttrykka som vart nytta om fienden var syndikalistrørsla og bolsjevikrørsla. Det kan såleis konstaterast at sistnemnde uttrykk var hyppig i bruk på komitemøte 12. november 1918.⁸⁷ Dette var på det tidspunktet då ”novemberrevolusjonen” i Tyskland fann stad, ei hending der revolusjonen i Russland spøkte i bakgrunnen.⁸⁸ Ei viss frykt for at eit meir omfattande opprør skulle bryte ut etter mønster av den russiske revolusjonen gjorde seg nok her gjeldande innan Sikkerhetskomiteen. Dette speglar seg att i særleg to av punkta på dagsordenen. Det eine punktet var ”hvorledes man til

⁸⁷ Møtereferat, Sikkerhetskomiteen, s. 7 – 10, GSA, pk. 310.

⁸⁸ Om novemberoppstanden i Tyskland, sjå Barrington – Moore jr., 1978, Maier 1975, Mayer 1986 og Tilly, 1975.

enhver tid skulle være a jour med den bolsjevikiske (syndikalistiske) bevegelse her i landet,” og det andre ”hvorledes man skal sikre sig mot at nye bolsjevikiske (syndikalistiske) elementer kommer til landet.”⁸⁹

Det dreia seg i begge tilfeller om kontroll med aktørar som vart sett på som revolusjonære. I det eine tilfellet gjekk denne kontrollen ut på å halde seg orientert om kva desse kreftene føretok seg, noko som med naudvende måtte innebera ei viss grad av overvaking. Dette framsto med stigande aktualitet ettersom situasjonen frå juli til november ”hadde forandret sig derhen at det var åpenbart at bolsjevikene (syndikalistene) under visse omstendigheter, her i Norge som i andre land, kan gripe til det middel å omstyrte den nugjeldende forfatning”.⁹⁰

Det vart difor uttrykt misnøye over at Justisdepartementet i juli same året hadde innskrenka den retten som fanst til å drive post- og telegramkontroll, ”et av de bedste midler for å være å jour med bevegelsen”.⁹¹ Ein samla komite vende seg difor til regjeringa for å få fjerna den innførde formuleringa om at norske statsborgarar berre reint unntaksvis skulle kunna underleggjast slik kontroll, der det måtte liggja føre mistanke om brotsverk mot den borgarlege str.l. kap. 8 eller 9.⁹²

Representantane i Sikkerhetskomiteen var på vakt mot revolusjonære utbrot, som og kunne fryktast ha eit internasjonalt omfang. Og truleg var det den internasjonale dimensjonen meir enn situasjonen i Noreg isolert som gjorde at trugsmålsscenariet vart framstilt i såpass skarpe ordelag.

Det er og mogeleg at det fanst andre agendaar for å operere med eit skjerpa trugsmålsscenario blant representantane for Sikkerhetskomiteen. Det einaste ”provet” som vart sett fram, var at det skulle ha falle utsegner som tok til orde for revolusjonære aksjonar også i Noreg på eit møte i Folkets hus i Kistiania. Og sett på bakgrunn av eit internasjonalt klima med tilspissa konfliktnivå, kan det sikkert ha verka skremande nok. Men, litt spekulativt, kan hende fanst aktørar med ein agenda der det å dramatisere trugsmålsbiletet ved å konstruere ein fiende, var lekk i ei strategisk posisjonering eller freisnad på å setje dagsorden for ein beredskap med styrke til å slå attende dei mest alvorlege trugsmål.

⁸⁹ Møtereferat, Sikkerhetskomiteen, s. 7 – 8, GSA pk. 310.

⁹⁰ Same stad, s. 7.

⁹¹ Same stad.

⁹² Kva gjekk desse pgr. ut på?

Kontrollen over revolusjonært orienterte element dreia seg i det andre tilfellet om å hindre at revolusjonære frå andre land kom seg inn i landet. Ved dette høvet var difor også Utanriksdepartementet til stades på komitemøtet. Ettersom revolusjonen framsto som grenselaus, var det eit viktig element i ein oppdemningsstrategi i størst mogeleg grad å isolere norske og utanlandske revolusjonære frå kvarandre, slik at påverknad og støtte vart gjort vanskeleg. Med dette for auge vart det frå komitehald peika på at passkontrollen ved fleire utanlanske stasjonar, Stockholm, København og Petrograd vart nemnde, ikkje var grundig nok. Han var rett og slett for slepphendt vart det påstått, slik at utanlandske ”bolsjhevikiske” aktørar utan særlege vanskar kunne kome seg inn i landet.

På same møtet vart gjort framlegg til fleire tiltak som hadde som mål å kontrollere utanlandske aktørar med revolusjonær agenda. Eitt av dei gjekk ut på gjennom samarbeid med bankdirektørane å overvake ein eventuell pengestraum til landet ”til fremme av bolsjhevikiske (syndikalistiske) øiemed”.⁹³ Tett kontakt og samarbeid med dei andre skandinaviske landa var eit anna. Eit tredje framlegg gjekk ut på større grad av systematisering av overvakkinga av det som vart rekna for revolusjonære miljø. Det dreia seg for det fyrste om å opprette ei ordning med overvakingsagentar på industristader og i dei største byane, såkalla kunnskapsmenn, ”som kunde følge bevegelsen og innmelde denne”.⁹⁴ For det andre gjekk framlegget ut på å sentralisere all informasjon som vart henta inn om mogeleg revolusjonær aktivitet hjå ein og same instans, og her vart oppdagelsesjefen i Kristiania peika på som aktuell lokaliseringseining.

I løpet av dei dokumenterbare virkeåra til komiteen var det særleg i samband med skipinga og dei nærmeste månadane som fylgte at bolsjewiseringa av den norske arbeidarklassen vart nemnt som eit mogeleg eller til og med aktuelt trugsmål mot den eksisterande samfunnsorden. Dette trugsmålsscenariet omfatta dessutan bolsjhevikisk påverknad og støtte frå utanlandske aktørar. Førestillingar om ein internasjonal revolusjonsgarde var tydeleg til stades.

Seinare i komiteen si virketid er ”bolsjiek” funne referert til berre ved eitt høve, og då som fråverande fenomen innan aktuelle militære avdelingar.

No er eit konkret trugsmålsscenario ved ein bestemt akutt situasjon ei sak. Ei anna er eit vedvarande trugsmålsbilete på bakgrunn av meir varige strategiske relasjonar. I eit slikt

⁹³ Møtereferat, SK, s. 11, GSA, pk. 310.

⁹⁴ Same stad.

perspektiv utgjorde revolusjonsscenariet ein bakføreliggjande faktor som, om enn med varierande styrke, alltid var til stades i trugsmålsvurderingane.

Då oppdagelsesjefen på komitémøtet i april 1919 uttala at etter hans mening ”var der før øieblikket ingen plattform for aktion fra arbeidernes side”,⁹⁵ så kan det tolkast slik at det akutte trugsmålet var nedgradert på dette tidspunktet. Det sterkt politisk karakteriserande ”bolsjevik” var no og bytta ut med det nøytrale ”arbeiderne”. Dei pågående tariffstillingane ga imidlertid oppdagelsessjefen grunn til uvisse om kva veg utviklinga ville ta. Vart utfallet av desse, sett frå arbeidarane sin synsstad, negativt, frykta han at dei ville slå inn på ein meir aktivistisk veg. Han såg vidare, saman med politimeisteren og generalstabssjefen, ei viss von i at det kunne haldast nye val, ”som vilde virke i høi grad beroligende.”⁹⁶ Vurderinga var altså slik at deltaking innanføre rammene av det etablerte politiske systemet truleg ville flytta merksemda bort frå konfronterande aksjonsformer og revolusjonære ambisjonar. Det kan konstaterast at det vart trekte inn litt vidare politiske aspekt i trugsmålsvurderingane, men mest truleg var dette meir eit uttrykk for von enn kløktig analyse.

I 1920 oppsto ein situasjon der styremaktene førebudde seg på konfrontasjon i samband med ei mogeleg jernbanestreik. Sikkerhetsskomiteen vart kalla saman 3. august, med statsminister Otto B. Halvorsen som initiativtakar. Regjeringa sitt siktemål var å orientere komiteen om korleis situasjonen vart oppfatta i samband med lønekrev frå jernbanefunksjonærane.

”Regjeringen mener at man må være forberedt på et kupp, selv om iverksettelsen av et sådant vel neppe kan ansees sandsynlig. Man måtte derfor ha alt klart til med korteste varsel å iverksette de tidligere planlagte sikkerhetsforanstaltninger. Det var regjeringens akt å treffen hele foranstaltninger for i tilfelle av et brudd, straks å få overtaket. Regjeringen kan nu ikke gå med på nogen lønsforhøielser, situasjonen er slik at man heller får la statens arbeider stå. En gang må lønsskruen stanses, og det er vel naturlig at staten her tar støtet og ikke de private bedrifter”.⁹⁷

⁹⁵ Same stad, s. 19.

⁹⁶ Same stad.

⁹⁷ Same stad, s. 36 – 37.

Her er ingen ”bolsjevikar” nemnde som fiende, heller ikkje andre av dei sterke, dramatiske fiendekarakteristikkane. Det var rett og slett ”jernbanefunksjonærane” som representerte trugsmålet denne gongen, og det på to plan. Det eine var ”worst-case” tilfellet, her kalla ”kupp”, men som må forståast som det same som ”revolusjon” eller åtak på statsmakta. Som tidlegare peika på, dette var ein faktor som aldri var fråverande i trugsmålsbiletet; han var til stades som mogeleg i større eller mindre grad. Her gjekk vurderinga openberrt ut på det siste.

Av vel så stor betydning ser det imidlertid ut å ha vore at staten inntok ein bastant posisjon når det gjaldt å bremse auken i lønene. At dette vart sett som naturleg, er vel å forstå slik at når staten som overordna representant for samfunnet greip inn på ein slik måte, vart det ålmenn gjort og fekk verknad for resten av samfunnet som ei legitim handling.

Om det var det eine eller andre motivet som var dominerande, så var styremaktene innstilte på å møte ei eventuell streik med fast hand, og for det tilfellet at ho kunne ta ei vending i revolusjonær retning.

I førre kapitlet vart det vist korleis styremaktene etablerte ein beredskap i tilfelle jernbanestreik. Streik innan transportsektoren kunne få lammande verknad på heile samfunnet, og difor måtte fleire eventualitetar, som omfatta fleire trugsmålsnivå, inkluderast i trugsmålsbiletet. I eit slikt trusmålsscenario, med ein viss grad av kompleksitet, kunne motstandaren gjevast ulike nemningar, men ”bolsjevik” var den som vart nytta mest, fordi det viste til samfunnsundergravande, revolusjonær aktivitet, og så godt som alle typer trugsmål vart vurderte å inneha eit slikt potensiale. Ut over det er det vanskeleg å finne eit kalkulert eller logisk samsvar mellom fiendenemning og trugsmålsframstilling. Alternative oppfatningar har ikkje vore mogelege å peike på. Det kan såleis konstaterast at komiteen på bakgrunn av møtereferata framsto som samstemt i fiende- og trugsmålvurderingane.

3. Om det bryt ut revolusjon...

Korleis møtte så Sikkerhetskomiteen problemet med dei trugsmålsscenaria som vart trekte opp? M.a.o., kva slag beredskapsmessege tiltak vart fremja på dagsorden?

Som det går fram av første kapitlet, så var beredskap mot indre uro først og framst militær beredskap. Utan mobiliseringsklåre militære styrkar, fanst i realiteten ingen beredskap å møte ein eventuell framstøyt med.

Slik var det og for Sikkerhetskomiteen, berre militære styrkar kunne sikre eit beredskapsnivå som kunne reknast som adekvat og naudsynt. Men betydde dette at det var dei militære synspunkta og posisjonane som inntok førarsetet og hadde avgjerande innverknad på komiteen sine standpunkt og avgjerder?⁹⁸ Dette kan førast vidare til å spørje om Sikkerhetskomiteen var ein friksjonsfri arena.

Som peika på ovanføre, hadde komiteen mandat frå regjeringa som gjekk ut på å syte for at det vart halde eit beredskapsnivå, i omfang, organisering og innretting, som kontinuerlig var ajour i høve til løpende trugsmålvurderingar og mogelege trugsmålsscenarier. Dette var det ideelle siktemålet; i praksis var det neppe mogeleg å oppnå perfekt grad av samsvar over tid, eit meir realistisk mål var å halde ein rimeleg grad av samsvar i relasjonen trugsmål / beredskap. Det vil då seia at beredskapen måtte vera tilstrekkeleg sterkt til å slå attende og bryte ned eit eventuelt trugsmål. Overvaking, som komitéen såg som ein viktig beredskapsfremjande aktivitet (sjå t.d. s. 7 ovanføre), hadde jo nettopp som eitt sentralt siktemål å skaffe kunnskap om kva motstandar styremaktene hadde å med å gjera.

Når Sikkerhetskomiteen drøfta aktuelle tiltak mot ”samfunnstruande” og ”– skadeleg” aktivitet, var det tiltak av militær karakter det først og framst dreia seg om.⁹⁹

Den militære mobiliseringa ser ut til å ha hatt eit dobbelt siktemål. Det eine var å framstå med overlegen styrke slik at fienden fekk eit tydeleg signal om at einkvar motstand ville vera nyttelaus og øydeleggjande for han. Fienden skulle såleis demobiliserast føre det kom til konfrontasjon, i alle fall av meir omfattande karakter. I denne strategien inngjekk både sikringsavdelingane og ordensvernnavdelingane. Oppgåva til dei fyrstnemnde var primært å halde vakt ved viktige militære og sivile anlegg og bygnadar for å hindre at dei vart inntekne eller øydelagde av fienden.¹⁰⁰ Ordensvernnavdelingane var, som namnet fortel, innretta på å hindre at det fekk utvikla seg indre uro som kunne få samfunnsundergravande karakter.

⁹⁸ Agøy kan tolkast i ei slik retning. Agøy 1997, s. 94.

⁹⁹ Dette kjem jo og klårt fram i framstillingane til Borgersrud og Fure. Agøy tek på si side eksplisitt opp spørsmålet om militærretaten og indre uro.

¹⁰⁰ Sjå t.d. frå komitéen sitt fyrste møte, møtereferat s. 2, GSA IV avd., pk 310.

Dette siste rører ved det andre siktemålet med den militære mobiliseringa, som gjekk ut på å konfrontere nettopp denne type indre uro. Dei fleste former for aksjonar kunne forøvrig karakteriserast som forstyrring av ro og orden og dermed som ei form for samfunnsfiendtleg handling.

T.d var det i november 1918 aktuelt å auke den militære beredskapen, spesielt i Kristiania. Den ”nuværende styrke på 567 mann var forlitен i påkommende tilfelle”.¹⁰¹ Vidare vart det gjort framlegg om å ”opta til overveielse om ikke enkelte landvernsavdelinger (pålidelige folk) med tilstrekkelig befal skulde gjøres mobiliseringsklare til anvendelse i tilfelle uroligheter”.¹⁰² Det var på dette møtet det vart peika på ”bolsjevikane” som truande til å setje i verk revolusjonære oppreistar også her i landet, i Tyskland hadde dei alt prøvd. Dette var altså ordensvernnavdelingar med oppgåve å konfrontere ein indre fiende om det vart funne naudsynt.

Auke av den militære beredskapen i Kristiania var eit punkt som gjekk att på fleire av komiteen sine møter. Dette var såleis tilfelle på møtet i mars 1919, halde på initiativ frå forsvarsminister Rudolf Elias Peersen. Frå statsråden si side var føremålet med møtet ”å samsnakke med komiteen om hvorledes situasjonen ansåes å ligge an, og hvilke sikkerhetsforanstaltninger der burde treffes i tilfelle større uroligheter”.¹⁰³

Det vart frå komiteen si side sett som ”meget påkrevet” å styrke beredskapen gjennom å auke garnisonen her, til 13-1500 mann, som politimeisteren meinte var naudsynt om det braut ut generalstreik. Alt i april same året uttala same politimeister at under ”alminnelige” tilhøve såg han det ikkje som naudsynt med fleire avdelingar i Kristiania. Så anten såg han situasjonen som meir ”alminnelig” på det aktuelle tidspunktet, eller han meinte det alt var nok militære styrkar i hovudstaden i høve til trugsmålsnivået han opererte med.¹⁰⁴

I referata finst ikkje alternative synspunkt når det gjaldt det naudsynte i å halde denne militære beredskapen i tilfelle indre uro. Komiteen framsto som samstemt når det gjaldt dei strategiske militære grep for å verne det beståande, anten det no dreia seg om ei øydeleggjande generalstreik eller opprørske åtak frå ”ondsinna” med det som vart kalla

¹⁰¹ Møtereferat Sikkerhetskomitéen, GSA IV avd, pk 310.

¹⁰² Same stad.

¹⁰³ Same stad, s.16.

¹⁰⁴ Same stad, s. 5.

revolusjonære føremål. Det kan difor heller ikkje fremjast ein påstand om at det fanst noko prinsipielt skilje mellom dei militære og sivile representantane i komiteen i så måte.

Det er såleis ingen grunn til å tvile på at samtlege av komiteen sine representantar var budde på å setje i verk massiv militær mobilisering i ein situasjon som vart oppfatta somtruande, dvs. ein situasjon der samfunnsmesseg viktige funksjonar vart hindra i å verta utførde. Dette innebar og at det under gitte omstende var aktuelt å nytte våpenmakt.

4. Ikkje-militære alternativ.

Å gjera bruk av militære styrkar til å oppretthalde indre ro og orden, var imidlertid noko fleire av representantane i Sikkerhetskomiteen uttrykte skepsis til. Alt på fyrste komitemøte vart det, utan at det vart gjeve ei nærare grunngjeving, uttrykt ynskje om at ”de civile myndigheter lengst mulig sørget for ordenens opretholdelse uten (u.str.SK) tilkaldelse av militære”.¹⁰⁵ Politimester Frithjof Bernt Beichmann si haldning var truleg representativ for fleire i komiteen. Etter referatet meinte han når det gjaldt militærer si framferd at ”der burde ventes lengst mulig, spesielt med å la avdelingerne skyte på mengden”.¹⁰⁶ Ytringa fall på møte i komiteen i mai 1920. Møtet var kalla inn etter initiativ frå forsvarsministeren, og på dagsorden sto alternativ til militære maktmiddel ved ”alvorlige uroligheter”.

To alternativ vart presenterte. ”1. Kan de forskjellige politimyndigheter i byene og utover landet i påkommende tilfelle ved egne maktmidler dempe alvorlige uroligheter som måtte opstå? 2. På hvilke måter vil en forsterkning av det stedlige politi kunde tenkes anordnet, for eksempel gjennem et frivillig ordensvern, således at tilkallelse av militær lengst mulig kan undgås?”¹⁰⁷ Poenget er her at militær maktbruk vart oppfatta av styremaktene, og innan ro- og ordenapparatet, som belastande. Massiv militær mobilisering kunne som tidlegare nemnt ha ein demobiliserande effekt på ein motstandar, men det kunne og slå ut i motsatt retning. Militær maktbruk var jo det framste uttrykket for repressiv, eller valdeleg, maktutøving, og

¹⁰⁵ Same stad, s. 3.

¹⁰⁶ Same stad, s. 29.

¹⁰⁷ Same stad, s. 27.

dette representerte i seg sjølve ei heving av valdsnivået i samfunnet. Det kunne på si side føre til ein situasjon som kunne hamne ut av kontroll.

Truleg var det som lekk i å avverge at noko slikt kunne kome til å skje at det frå Sikkerhetskomiteen vart uttrykt ynskje om at alle militære sjefar som vart sette til å oppretthalde ro og orden vart gjort kjent med direktiv for bruk av våpenmakt. Frå før var det berre distriktskommandosjefane som hadde motteke slikt direktiv.¹⁰⁸ Føremålet med eit slikt direktiv må ha vore å sikre at det ikkje oppsto situasjonar der det frå militært hald ukontrollert vart opna eld t.d. mot ei menneskemengd. Eit overordna oppsyn med heimel i direktiv, som både kunne gje grønt lys for våpenbruk, samstundes som det skulle sikre ei restriktiv framferd når slike situasjonar oppsto var grunnen til at eit direktiv om våpenbruk var ynskjeleg.

Vernepliktsystemet var eit problem når det gjaldt bruk av militære styrkar mot eigen befolkning. Vernepliktshæren representerte eit strategisk dilemma, noko som ved fleire høve var tema på komitemøta. I ein tilspissa situasjon var vernepliktshæren ein langt på veg tvilsam reiskap, for så vidt som han var upåliteleg. Ei løysning på dette dilemma besto i å opprette det som må karakteriserast som eigne opprørsstyrkar innanføre det etablerte militærapparatet.

Etableringa av slike militære opprørsstyrkar er det sentrale tema hjå Borgersrud, men og hjå Agøy er det solid dokumentert at det vart oppretta militære avdelingar på sida av det ordinære apparatet med tanke på opprør og indre uro.¹⁰⁹

Dette kjem klårt fram alt på komiteen sitt fyrste møte i 1918, der generalstabssjef Strugstad skulle gjera greie for kva som var gjort av militære føreanstaltningar relatert til indre uro. Både til vaktstyrkar ved militære og sivile anlegg og bygningars og til ordensvernavdelingar var distriktskommandosjefane pålagde å ta ut pålitelege mannskap.¹¹⁰

Komiteen på si side fylgte opp dette ved å gjera framlegg om at den militære beredskapen i hovudstaden burde styrkjast med ein bataljon ”(paalidelige manskaper, dyktige chefer)”.¹¹¹

¹⁰⁸ Same stad, s. 2 – 4.

¹⁰⁹ Borgersrud, s., Agøy, s.

¹¹⁰ Møtereferat, Sikkerhetskomitéen, s.2, GSA IV. Avd., pk 310.

¹¹¹ Same stad, s. 4. Det kan her skytast inn at då politimesteren i mars 1919 vart spurð om kor stor militær styrke han meinte krevdest i tilfelle meir omfattande uro i hovudstaden, svara han at ei generalstreik ville krevja at garnisonen vart auka til kring 1500 mann.

Eit anna framlegg gjekk ut på å ”opta til overveielse om ikke enkelte landvernsavdelinger (pålidelige folk) med tilstrekkelig befal skulde gjøres mobiliseringsklare til anvendelse i tilfelle uroligheter”.¹¹²

Når Sikkerhetskomiteen ved desse høva tok til orde for auka militær beredskap og klårgjering til mobilisering, så var det spesialoppsette styrkar, pålitelege og såleis eigna til konfrontasjon med ein indre fiende det vart teke sikte på.

Problemet med vernepliktforsvaret og alternativet til dette kom tydeleg fram på møte i komiteen i april 1920. I tillegg til dei faste komiterepresentantane var dei tre infanteriregimentsjefane som heldt til i Kristiania til stades her. Det skal gåast litt nærare inn på dette møtet, fordi det kan gje innblikk i sentrale dilemma som gjorde seg gjeldande.

Generalmajor Karl J.S.Bull, som var formann, presenterte siktemålet med møtet. I eit regjeringsmøte nokre dagar tidlegare vart det lansert ein tanke om at det i Kristiania skulle kunna innkallast ein styrke på inntil 2000 mann ”av pålitelige, lovlydige borgere, som i tilfelle oprør på korteste varsel skulde kunne bevæbnas og delta i ordenens opretholdelse”.¹¹³

Generalmajoren fant imidlertid ei slik ordning, som altså var lansert på høgste politiske hald, tvilsam. Han grunnga tvilen i tre punkt. 1. Dei mobiliserte kunne hamne i ein vanskeleg lojalitetskonflikt under ein eventuell konfrontasjon. 2. Det fanst ingen garanti for at det berre var folk som ville opptre lojalt andsynes styremaktene. 3. Organisering og administrering av slike avdelingar ville verta vanskeleg.

Dei særskilt innkalla regimentsjefane var meir eller mindre nokså bastant i mot ei slik ordning med ekstraordinært ordensvern, grunngjeve med at dei oppsette avdelingane ikkje representerte staten, slik at det vart ein konflikt på individnivå der styremaktene kunne få vanskar med å hevde overordna ansvar og styring.

Dei ga vidare til kjenne at dei frykta dei ordinært oppsette militæravdelingane om det kom til uro, og tok i tråd med dette til orde for at Jægerregimentet ikkje burde nyttast i Kristiania, samt at dei bataljonane som var stasjonerte her burde innkallast til Gardermoen ”for å være vekk fra byen i tilfelle av uroligheter”.¹¹⁴ Infanteriregimentsjef Sandberg var utvetydig i sin

¹¹² Same stad, s. 12.

¹¹³ Same stad, s. 32.

¹¹⁴ Same stad, s. 33.

ordbruk når han etter referatet uttala at ”fjernes ikke Kristianias soldater fra byen under uroligheter bør der forberedes større innkallelser - hele Eidsvoll og Kongsvinger bataljon, i stedet for som nu påtenkt 2 kompanier av hver bataljon”.¹¹⁵

Dei to regimentsjefane tok altså til orde for ikkje å nytte, eller til og med å sende bort dei ordinært oppsette militæravdelingane om det oppsto ein situasjon med indre uro, og heller innkalle større styrkar utanbys ifrå. Det er ikkje så vanskeleg å tenkje seg at dette lett ville kunna skape ein situasjon som truleg ville ha eit større trugsmålspotensiale enn den opphavelege situasjonen.

Oppdagelsesjef Johan Søhr, ekspedisjonssjef Alfred Zimmer og fungerande generalstabssjef Johan C. Ræder var samde i at dei ordinært oppsette ”usilte” avdelingane utgjorde eit beredskapsmesseg trugsmål. Dei delte såleis denne frykta for ordinære vernepliktsavdelingar. Søhr uttrykte seg såleis: ”Det må ikke bevæernes soldater man ikke stoler på. () – disse avdelinger kan ta magten fra sitt befal”.¹¹⁶ Zimmer ordla seg i liknande vendingar: ”Det å trekke sammen soldater på ekserserplassen har sin store fare. De urolige elementer ønsker netop å komme sammen for da å kunne organisere seg”.¹¹⁷

Dei såg likevel etter andre løysningar på problemet. Eit sentralt element var då å ekskludere slike som var sett som upålitelege til denne type oppgåver, eller utrykt på ein annan måte, plukke ut pålitelege folk og setje opp avdelingar det kunne litast på i denne samanheng, altså spesielle opprørsavdelingar på sida av dei ordinære.

Problema det skapte med upålitelege militæravdelingar kunne og bøtast på gjennom friviljug borgarvern. Ekspedisjonssjef Zimmer hadde som utgangspunkt at ”det kan komme den situasjon da man må tilkalle brave borgere til regjeringens assistanse. Det kan bli for sent å innkalle avdelinger som møter på utenfor byen liggende opsetningssteder”.¹¹⁸ Fleire av komiteen sine representantar var på dette møtet positive til at det i ein eller annan form vart skipa frivilleg borgarvern, men det kjem ikkje fram om dette skulle være eit væpna supplement til ordinære militæravdelingar, eller om dette var einingar tenkt å operere på eit anna, sivilt plan.

¹¹⁵ Same stad, s. 34.

¹¹⁶ Same stad, s. 33.

¹¹⁷ Same stad.

¹¹⁸ Same stad, s. 34.

Spørsmålet om friviljug ordensvern var og oppe på møte i komiteen berre ein månad seinare, i mai 1920. Initiativet kom frå forsvarsministeren, som ville ha Sikkerhetskomiteen sitt syn på korvidt politiet rundt om i landet utan militær bistand ville vera i stand til å dempe eventuell alvorleg uro, samt kor vidt det var ein mogeleg veg å gå å forsterke politiet ved å etablere eit frivilleg ordensvern. Her, som tidlegare, var det eit uttala motiv frå forsvarsministeren si side i det lengste å unngå bruk av militærmakt. Generalstabssjefen uttrykte støtte til eit slikt syn ”i sin alminnelighet”. I dette låg ein reservasjon i høve til det som framsto som ei tilstreba hovudline. For militær maktbruk skulle vera ”det siste middel som man bør gripe til og som når det settes inn bør anvendes med full kraft”.¹¹⁹ Politimeisteren i hovudstaden hadde ei nokså identisk oppfatning, idet han meinte at ”der burde ventes lengst mulig, spesielt med å la avdelingene skyte på mengden”.¹²⁰

Det var imidlertid eit problem at politiet i hovudstaden ikkje hadde tilstrekkeleg styrke til å avverge uro. Det same kunne byråsjef Enevald Borch i Justisdepartementet opplyse var tilfelle for resten av landet. Meir omfattande og vedvarande uro, ville politiet ikkje kunne kontrollere

I sine konkluderande merknader, som tykkjест ha vore samrøystes, fann komiteen heller ikkje å kunne tilrå at det vart oppretta eit sivilt ordensvern, sjølv om dette var underlagt politiet. Komiteen gjekk så langt som til å gå inn for at det i samband med utarbeiding av ny politilov vart lovfesta at ordensvern utanføre politiet sine rekkjer ikkje skulle anerkjennast, men tvert imot verta forbode.

Ekspedisjonssjefen i Forsvarsdepartementet meinte likevel at det var vesentleg skilnad på opprør som omfatta større deler av landet og mindre streiker: ”I første tilfelle må det være fullt berettiget å anvende et ordensvern etter opfordring av regjeringsmyndigheterne, derimot ikke ved mindre streiker”.¹²¹

Det avgjerande for Sikkerhetskomiteen, etter sluttuttalinga å døma, (sjølv om det kom til uttrykk noko sprikande oppfatningar), var at ein ordensvernstyrke for å vera effektiv måtte kunna opptre med autoritet og legitimitet. Fleire av representantane såg ein fåre i at så ikkje ville verta tilfelle med dei framleggja som var presenterte. Det som derimot kunne oppfylle slike krav, var ein regulær reservepolitistyrke knytt til dei eksisterande politistyrkane.

¹¹⁹ Same stad, s. 28.

¹²⁰ Same stad.

¹²¹ Same stad, s. 29.

5. Exit Sikkerhetskomiteen...

Den siste dokumenterbare verksemda innan Sikkerhetskomiteen er møtet 3. august 1920.

Etter dette finst ikkje spor etter han, og mest truleg opphørde han kring denne tida å eksistere. Lars Borgersrud hevdar rett nok at ”komiteen (har) siden overvåket landets indre sikkerhet”, men det vert ståande som ein påstand utan kjeldemesseg belegg, vel å merke relatert til Sikkerhetskomiteen.¹²² (At det også etter at Sikkerhetskomiteen opphørde med si verksemd har funnest eit samlande og overordna organ med den indre tryggleik som mål, er ei anna sak, som imidlertid fell utanføre rammene for føreliggjande arbeid).

Nils Ivar Agøy har ei noko anna oppfatning. Han skriv at ”Sikkerhetskomiteen opphørte å fungere høsten 1920. Den ble ikke erstattet av noe annet forum hvor militære og sivile i detalj drøftet indre sikkerhetstiltak”.¹²³

Det finst ikkje noko strengt empirisk belegg for å ta standpunkt til kva som skjedde med komiteen etter august 1920, men visse holdepunkt er til stades som gjev grunnlag for å presentere ei oppfatning som inneheld rimeleg grad av truverde. Svaret på kvifor verksemda opphørde må såleis verta av antydande karakter.

Kanskje er det mogeleg å kome nærmare eit svar om det vert gripe fatt i uttrykket ”fungere” om Agøy her nyttar og ser det i relasjon til det å ”eksistere”. (Det er hermed ikkje sagt at Agøy er inne på denne tankegongen). For det finst holdepunkt for påstanden etter kvart ikkje fungerte etter føresetnadane som var til stades då han vart skipa i 1918. Utrykt på ein annan måte så var desse føresetnadane såpass endra i 1920 at han då var bortimot overflødig i den beredskapsmessige situasjonen som då herska.

Ein viss peikepinn gjev det såleis at generalstabssjef Ivar Bauck på komitemøte i januar 1920 stillde spørsmål ved komiteen sin funksjon idet han relaterte denne til det opphavelege mandatet frå skipinga i 1918. Han var av den oppfatning at ”komiteen måtte antas å ha fylt det

¹²² Borgersrud, 2000, s. 139.

¹²³ Agøy, 1997, s. 412.

den i februar 1918 givne mandat.”¹²⁴ Han stillde og forsvarsministeren spørsmål om det var ynskjeleg med ei endring av mandatet.

Forsvarsminister Aavatsmark ga etter referatet utvetydige svar på begge spørsmåla. Han kunne opplysa at komiteen framleis var i verksemd, og at eventuelle beredskapsmessege tiltak måtte vurderast innan rammene av det opphavelege mandatet. Dette var i januar 1920, mens det altså etter august same året ikkje har vore mogleg å finne spor etter vidare møteverksemd i Sikkerhetskomiteen.

Komiteen opprettheldt altså verksemda si nokre månadar til, men det må spørjast om ikkje fleire tenkte i same banar som generalstabssjefen: At Sikkerhetskomiteen hadde utspelt si rolle slik denne var tenkt og fastsett i dei spesielt usikre tidene i byrjinga av 1918. Dvs. at det var slik generalmajor Bauck ga uttrykk for: Mandatet var oppfylt. Beredskapen mot indre uro var no, i 1920, av eit heilt anna omfang og av ein heilt annan karakter enn eit par år tidlegare, slik at han vart ivaretaken av dei tiltaka som i mellomtida var sette i verk, og der Sikkerhetskomiteen hadde hatt sin plass. Dette virkar i seg sjølv som ei truverdig forklåring på kvifor komiteen opphøyrd hausten 1920.

I tillegg kan og takast med som ei supplerande forklåring at dette kaskje var eit litt tunggrodd og lite effektivt apparat, særleg i mobiliseringsaugnemed. No hadde komiteen rett nok først og framst oppgåver av meir strategisk karakter, det meir langsigtinge perspektivet. Likevel kan det hende at det veks fram ei erkjenning av at ein slik arena som jo og Sikkerhetskomiteen var, ikkje var det som trongst i beredskapsarbeidet framover.

Oppsummeringsvis så er det med ovanståande framstilling vanskeleg å fastslå korleis Sikkerhetskomitén kan plasserast som aktør i beredskapen mot indre uro, kva betydning han hadde og kva rolle han faktisk spelte. Ut frå mandat, samansetjing og dagsorden, er det ikkje vanskeleg å slutte seg til framstillingane til Agøy, Borgersrud og Fure, som alle tildeler han ein sentral posisjon i planleggjinga av beredskapen. Men dette er ikkje det same som at han hadde ein avgjerande posisjon. Ei sak er at ein slik påstand har noko kontrafaktisk ved seg. Eit anna spørsmål er kvifor han då høgst truleg opphøyrd å eksistere i 1920 (etter august finst ikkje spor etter han). Eit tredje moment som tyder på at Sikkerhetskomitén i alle fall ikkje var uunnværleg, var at han ved eit par høve tydelegvis var litt ”bakpå” i høve til aktuelle hendingar,

¹²⁴ RA, GSIV 310, møterferat, Sikkerhetskomiteen.

Det tykkjест heller ikkje vera dekning for å hevda at det fanst ulike strategiske posisjonar når det gjaldt beredskapen mot ein indre fiende. Når det gjaldt slike sentrale faktorar som fiendebilete, trugsmålsnivå og haldninga til å nytte repressive tiltak, tyktest komitèen tala med ei røyst. Det har såleis ikkje vore mogeleg å påpeika noko i retning av eit systematisk skilje mellom militære på eine sida og sivile og politiske haldningar og vurderingar på andre når det gjeld sentrale strategiske spørsmål.¹²⁵ Men – kanskje var det slik at komitèen framsto meir samrøystes enn det som faktisk var tilfelle?

Sikkerhetskomitèen sitt eksistensielle grunnlag, frå skipinga og gjennom dei vel to åra det er mogeleg å dokumentera eksistensen hans, var framst ein beredskap mot bolsjevisme og revolusjon i Noreg. Dette siste utgjorde eit bakgrunnsteppe for alle typer aksjonar og hendingar som kunne karakteriserast som indre uro.

For komitèen tykkjест tre faktorar å ha stått sentralt. Den eine var overvaking av og dermed (på førehand) kontroll med arbeidarrørsla. Den andre var eit eige (hemmeleg) militært ordensvernapparat, som var det einaste med repressivt potensiale sterkt nok til å kunne takle omfattande uro og revolusjonære utbrot. Den tredje gjekk ut på å halde attende lengst mogeleg når det gjaldt faktisk bruk av militære styrkar mot indre uro, som kunne virke provoserande og dermed utløyse kaotiske tilstandar. Atterhald, men ikkje nøle med å slå til med kraft om det verkeleg gjaldt tykkjест ha vore eit overordna strategisk motto for så vel militær som civil innan Sikkerhetskomitèen.

I kva utstrekning denne strategiske tankegangen vart praktisert, skal takast opp i neste kapittel gjennom to sentrale skriv frå Justisdepartementet frå 1918, korleis dei vart fylgde opp fram mot 1920, samt Sulitjelma- og Kirkenesekspedisjonane same året.

¹²⁵ Agøy meiner t.d. at fiendebiletet også på sivil side var prega av dei rapportane den militære etterretninga produserte. I materialet frå Sikkerhetskomiteen finst imidlertid ikkje noko som tyder på at det fans teit vesentleg skilje mellom militære og sivile og politiske vurderingar. Sjå t.d. Agøy 1997, s. 406.

Kapittel III. Revolusjon? Beredskapsmønster dilemma 1918 1920.

” Der har i den senere tid vært skrevet meget i avisene angaaende den politiske stilling i vort land. Da jeg nu snart et aar har færdes bland arbeiderne af den røde garde type, og saaledes haft rik anledning til at høre deres tanker og sociale meninger fremholde, vil jeg ikke undlade at meddele dem, som stortingsmand, at der gjennemgaaende raader en forferdelig forbitrelse og had mod alle de ”store” samt mod det bestaaende samfund i sin helhed. Det er den almindelige opfatning, at der maa en revolution til, og at alle, som har det bedre enn dem, maa dø. () Kunde ikke det ærede Storting gjøre noget for at lempe paa arbeidernes kaar og forhold, saa vi kunde slippe dette forfærdelige, som synes at true os. () Arbeiderne er gjenstand for suggestion – indpodet af fanatikere – selv formaar de ikke at danne sig sunde, fornuftige meninger, men følger blindt sine ledere. Her ligger Stortingets opgave: at ta sig af arbeiderne, baade socialt og mateielt”.¹²⁶

”Jeg ved det nu ulmer og gjærer fryktelig i en del av folket, der kun vil og skal have alt andre har uden mindste ansvarsfølelse eller forpligtelse mod samfundet – har dessverre hørt adskillige udtalelser om, at nu skal her snart blive andre greier.

Herr statsraad! Lader det sig ikke gjøre fluksens fra øvste militært hold at kue helt fra roden dette soldaterraad i Tronghjem? Har virkelig som Aftenposten skriver ca 2000 militærpligtige tilladelse iflg. Loven at være medlem paa denne maade af et raad som kun vil opløse al orden i sit land og antgl. Danne en ny røde garde ? Ligesaa denne Tranmæl – en danske – har han lovlig ret til at fortsætte som han gjør – kan der ikke peges paa et eller andet forræderisk mod land og rige og den mand faa en kugle heller end at tusinder af borgere og kanske vor kjære

¹²⁶ Privat brev datert 23.02.18 fra Henrik Henriksen til stortingsrepresentant Marcussen, RA, FDA pk. 4626.

konge med, om et par aar skal lumskelig blive myrdet! Intet er masserne dog saa red som pludsleg energisk handling, det lammer dem. Det synes jeg tyskerne er greie i at bevise”¹²⁷.

Sitata ovanføre er utdrag frå lengre skriv frå to privatpersonar åpenberrt prega av revolusjonsfrykt. Kan hende hadde akkurat desse lita eller inga påveknadskraft andsynes sine respektive addressatar. Dei er likevel tekne med som innleiing til føreliggjande kapittel (det kan gjelde neste og for den sak skuld) pga. representativiteten. Styremaktene, særleg dei som hadde ansvar for beredskapen mot indre uro, motok stadig slike skriv.¹²⁸ Dei tykkjест utan unntak å ha dreia seg om å advare styremaktene om den fåre som trua, og/eller å forsikre seg om at styremaktene hadde situasjonen under kontroll og var budde på å ta dei naudsynte stega for å halde tryggje det beståande samfunn.

Som det går fram av sitata, var desse innspela krasse både i stil og innhald, dels med foraktfylde haldningar andsynes arbeidarrørsla. Den ”gemene hop” av arbeiderarar vart knapt sett på som samfunnsmessege aktørar, men meir som ein viljelaus mob eller hjelpelause stakkarar der botemidler mot desse tilstandane var skremsel andsynes mobben og sosial innsats andsynes stakkaren. Leiarane var fárlege fiendar av samfunnet det måtte slåast hardt ned på, i verste fall måtte dei elimineraast.

I si grunnhaldning var dette oppfatningar som nok var utbreidde innan borgarlege krinsar. Den russiske revolusjonen og revolusjonære oppreistar andre stader i Europa framsto som truande hendingar, også for tilhøva i Noreg. Den politiske radikaliseringa som gjekk føre seg innan arbeidarrørsla virka skremmande og vart sett på med otte innan heile det borgarlege samfunn.

Styremaktene var i ein annan posisjon enn desse ”alarmistane”, i kraft av at dei nettopp var styremakter. Dette ga m.a langt betre føresetnad og mogelegheiter når det gjaldt å halde seg orientert om kva fiende ein sto andsynes og kva trugsmål han representerte. Dei hadde og politisk-taktiske omsyn å ta. I kva grad dei vart påverka av de mottekne breva er vanskeleg å ha ei eksakt formeining om, men det er rimeleg å gå ut frå at dei neppe var utan betydning. Også styremaktene var i høgste grad alarmerte av det dei oppfatta som eit revolusjonært

¹²⁷ Privat brev til forsvarsministeren, undertekna ”officersfrue” datert 13. ei. 17.02.18. RA, FDA pk 4626.

¹²⁸ Mengda er vanskeleg å ha noko formeining om, men ein del av dei hamna i departementsarkiva eller i dei militære arkiva.

trugsmål vinteren og våren 1918, noko gjennomgangen av Sikkerhetskomiteen i førre kapitlet gjev innblikk i. Dette kapitlet skal gå vidare inn i dei tema som var på agendaen til Sikkerhetskomiteen.

Beredskapen mot indre uro vart særleg frå vinteren og våren 1918 innretta mot også å møte ein revolusjonær situasjon, dvs. det som vart oppfatta eller framstilt som eit opprør med makterobrande eller maktendrande siktet mål og fylgjer. I førre kapittel vart det synt at dette utgjorde ein bakgrunnsscenario for etableringa av Sikkerhetskomiteen, og at det i vesentleg grad sette dagsordenen for aktiviteten i komiteen. Denne dagsordenen syner avgjort ein vilje til repressiv maktbruk, men åpenberrer samstundes ambivalente haldningar og reservasjonar til slik form for maktutøving. Det vart peika på at dette primært måtte forståast som problem knytt til strategiske posisjonar og konfliktlinjer som fanst i det norske samfunnet.

Dette kapitlet tek for seg same tidsrommet som det føregåande, åra 1918 til 1920, og framstillinga vil vera sentrert kring to problemfelt. Det eine dreier seg om trugsmålsoppfatningar og –framstillingar frå styremakthald, det andre om repressiv inngripnad mot indre uro.

Når det gjeld fyrstnemnde, så vil ei trugsmålsframstilling i større eller mindre grad framstå som ein konstruksjon. Eit fiendebilete er eit konstruert bilet, der faktisk eller reelt (objektivt) trugsmål berre utgjer eitt element i ei samansett framstilling.¹²⁹ Kva andre element som er til stades i eit fiende- eller trugsmålsbilete vil kunne variere i frå tilfelle til tilfelle og er såleis eit konkret empirisk spørsmål. Her skal berre reint ålmant påpeikast at det kan tenkjast fleire grunnar til å operere med eit bestemt trugsmålsbilete, men som eit viktig motiv må framhevest eit ynskje om å setje dagsordenen.

Beredskapsapparatet besto av ulike nivå, men var sjølv sagt meint å opptre som ei samla eining, eitt apparat for å skjerme samfunnet mot uro og åtak mot staten og styremaktene. Dette utgjer imidlertid ikkje nokon garanti mot at ulike syn, oppfatningar og vurderingar kan gjeira seg gjeldande innan apparatet. Kor djupt slike mogelege avvik stikk, er avgjerande for kor effektiv beredskapen er og korleis han kan vurderast og karakteriserast. Dette utgjer problemfokus i føreliggjande kapittel.

¹²⁹ Sjå t.d. ”The Fabrication of Deviance”

Det som her skal undersøkjast er trugsmålsbiletet som gjorde seg gjeldande hjå ulike aktørar og instansar med ansvar for beredskapen mot indre uro. Kor stor grad av samsvar fanst mellom ulike nivå innan beredskapsapparatet når det gjaldt vurdering og framstilling av kva trugsmål samfunnet var konfrontert med? Det dreier seg om sentrale og lokale sivile instansar og aktørar, så vel som sentrale og lokale militære instansar og aktørar. Det dreier seg og om sivile versus militære framstillingar. Var dei avvikande og kva var eventuelt grunnlaget for ulike oppfatningar?

Når det gjeld det andre problemfeltet, repressiv maktutøving, er det overordna spørsmålet som skal stillast dette: Kva var utfordringa knytt til det å møte trugsmålet mot indre ro og orden med repressive tiltak? Som med det første problemfeltet, skal også her dei ulike deler og nivå av beredskapsapparatet stillast mot kvarandre. Siktemålet er å kaste lys over i kva grad det var samanfallande syn og vurderingar når det gjaldt repressiv maktbruk mot ein indre fiende hjå dei beredskapsansvarlege aktørane.

Spørsmålet om trugsmålsbiletet vart og teke opp i førre kapitlet. Det ga i liten grad grunnlag for å påstå at det fanst avikande syn frå ein nokså iaugnefallande konsensus innan Sikkerhetskomiteen. Karakteren av kjeldematerialet må truleg i stor grad svare for det. Kortfatta, samanfattande referat må med naudvende utelate nyansar og divergensar som kanskje kan visa seg å vera vesentlege og gje grunnlag for ei meir fullstendig eller til og med ei anna forståing.

Kapitlet om Sikkerhetskomiteen ga imidlertid i nokon grad innblikk i kva barriærar som fanst mot bruk av militære maktmiddel mot ein indre fiende. Vonaleg vil det føreliggjande kjeldematerialet gje høve til å gå meir i djupna også her. Det same gjeld eit anna dagsordentema hjå komiteen, det å gjera bruk av utanom-apparatslege aktørar, såkalla privat borgarvern, der det og kom til uttrykk nokså restriktive haldningar.

1. Ein politikonsulent sine vurderingar.

Justisdepartementet hadde ein i staben sin som bar tittelen ”inspektør og konsulent i politisaker”. Kva status og plassering han hadde innan det departementale hierarkiet er ukjårt, men sakene han hadde på bordet sitt til uttaling februar 1918, ei frå Generalstabben og to frå

politimeistaren i Trondheim, var alvorlege nok. Dei dreia seg alle om fåren for revolusjonære opptøyer. På bakgrunn av desse utarbeidde han eit notat om trugsmålssituasjonen, samt vurderte mogelege mottrekk.

Sjølv om Generalstaben berre baserte seg på eit ”forlydende om” at den russiske regjeringa hadde planar om å sende 50 000 soldatar til Noreg, og at politimeisteren i Trondheim i sin rapport bygde på ei ”oppsnappa utsegn” om at anti-militaristar var i ferd med å tilegne seg våpen frå depota i byen, så kunne han ikkje berre leggje dei i ei skuff. Avsendarane var sentrale beredskapsmessege instansar. Den tredje rapporten, som omhandla skipinga av arbeidar- og soldatråd i Trondheim, kunne heller ikkje ignorera. Desse kunne representera ein alternativ maktarena med sentral betydning under eventuelle revolusjonære opptøyer.¹³⁰

Om dei innrapporterte sakene tyktest vera baserte på lause rykter, så oppsto dei ikkje i eit vakum. Når konsulenten skulle kontekstualisere dei, så passa dei vel inn i eit mønster, der den russiske revolusjonen spøkte i bakgrunnen. Han tok og rapportane på alvor fordi ”der for tiden blant de yderliggaaende elementer inden de norske ungsocialister er adskillig gjæring. Revolutionen i Russland synes at virke smittende.”¹³¹ Sjølv om dei politiske tilhøva i Noreg var svært ulike dei russiske, så var det norske samfunnet ikkje vaksinert mot revolusjonære utbrot. Ikkje berre fanst ”ukritiske” og ytterleggåande element, også hjå dei han kalla ”mer rolige og besindige” kunne m.a. rasjoneringspolitikken ”ha fremkaldt en bitterhet, som kan gi sig uoverveielige utslag”.¹³²

Departementskonsulenten opererte med eit noko samansett trugsmålsbilete. At den russiske regjeringa hadde planar om å sende 50 000 soldatar til landet, karakteriserte han som ”løst snak” som han på dåverande tidspunkt ikkje fann grunn til å etterforske vidare. Han såg derimot ein meir aktuell føre i framveksten av arbeidar- og soldatråd, som han frykta kunne utvikle seg i retning ei rørsle med potensiale til å utfordre dei etablerte politiske institusjonane og representera ein alternativ maktabase til det eksisterande maktutøvande apparatet. Og, trass i store sosiale og politiske skilnader mellom samfunnstilhøva i Noreg og det før-revolusjonære Russland, så fanst eit grunnlag også i Noreg for sosial misnøye. Med dei ”ekstreme” kretene kom i leiarposisjonar, kunne det eksplodere også her.

¹³⁰ Rapporten frå ”Justisdepartementets inspektør og konsulent i politisaker” er stila til Justisdepartementet og datert 11. feb. 1918.

¹³¹ Same stad.

¹³² Same stad.

Justisdepartementet sin inspektør og konsulent var truleg ein heller nøktern mann, som ikkje ynskte å dramatisere. Han kasta seg ikkje utan vidare på meir eller mindre spekulative rykter. Han var nok og av den oppfatning at dei eigentleg revolusjonære kreftene besto av eit mindretal av aktørar. Men spørsmålet om opprør og revolusjon i Noreg var likevel eit spørsmål som ikkje kunne avfeiast, situasjonen framsto som uviss og uforutsebar. Det fanst alarmerande trekk som måtte takast på alvor. Han meinte difor at det var naudsynt for styremaktene både å halde seg à jour og samstundes føreta mottrekk med sikte på at tilhøva skulle tilspisse seg. Kva mottrekk såg han føre seg i denne situasjonen?

Konsulenten sitt utgangspunkt var då kor godt eigna beredskapsapparatet var til å møta ein kritisk situasjon.

"Det spørsmål oppstår da, om statens ordensvern er sterkt nok til at kunne forhindre uroligheter, som måtte kunne opstaa, og om på hvilken maate man heldigst skulde indrette sig for at møte eventuelle uroligheter med brudd paa den lovlige orden. Politistyrken i vort vidstrakte land er som bekjent saa faatallig og daarlig utstyrt, at den i tilfelde av masseoptøier paa de allerfleste steder vil bli staaende magtesløs. Selv i de byer, som kan siges at ha et etter folkemengden nogenlunde avpasset politikorps som Kristiania, Bergen og Trondhjem, vil politiet alene ikke kunne dempe masseuroligheter. For slike tilfælder maa derfor sørges for at militærhjelp av tilstrekkelig styrke til enhver tid kan tilkaldes. Angaaende størrelsen av den militærstyrke, som for det enkelte tilfælde ansees fornøden, bør konferanse finde sted mellom vedkommende politimester og vedkommende militære distriktschefer."¹³³

For politikonsulent Anton Eriksen framsto militærapparatet ikkje berre som ei beredskapstryggjing i siste instans, men og som ein første buffer. Sjølv i dei største byane ville politiet vera for veikt til å meistre utbrot av alvorleg uro. Beredskapsapparatet var i realitetten utgjort av militærapparatet når det gjaldt beredskapsmesseg tyngd.

Det er og å leggja merkje til at samstundes som han ga uttrykk for erkjenning av militærapparatet si heilt avgjerande betydning for beredskapen, let han det ikkje vera utelukkande eit militært spørsmål å avgjere storleiken på ein eventuell militær inngripnad. Det

¹³³ Same stad.

er rimeleg å sjå dette i lys av den herskande tankegongen om at det overordna ansvaret for beredskapen skulle plasserast hjå dei sivile styremaktene. Det kjem her til uttrykk eit mogeleg strategisk dilemma. Beredskapen var basert på og heilt avhengig av militær operativ tyngd, samstundes som det var dei sivile styremakter, inkludert politiet, som hadde det endelege ansvaret og såleis var plassert i ein overordna kontrollposisjon. Ein slik fundert kime til strategiske spenningar innan beredskapsapparatet kunne som vist i førre kapitlet identifiserast innan Sikkerhetskomiteen. Dette dilemmaet er drøfta av Agøy. Eit hovudpoeng hos han var korvidt den militære leiinga hadde eigne motiv for nokre av utspela sine.¹³⁴

Utover å peike på militær mobilisering mot eventuell indre uro, tok konsulenten til orde for ei konsekvent linje når det gjaldt rettsleg inngripnad mot agitasjon oppfatta som revolusjonær for å ”skaffe respekt for gjeldende lov og rett. Straffebestemmelser har man nok av - -”¹³⁵. Han tilrådde difor ”- - at ethvert tilfælde, hvor der offentlig opfordres til ulydighet mot gjeldende lov, strengt forfølges og paatales”.¹³⁶

Justisdepartementet sin politikonsulent såg utan tvil føre seg at det kunne inntreffe ein situasjon med det han oppfatta som revolusjonær oppstand vinteren 1918, sjølv om han var skeptisk og heller avvisande til å handla på grunnlag av lause rykter. Som mottrekk tok han til orde for strafferettsleg forfylgjing for å hindre spreiling av revolusjonær agitasjon, samt militær innsats mot uro av truande omfang og karakter.

2. Mot eit fastare beredskapsgrep.

4. mars 1918 sende Justisdepartementet rundskriv adressert til samlede amtmenn med tittelen ”Om samarbeidet mellom politiet og militärmagten til sikring av beholdninger m. v. samt opretholdelse av ro og orden”. Skrivet var underteikna justiminister Otto Blehr og ekspedisjonssjef Knud Øien.¹³⁷

¹³⁴ Agøy 1997, s. 413 – 420.

¹³⁵ Same stad.

¹³⁶ Same stad. Dei lovane han siktar til, er m.a. ”opprørslovene” som er nemnde i kapittel I.

¹³⁷ Kor,

Som det går fram av tittelen, tykkjест den overordna intensjonen med skrivet ha vore å oppnå ein beredskap der den sivile og den militære delen inngjekk i meir koordinerte relasjoner innanføre rammene av ein einskapeleg beredskapsplan.¹³⁸ Siktemålet var då rett og slett ein beredskap som i organisering og utøvande handling framsto som ei samhandlande eining med klårt definerte kommandoliner og ansvarsrelasjoner.

Skrivet inneheldt ikkje konkrete, eksplisitte trugsmålsvurderingar, utover at det i meir generelle ordelag vart nemnt slike mogelege tilstandar av indre uro som ”oppløp” og ”opptøyre”. Det kan imidlertid vera lite tvil om at det til grunn for skrivet frå Justisdepartementet låg eit trugsmålsscenario der dei nemnde tilstandane og var omfatta av opprør med makterobrande siktemål, altså det som kan karakteriserast som ein revolusjonær situasjon. Skrivet må fylgjeleg i første rekkje forståast i ein trugsmålsavvergande samanheng: Det rådande trugsmålsbiletet aktualiserte at det vart sett i verk strategiske grep, og skrivet 4. mars må forståast som eit grep med eit slikt føremål.

Justisdepartementet kan imidlertid og tenkjast å ha hatt eit anna motiv som supplerte eller gjekk utover avvergeføremålet. To skriv frå den militære leiinga, samt byråsjef Enevold Borch sin reaksjon på dei, kan kaste lys over dette andre mogelege motivet.

I skrivet vert det innleiingsvis vist til to skriv frå Kommanderande General. Desse var daterte eit par veker tidlegare enn departementet sitt rundskriv 4. mars, og adressa var samlede av distriktskommandosjefane. Desse vart her pålagde å setje i verk omfattande beredskapstiltak,¹³⁹ med sikte på å møte mogelege ”angrep av ondsindede”. Den militære topplinginga, som og hadde konferert med forsvarsministeren, gjekk i fyrste omgang, i skriv 12. februar, inn for å sikre militære depot av våpen og ammunisjon. Imidlertid vart det 16. februar sendt ut nok eit skriv, der ”sikring av statens beholdninger i sin almindelighet og av større kommunale beholdninger” og var omfatta av beredskapstiltaka. Utpeika sikringsobjekt var infrastruktur som telegraf og telefon, jernbanar og elektrisitetsverk, samt bankar.

Det skal her ikkje gåast nærmare inn på dei militære trugsmålsbileta i samband med desse to skriva, men det kan konstaterast at det var omfattande tiltak distriktskommandoane vart pålagde å gjennomføre, så omfattande at byråsjef Borch fann grunn til å reagere. Dette gjorde

¹³⁸ Jfr Agøy, s. Sjå og kap. II om Sikkerhetskomitén. Skrivet kom omrent på same tid som Sikkerhetskomitén vart skipa, og ei sentral oppgåve for komitén var nettopp å sikre større grad av koordinering mellom den sivile og militære delen av beredskapsapparatet.

¹³⁹ Skriv frå Kommanderande General til sjefen for 1. – 6. distriktskommando, datert hhv. 12. og 16. februar 1918.

han i form av eit PMet der han temmeleg direkte tok til orde mot å etablere eit så omfattande militært vakthald, spesielt ved sivile anlegg, der dette primært skulle vera ei politimesseg oppgåve. Først når tilstanden eventuelt vart kritisk, ”kan man gå til militær bevogting”. Byråsjefen var av den oppfatning at trugsmålsbiletet ikkje ga grunnlag for så omfattande tiltak som den militære leiinga (inkludert Forsvarsdepartementet?) her la opp til. Departementet var ikkje informert om at situasjonen nokon stad i landet kunne karakteriserast som kritisk.

Eit anna moment for han var at å utplassere så store styrkar kunne ”virke eggende”. Han avslutta PMet slik: ”Stillingen er visselig ikke så presserende, at vi ikke skulde ha tid til rolig at overveie de direktiver, som sendes ut”.¹⁴⁰

Dette fortel at byråsjefen sitt noko avvikande syn i høve til den militære leiinga når det gjaldt utplassering av ein større militær styrke for å møte eventuell indre uro dels kan forklårast på bakgrunn av ulike taktiske vurderingar, dels av at ulike trugsmålsoppfatningar gjorde seg gjeldande.

Når det gjeld det strategiske aspektet, så kan det neppe vera tvil om at byråsjefen såg på den radikalt eller revolusjonært orienterte delen av arbeidarrørsla som eit potensielt alvorleg trugsmål mot den rådande samfunnsorden. Dette hadde han ved fleire høve tydeleg gjeve uttrykk for, m.a. innan Sikkerhetskomiteen. Han må såleis oppfattast som ein heilt sentral aktør i den beredskapsbyggjande aktiviteten frå den posisjonen han hadde. Divergensen hans med den militære leiinga her dreia seg om ei situasjonsspesifikk vurdering: Trugsmålet var rett og slett ikkje på eit nivå som tilsa militær mobilisering av ein slik grad og karakter som det her vart lagt opp til frå militært hald.

Eit anna poeng for Borch som gjorde at han uttrykte skepsis til, eller markerte motstand mot desse to mobiliseringsutspela frå KG, var det provokative potensialet han såg låg i at militære styrkar vart utplasserte i så stort omfang. Anti-militarismen hadde godt fotfeste i relativt store befolkningsgrupper. Det fanst aktørar med politisk agenda som ville gripe ein situasjon med omfattande militær mobilisering i ein anti-militaristisk kampanje, som igjen lett kunne utvikle seg til eit meir omfattande opprør den eksisterande samfunnsorden. Den militære mobiliseringa som KG la opp til, representerte såleis i seg sjølv, i byråsjefen sitt resonnement, ein føre for ei dramatisering av den trugsmålsituasjonen som alt eksisterte. Som eit tredje moment i dette må nemnast eksistensen av ulike aktørar og posisjonar innan

¹⁴⁰ Handskrive P.M. truleg forfatta av byråsjef Borch (ei samanlikning med handskrifta hans frå andre skriv tyder på det) i Justisdepartementet, datert 14. februar 1918.

beredskapsapparatet, som i dette tilfellet refererer seg til den militære og den sivile delen av apparatet. Som tidlegare vist, var det uttrykt brei semje, og frå leiande militært hald, om at indre ro og orden i første rekkje var ei politimesseg oppgåve, og at det såleis var dei sivile styremaktene som hadde det overordna ansvaret for beredskapen.¹⁴¹ Det sto imidlertid samstundes klårt for både dei sivile og militære beredskapsaktørane at politiet var langt unna å ha operativ kapasitet til å meistre meir omfattande uro, som t.d. ei storstreik, som kunne ha samfunnslammande konsekvensar og dermed framstå som eit trugsmål mot den rådande samfunnsorden.

Det var difor uunngåeleg at militære styrkar fekk ein dominerande posisjon innan det operativt utøvande beredskapsapparatet. Samstundes var det nok slik at det på militært hald fanst større grad av oppslutnad om militære beredskapsløysningar, ikkje minst det å gjera synleg, demonstrera militær styrke. Dette kan tykkjast stå i motsetnad til det faktum at det også på leiande militært hald var oppslutnad om det synet at det først og framst var ei sivil oppgåve å møte indre uro. Men meir enn å vera uttrykk for eit paradoks, synleggjer dette snarare eit dilemma, som både dreier seg om vernepliktshæren som aktør under indre uro og militæret som uunnværleg strategisk reserve.¹⁴²

Byråsjefen sitt noko reserverte standpunkt til desse beredskapstiltaka reflekterte truleg og dei synspunkt og vurderingar som gjorde seg gjeldande hjå den politiske leiinga i departementet. Dette kan ha vore uttrykk for avgrensa divergerande oppfatningar,(i dette tilfellet) mellom den sivile og militære delen av beredskapsapparatet, men det kan og forståast i lys av ei meir varig, konfliktline blant dei ansvarlege beredskapsaktørane.

Det er såleis mogeleg å forstå skrivet frå Justisdepartementet 4. mars i ei dobbelt tyding. Den eine dreier seg om trugsmålet den radikalt orienterte delen av arbeidarrørsla representerte. I denne samanheng vert skrivet eit ledd i å etablere eller utvikle ein meir heilskapeleg strategi mot indre uro, opprør og revolusjon, med bakgrunn i eit polarisert trugsmålsbilete, og der det sentrale grepet gjekk ut på ei tettare organisering og betre samhandling mellom den sivile og militære delen av beredskapsapparatet.

Samstundes kan skrivet og sjåast som ledd i ei posisjonering i ein annan samanheng. På militært hald var det alt føreteke ei rekkje beredeskapsmessege disposisjonar for å vera budd på eventuell indre uro. Generalstaben og Kommanderande General hadde pålagt

¹⁴¹ Sjå t.d. kap. II om Sikkerhetskomiteen.

¹⁴² Jfr. dei to førre kapitla om det å nytte vernepliktshæren under indre uro.

distriftskommandoane å setje i verk slike tiltak som vart funne naudsynte på bakgrunn av trugsmålsnivået i dei einskilde distrikta. Det gjekk såleis føre seg stor aktivitet mellom dei ulike militære nivåa for å etablere og sikre ein slik beredskap, slik t.d. dei to nemnde skriva frå militærleiinga syner.¹⁴³ I denne samanheng var det naudsynt for byråsjef Borch og Justisdepartementet ikkje berre å disponere eit adekvat beredskapsapparat mot indre uro og revolusjonær oppstand, slik trugsmålsscenariet framsto vinteren og våren 1918, men og å markere dei sivile styremaktene og den sivile delen av beredskapsapparatet sitt overordna ansvar for indre ro og orden. Rundskrivet av 4. mars kan såleis ha vore tenkt å fylle ei tosidig oppgåve, å sikre ei strategisk posisjonering på to plan. Det avgjort viktigaste var då å møte det som vart oppfatta som trugsmålet frå arbeidarrørsla med ein meir strukturert og samordna beredskap, som m.a. omfatta klårare fastsette kommandoliner. Det utelukkar ikkje at det og kan ha vore eit motiv frå departementet si side å markere og sikre det sivile apparatet sitt overordna ansvar for beredskapen mot indre uro.

I framstillinga ovanføre er det peika på at det var viktig for Justisdepartementet med klårt fastlagde kommandoliner og ansvarsområder. Dette kjem og til uttrykk i ein korrespondanse med politimeisteren i Narvik. Bakrunnen var at politimeisteren ville ha departementet sitt syn på ei ordning han hadde kome fram til med regimentsjefen. Denne gjekk ut på at det vart stilt til disposisjon så stor styrke frå landvernet som tyktest naudsynt for å meistre ein truande situasjon og som så kunne mobiliserast direkte av politimeisteren utanom dei militære kommandolinene om dette ut frå situasjonen tyktest mest føremålstenleg.¹⁴⁴

Departementet reagerte imidlertid negativt på det å nyte ikkje-uniformerte militære mannskap til å utføre politimesege oppgåver under kommando av politimeisteren. Ei slik ordning, som innebar uklåre kommandoliner, vart, ved å vise til rundskrivet 4. mars, karakterisert som ”betenkelig”.¹⁴⁵

¹⁴³ Sjå og t.d skriv frå KG til sjefen for 4.dk., datert 12.02.1918, samt skriv frå Sjefen for Bergens forsvar til 3. swjømilitære dk, datert 23. 02 1918, vedlagt gjenpart av skriv av same dato til sjefen for Vestlandseskadren. Statsarkivet i Bergen. Sjå vidare skriv frå 5. dk til KG, datert 12. 03. 1918. JDA, RA, pk. mrk. ”Den revolusjonære bevegelse i Norge”.

¹⁴⁴ Telegram frå Narvik politikammer til JD, datert 21.04.18. RA, JDA, pk. mrk. ”Den revolusjonære bevegelse i Norge I”.

¹⁴⁵ Telegram frå JD til politimeisteren i Narvik, datert 22.04.18. Same stad.

Justisdepartementet sitt rundskriv av 4. mars vart for øvrig referert til ved fleire seinare beredskapsmessege framlegg til planar, noko som må sjåast som ei stadfesting av den sentrale plassen det fekk i det vidare arbeidet med beredskapen mot indre uro.¹⁴⁶

Det er, som nemnt ovanføre, ikkje funne noko som kunne peike i retning av at Justisdepartementet var mindre merksame på eller uroa over eit mogeleg trugsmål frå den radikale arbeidarklassen enn tilfellet var på militært hald. Eit par veker etter at rundskrivet 4. mars vart sendt, vart eit nytt rundskriv forfatta og sendt samlege amtmenn, der den endelige adressa var politimeistrane. Skrivet var underteikna av Blehr og Øyen, og tema var ”arbeidet med at kontrollere den revolutionære bevegelse”. Problemet var at ”de drivende kræfter i bevegelsen” var utlendingar, hovudsakleg svenskar, men det førekomm også danskar og finnar som opptrødde som revolusjonære agitatorar.¹⁴⁷

Rundskrivet var ein reaksjon etter at m.a. den såkalla detektivavdelinga ved Kristiania politikammer og Generalstaben hadde informert departementet om utanlandske aktørar som dreiv med revolusjonær agitasjon ulike stader i landet, som ved større industrianlegg. Ærendet til (seinare) oppdagelsesjef Johan Søhr går klårt fram av fylgjande formulering: ”Jeg tillater mig derfor at henstille til det kgl. Departements overveielse, hvorvidt det ikke – av hensyn til den gjæring og den farlige agitation, som nu foregår her i landet – er påkrevet at gjøre politimyndigheterne utover i landet opmerksom på disse forhold og tilholde dem at holde den skarpeste opsigt med de utenlandske syndikalister og utvise dem, så snart dertil er anledning”.¹⁴⁸

Dette vart av departementet fylgt opp med nemnde rundskriv, og her vart ord for ord ”detektivsjef” Søhr si trugsmålsframstilling vidareformidla til amtmenn og politimeistrar, utan kommentarar eller supplerande vurderingar. Departementet ga såleis ikkje til kjenne avvikande syn når det gjaldt kva trugsmål desse aktørane representerte, samt at utvisning var

¹⁴⁶ Sjå t.d. ”Regler for opsetning og anvendelse av sikkerhetsvakter, ordensvern og jernbanevakter”, skriv frå GS til KG, j.nr. 2108/21 (nærare datering ikkje oppgitt) RA, pk mr., vidare gjenpart av skriv frå 6. dk til KG, datert 5.mai 1922, RA pk mrk, endeleg rundskriv frå JD til samlege fylkesmenn og politimeistrar som omhandla, ”Veileddning ved anvendelse av militærmakt til opretholdelse av offentlig orden og sikkerhet”, datert 7. nov. 1922. RA, pk. Mrk. ”Den revolusjonære bevegelse i Norge II”.

¹⁴⁷ Rundskriv frå Justisdepartementet til samlege amtmenn, datert 19.03.18. JDA, RA, pk. mrk. ”Den revolusjonære bevegelse i Norge II”.

¹⁴⁸ Skriv frå Kristiania politikammers detektive avdeling til JD, datert 26.02. 18, JDA, RA, pk. mrk ”Den revolusjonære bevegelse i Norge II”. Likelydande innhald hadde skriv frå GS til JD, datert 09.03. same året. Same stad.

eit aktuelt tiltak for å redusere det revolusjonære innslaget i ein situsjon med eksisterande sosiale og politiske spennigar.

På grunn av denne ”for tiden herskende gjæring” hadde Forsvarsdepartementet bede Justisdepartementet leggje fram ein oversikt stader der det var særleg grunn til å frykte uro i samband med arrangementa 1. mai dette året. Lista besto av ei rekke av dei større industristadene, med Kirkenes og Rjukan som geografiske ytterpunkt.¹⁴⁹ Slik freista styremaktene å halde seg à jour og helst vera i stand til å kome dei opprørske kreftene i forkjøpet om det skulle koma til uro av noko slag.

Overvaking og etterretning var avgjerande middel i ei slik posisjonering. I ein merknad til skrivet, forfatta av signaturen E. B. (Enevald Borch), går det fram at dette hadde vore eit tema på komitekonferanse (truleg Sikkerhetskomiteen) i Generalstaben dagen føre. Her ”anså (man) det ønskelig” at politiet sette i verk eit ”målbevisst oplysningsarbeide” dei stadene der dette var aktuelt, m.a.o. eit tettare politisamarbeid når det gjaldt innhenting og utveksling av informasjon om politiske oppfatningar og aktivitetar innan arbeidarklassen. Samstundes vart det teke til orde for å etablere ein sentral instans for denne verksamda. Oppdagelsesjefen i Kristiania vart halde fram sett som eit naturleg val til denne posisjonen, med rapportering til JD og GS.

I samband med dei revolusjonære oppstandane som fann stad i Tyskland i november 1918, vart revolusjonsscenariet igjen, eller ytterlegare, aktualisert også hjå norske styremakter. ”Idet man bringer denne i erindring”, (refererer til rundskrivet av 4. mars, min mrkn.), ”skal man bemerke, at den paagaende revolusjon i Tyskland allerede har medført uro og bevegelse innen de revolusjonære kredser her i landet, og at man har grunn til aa anta, at bolsjevikbevegelsen i Russland søkes utbredt til de skandinaviske lande. Disse forhold maa følges med den skarpeste opmerksamhet av politiet, som bør være forberedt paa aa kunne møte mulige angrep paa myndigheterne.”¹⁵⁰

Det skal her merkjast at det i skrivet, som var underteikna av justisminister Blehr og byråsjef Borch, ikkje vart nytta den noko diffuse, og samstundes vidtfemnande nemninga ”uro”, men vist til eit mogeleg scenario der det vart retta åtak direkte mot styremaktene. Med andre ord

¹⁴⁹ Skriv frå JD til FD, datert 22.04.18. RA, JDA, pakke mrk. ”Den revolusjonære bevegelse i Norge I”

¹⁵⁰ Hemmeleg rundskriv frå Justisdepartementet til samlede amtfolk, datert 28. november 1918.

såg departementet ein oppstand retta mot staten med makterobrande siktemål som eit aktuelt trugsmål det var naudsynt å formidla vidare til og førebu amtmenn og politimeistrar på. Dette var eit trugsmålsbilete basert på ei forestelling om at det gjekk føre seg ei ”bolsjevisering” av arbeidarrørsla også i Noreg, og at ein ”novemberrevolusjon” også her måtte inkluderast i eit mogeleg trugsmålsscenario.

Som førebuande tiltak vart politimeistrane oppmoda om å utarbeide ein plan for ein slik eventualitet. At det her vart rekna med konfrontasjonar av revolusjonær karakter, går klårt fram av departementet si påpeiking av ein slik plan burde inkludere at det vart peika ut stedfortredarar ”om politiets embedsmenn ved et plutselig overfald fra revolusjonært hold skulde bli sat ut av funksjon”.¹⁵¹

For øvrig vart også her den sentrale betydning av overvakning av samfunnsfientlege aktørar og aktivitetar understreka, ei verksemد som skulle gå føre seg på eit interskandinavisk plan, på bakgrunn av eit trugsmålsbilete med internasjonalt perspektiv. Overvakkinga vart særleg framheva som viktig for å få betre oversikt over distrikt der det var særleg grunn til å vente utbrot av uro. Igjen vart opdagelsesjefen i Kristiania peika på som sentral instans for å sikre systematikk i arbeidet med å oppnå kontroll over det som vart karakterisert som samfunnsfientlege aktørar.

Trugsmålsbiletet hadde eit internasjonalt perspektiv over seg, og særleg vart betydninga av å operere på eit interskandinavisk plan lagt vekt på når det gjaldt overvakning av og kontroll med aktivitet som kunne oppfattast å ha eit revolusjonært siktemål, noko som og vart påpeika i skrivet.

I same ærend forfatta byråsjef Borch i november eit skriv med adresse Utanriksdepartementet der intensjonen var å få etablert eit interskandinavisk samarbeid om overvakning av radikale aktørar innan arbeidarrørsla. Bakrunnen han oppga var ”den fremgang den syndikalistiske bevegelse i den senere tid synes å ha hatt i de 3 skandinaviske land”, og også her var det (slik

¹⁵¹ Same stad.

han såg det) den bolsjevikinspirerte revolusjonen i Tyskland han synte til for å søkje skandinavisk samarbeid og koordinering på dette feltet.¹⁵²

Samstundes tok han initiativ til eit chiffert statstelegram til aktuelle politimeistrar for å innkalle til ein konferanse ”til drøftelse av foranstaltninger for å møte en mulig revolusjonær bevegelse”.¹⁵³

Som førebels oppsummerande merknadar av Justisdepartementet sin posisjon når det gjaldt trugsmålsoppfatningar og vurderingar av kva slag inngripnad som var aktuell mot eventuell indre uro i 1918, kan då for det fyrste påpeikast at indre uro i dominerande grad vart forstått som revolusjonær oppstand. For det andre kan det konstaterast at departementet tok fleire initiativ til å få gjennomført tiltak for å møte dette trugsmålet ved å sikte mot å etablere ein heilskapeleg og mest mogeleg adekvat beredskapsplan. Eit tredje moment er at samstundes med denne strategiske posisjoneringa tok departementet til orde for ei viss varsemd når det gjaldt å setje i verk omfattande mobiliseringstiltak av militær art i ein situasjon der det frå departementet si side ikkje vart kalkulert med at det låg føre eit overhengjande trugsmål.

Justisdepartementet kan her ha teke meir omsyn til den politiske heilskapen, eller hatt ei anna forståing for denne og såleis hadde andre taktisk-politiske prioriteringar enn den militære leiarskapen. Ei anna og meir vidtgåande mogeleg forklåring kan vera at den strategiske agenda var avvikande i høve til den militære, noko som skapte grunnlag for mogelege konfliktliner innan beredskapsapparatet. Endeleg må heller ikkje gløy mast at Justisdepartementet, som og peika på ovanføre, kan ha funne det på sin plass å markere ein overordna civil-politisk leiarskap av beredskapen mot indre uro.

Justisdepartementet delte Generalstabens sin otte for dei radikale politiske og til dels revolusjonære straumdraga som med aukande styrke gjorde seg gjeldande frå vinteren og våren 1918, men markerte eit visst korrigerande standpunkt i modererande retning når det gjaldt GS sine framlegg om å iverksetje meir omfattande militære beredskapstiltak. Rundskrivet 4. mars kan såleis ha hatt eit dobbelt strategisk siktet mål: I fyrste rekke eit initiativ for å styrkje beredskapen mot indre uro, men samstundes ei klårgjering og stadfesting av ansvarsrelasjoner og kommandoposisjonar innan beredskapsapparatet.

¹⁵² Skriv frå JD til UD, datert 12.11.18. Pakke RA, ”Den revolusjonære bevegelse i Norge II”. Rett nok er skrivet merka ”avgår ikke”, men at skrivet av ein eller annan grunn vart trekt attende, kan ikkje slette dei tankelinene som må ha gjort seg gjeldande hjå byråsjef Borch.

¹⁵³ Same stad.

Skrivet hadde adresse samtlege amtmenn. Med politidistrikta som utøvande instans, hadde desse ansvaret for å sikre ein adekvat beredskap rundt omkring i landet. Fylgjande avsnitt skal ta for seg korleis beredskapen mot indre uro såg ut og vart møtt frå desse posisjonane.

3. Politimesege vurderingar og tiltak.

Amtmenn og politimeistrar utgjorde eitt nivå av beredskapsapparatet. Kanskje kunne det og her differensierast, men desse to instansane vert likevel her handsama under eitt. Korleis såg trugsmålet ut frå ein politimeister sin ståstad? Kva slag beredskapsmessege vurderingar vart gjordt, og kva slag tiltak var aktuelle? Poenget er her å få fram eventuelt i kor stor grad oppfatningar og vurderingar på lokalt og distriktsmessig nivå skilde seg frå dei som var gjeldande på sentralt hald.

Amtmennene hadde det overordna ansvaret for beredskapen innan sine respektive administrasjonsområde, medan politimeistrane var tillagt oppgåva å utføra konkrete beredskapsvurderingar samt det operative ansvaret med å iverksetje slike tiltak og disposisjonar som vart funne naudsynte på bakgrunn av trugsmålsbiletet i det aktuelle politidistriktet.

Som vist i avsnittet ovanføre, hadde Justisdepartementet med skrivet 4. mars presentert eit strateginotat m.a. for ein mogeleg revolusjonær oppstand. No var det amtmenn og politimeistrar som skulle syte for at aktuelle og naudsynte tiltak vart gjennomførde. Men korleis framsto trugsmåls- og beredskapssituasjonen frå desse posisjonane? Korleis skulle den indre fiende møtast?

Alt føre Justisdepartementet sende ut sin 4. mars-plan, hadde politimesteren i Skien formidla at han såg med uro på situasjonen, slik det går fram av ein ”situasjonsrapport” han sende til Justisdepartementet i februar, der han m.a. uttrykkjer dette:

"Under henvisning til hemmelig skrivelse av 22.ds. fra opdagelsesjefen i Kristiania () undlater man ikke at meddele, at der også her i byen holder sig rygter, om at alt er organisert til at begynne aapent oprør – avbrytelse av telefon og telegraf, avlivelse av kapitalisterne o.s.v. Man venter etter sigende kun paa ledernes fastsættelse av dagen. Det er derfor for alle tilfældes skyld nødvendig, at man er forberedt paa alle eventualiteter."¹⁵⁴

Slike rykter han her refererer til, levde ofte sitt eige liv, meir eller mindre avhengige - eller kanskje snarare uavhengige - av faktiske hendingar. Kan hende var dei sette i gong eller styrde av aktørar med interesse av at dei tok ei bestemt retning. Når han andsynes Justisdepartementet legg rykta til grunn for si situasjonsskildring, kan politimeisteren såleis hatt ulike motiv. I det minste kan det oppfattast som teikn på at han mente dei hadde eit visst realitetsgrunnlag, og at han såleis ikkje torde sjå bort frå dei. I alle høve ga han uttrykk for å oppleve eit polarisert samfunn med eit eksplosivt potensiale for ein borgarkrigsliknande tilstand når han same plass skriv at "tiderne" (har) "bevirket, at manga borgere av de forskjellige samfundsklasser, har fundet at ville forsyne sig med skytevaaben."¹⁵⁵

Ettersom han såg føre seg eit scenario der "bolsjevikane" hadde planar klåre for, når tida vart sett som moden, å töme dei uvakta eller nære på uvakta militære våpendepota for å skaffe seg meir offensive våpen enn revolverar, foreslo han at dei militære våpna vart gjort ubrukelege ved å fjerne sluttstykka. Politiet disponerte berre det han karakteriserte som defensive våpen (revolverar), og hadde med det lite å stille opp mot ein militært væpna "bolsjevikarme".

Politimeisteren i Arendal venta ikkje på initiativ for ein overordna plan frå departementet føre han sjølve gjekk i gong med å førebu ein innsatsstyrke mot indre uro. Som han sjølve ordlegg seg i skriv til amtmannen:

"I anledning av Justisdepartementets rundskrivelse av 4.ds. tillater jig mig at meddele: Allerede tidlig i vinter, da avisene begynte at skrive om tendenser til optøier, blev der fra min

¹⁵⁴ Skriv datert 25.febr. 1918 frå politimeisteren i Skien til JD. JD jnr. 1634-18a, JD sitt arkiv, pakke "Den revolusjonære bevegelse i Norge I.", pakke A.

¹⁵⁵ Same stad.

side truffet forføininger for at man kunde være forberedt paa mulige optøier ogsaa her i byen”.¹⁵⁶

Dei beredskapstiltaka politimeisteren hadde funne det aktuelt å setje i verk, hadde han gjort greie for i eit skriv i mars. Desse var så pass omfattande og ambisiøse at han hadde funne det på sin plass å titulere skrivet ”plan”.¹⁵⁷

Trugsmålssituasjonen i sørlandsbyen vart ikkje skildra i like dramatiske ordelag som for nedre Telemark sitt vedkomande. Revolusjon og væpna samanstøytar framsto åpenberrt ikkje som like aktuelle hendingar, å døma etter framstillinga i dei to skriva. Politimeisteren sin beredskapsplan var likevel sett opp med det i siktet at ein slik situasjon kunne oppstå og i Arendal og det kringliggjande distriktet.

Beredskapsplanen frå Arendals politikammer, som var oppsett etter tre konferansar mellom representant for den militære distriktsleiinga og politimeisteren, var ein ”plan for anvendelse av infanteriavdelinger – 100 mand – til assistanse for politiet i Arendal i tilfelle optøier”.¹⁵⁸ Dette kan ikkje karakteriserast som noko anna enn ein spesialstyrke mot indre uro, ein opprørsstyrke mot ein indre fiende, samansett av eit utplukka, ”paalitelig” og ”skikket” mannskap med ein eigen, spesialtilpassa og hemmeleg mobiliseringsplan, og som såleis opererte på sida av det ordinære militære apparat.

Planen, som var utarbeidd under påstått tidspress, gjekk temmeleg detaljert inn på korleis utrustning og væpning skulle gå føre seg, korleis mannskapa skulle fordelast på ulike møtestader kring i byen og distriktet, og han inneholdt ein oversikt over kva bygningar, føretak og institusjonar tillagt strategisk betydning som skulle sikrast og forsvarast ved eventuelt utbrot av opprør.

Planen framheva betydningen av å sikre overtak: Denne særskilt oppsette militærstyrken måtte etablerast som ei permanent eining som var slagkraftig og lett mobiliserbar.

Som lekk i å sikre avskrekkingspotensiale og slagkraft, hadde politimeisteren inngått ein hemmeleg avtale med torpedobåtgruppa under 3. sjømilitære distriktskommando om at det i

¹⁵⁶ Skriv fra Arendals politikammer til Amtmannen i Nedenes amt, datert 29. april 1918. JDA, RA, pakke A, ”Den revolusjonære bevegelse i Norge 1918 I”

¹⁵⁷ ”Planen”, som er underteikna kaptein Gundvaldsen og politimeisteren, er datert 17. mars, altså etter rundskrivet frå JD 4. mars, men slik han ordlegg seg 29. april, er det rimeleg å oppfatte det slik at dette var tiltak som var planlagde føre 4. mars.

¹⁵⁸ Skriv frå Arendal politikammer (truleg) til Amtmannen i Nedenes, datert 17. mars 1918, JDA, pakke A: ”Den revolusjonære bevegelse i Norge I”, RA.

tilfelle uro kunne disponerast to torpedobåtar. Desse var underlagt ordinære militære kommandoliner og skulle ved truande uro innta hamnebassenget i Arendal: ”Den ene torpedobåt skal i tilfælde legge sig i ”Pollen” (), den andre i Kittelsbugt. – like i nærheten av Provianteringsraadets lager”.¹⁵⁹ Resonnementet var då at når desse marinefartya ”med sine lyskastere bestryker kaierne og retter sine kanoner mot land, og sikringsstyrken marscherer op der, hvor folkemassen er verst, antar jeg, at dette vil være tilstrekkelig til, at politiet ved hjælp av nogle mandskaper fra den militære avdeling kan faa ryddet gaten utenfor det eller de steder, som er gjenstand for angrep, og faa paagrepet urostifterne”.¹⁶⁰ Politimeisteren meinte erfaring hadde synt at ”der staar saadan respekt av militæret, at dettes tilsynskomst vil bringe ro tilveie”.¹⁶¹

Han hadde imidlertid konstruert ytterlegare eit scenario der uroa heldt fram sjølv ved dei miliære styrkane sitt nærvær ”f. exp. ved at enkelte skarer drager omkring i byen og øver voldshandlinger eller skremmer befolkningen, paa anden maate, vil sterke militærpatruljer og politipatruljer formentlig kunne bringe orden tilveie”.¹⁶²

Politimeisteren rekna med at ein slik demonstrasjon av fysisk makt ville møtast med så stor respekt blant dei større folkemassane at dei ville gje opp vidare freistnadar på å skape uorden. I tillegg til denne maktframsyninga sto det for han som sentralt å arrestere leiarar og det han kalla ”urostiftarar” og ”oppviglarar”.

Og om uroa enno heldt fram? I så fall gjekk planen ut på meir direkte repressiv maktutøving ved å sperre av dei sentrale delene av byen og drive folkemassane vekk derifrå, samstundes som havneområdet vart patruljert av torpedobåtane. (Den sentrale bykjerna er i stor grad lokalisert kring havneområdet).

Dei beredskapsansvarlege styremaktene i Arendal og Nedenes hadde ein nokså detaljert utarbeidd plan for korleis eit mogeleg opprør eller mogeleg uro i distriktet skulle møtast. Spørsmålet er så kor aktuelt eit slikt scenario var i Arendal.

Politimeisteren såg ikkje at det låg føre nokon umiddelbar føre for uro og opptøy. Ulik kollegaen i Skien si framstilling av situasjonen der, tyktest det lite truleg at det skulle oppstå

¹⁵⁹ ”Plan” osv.

¹⁶⁰ Skriv frå Arendals politikammer til Amtmannen i Nedenes, datert 29. april 1918. JDA, RA, pakke A, ”Den revolusjonære bevegelse i Norge 1918 I”.

¹⁶¹ Same stad.

¹⁶² Same stad.

borgarkrigsliknande tilstandar i hans distrikt. Han såg likevel ikkje bort ifrå at det låg føre eit grunnlag for sosialt og økonomisk funderte opptøyer i den foreliggende forsyningssituasjonen. Matopptøyer vart såleis peika på som eit mogeleg uromoment i trugsmålsbiletet. Det var mangel på elementære basisvarer som brød og poteter. I verste fall kunne dette tenne ein gneist som kunne utvikle seg til noko som var vanskeleg å få kontroll over. Dette tykjest ha vore politimeisteren i Arendal sitt verste trugsmålsscenario vinteren og våren 1918, og som han m.a. fekk sett i verk tiltak for å sikre ein beredskap mot.

Føre det kom så langt som til konfrontasjon, hadde han imidlertid von om at befolkninga ville la seg roe ned gjennom ei betring i visse sider ved forsyningssituasjonen, slik som auka tilgong på fisk, samt hermetisk og salt kjøt. Politimeisteren såg og den taktisk-politiske føremona som kunne liggje i at ein tillitsvald frå sosialistisk side hadde eit utøvande leiarskap over rasjoneringa” idet man derved unngaar mistanke fra arbeidernes side om, at rationeringen ikke foregaar retfærdig”.¹⁶³

Dei beredskapsmessege planane og disposisjonane politimeisteren i Arendal presenterte tok såleis sikte på meir dramatiske tilstandar enn det det umiddelbare trugsmålsbiletet kunne tyde på. I tråd med eit slikt utvida perspektiv på trugsmålssituasjonen planla han beredskapstiltak med naudsynt maktpotensiale til å møte ein slik eventualitet.

Samanlikna med situasjonsskildringa frå politimeisteren i Arendal, formidla politimeisteren i Tromsø eit meir ”nervøst” trugsmålsscenario som inneheldt større grad av akutt konfliktspotensiale. Slik han formulerte seg i eit skriv til stiftsamtmannen, var dette tider ”da socialistbevegelsen mer og mer aapenbart setter sig som maal og arbeider for at arbeiderklassen med vold skal overtage magten - - ”.¹⁶⁴

Om han med dette ikkje såg for seg ein overhengjande fåre, fremja han likevel eit slags overgripande trugsmålsscenario der dei radikale førebudde seg på å erobre samfunnsmessege maktposisjonar gjennom revolusjonære handlingar. Beredskapstiltaka han presenterte, hadde då og eit slikt trugsmålsperspektiv for auge. Eit aktuelt spørsmål vert då kva grunnlag han hadde for å operere med eit så dramatisk trugsmålsbilete?

¹⁶³ Same stad.

¹⁶⁴ Skriv frå politimeisteren i Tromsø stila til stiftsamtmannen, datert 13. febr. 1918. JDA, RA, pakke ”Den revolusjonære bevegelse i Norge I”.

Skrivet hadde som føremål eit sterkare militært nærvær i Tromsø, m.a. ved å stasjonere eit militært vaktskip i byen, slik tilfellet hadde vore under konflikten på Spitzbergen året føre.¹⁶⁵ Den ”resolutte” militære innsatsen, som han kalla det, hadde då etter hans oppfatning vore ein styrkedemonstrasjon andsynes dei streikande arbeidarane, som vart tvinga på defensiven og lei nederlag.

Tromsø oppfatta han i overveiande grad å vera ein ”borgerligsindet” by, der arbeidarrørsla var i mindretal, og, meinte han, nok ville koma til å erfara det, om det kom til konfrontasjon.

Slike oppfatningar kan tykkjast stå i motsetnad til dei meir overordna trugsmålsutsegnene han innleia med. Desse må vel imidlertid i nokon grad sjåast som utslag av ei generelt utbreidd revolusjonsfrykt som gjorde seg gjeldande hjå styremaktene og innan borgarlege krinsar. Det fanst imidlertid trekk ved den konkrete situasjonen som uroa han slik at han fann grunn til å setja i verk akutte beredskapsmessege åtgjerder. I eit slikt ærend sende han 23. februar telegram til Justisdepartementet med følgjande ordlyd: ”Arbeiderrådet har sammenkaldt kombinert arbeider-, fisker- og smaabrukermøte. () Tilraader kanonbåten Viking henliggende her i dagene der omkring. Borgerne er nervøse.” Han såg med otte på at den store samlinga av fiskarar i byen ville kunna la seg påverke av agitasjonen frå radikale aktørar innan arbeidarrørsla. Med mangel på drivstoff og følgjande svikt i fiskeria frykta han at fiskarane kunne utgjera ein alliert i eit opprør frå arbeidarane si side. I tillegg fanst ein ikkje ubetydeleg del arbeidslause som og vart sett som potensielle medaktørar under eit mogeleg opprør. Om desse ulike gruppene opptrødde som ein samla aktør, opna det for eit trugsmålsbilete med potensielt meir dramatiske implikasjoner.

På bakgrunn av eit slikt resonnement, og med ein utilstrekkeleg politistyrke til disposisjon om alvorleg uro skulle bryte ut, sytte han for, i samråd med Tromsø Regiment, at det vart klårgjordt ein ”borgarlegsinna” beredskapstropp på 30 mann. Dei måtte såleis reknast for å vera pålitelege, men det framsto som eit dilemma at dei kunne verta tvungne til innsats mot medborgarar.

I tillegg til dei beredskapsmessege åtgjerdene som her er nemnde, situasjonsbettinga tilkalling av militært vaktskip, meir permanent stasjonering av slikt vaktskip, samt etablering av ein særleg beredskapsstyrke, hadde han det preventive rådet til styremaktene å betre situasjonen for fiskarane gjennom å sikre forsyning av drivstoff slik at dei kunne kome seg ut på

¹⁶⁵ Sjå føreliggjande arbeid kap. I, s. 20 – 23.

fiskefelta. Slik meinte han det var mogeleg å eliminere fiskarane som medaktør og alliert i tilfelle aksjonar frå arbeidarhald.

I tillegg til denne mogelege alliansesplittinga meinte politimeisteren å sjå ein annan faktor som gjorde det mindre truleg at det ville koma til eit truande opprør i Tromsø. Ikkje berre var arbeidarane i mindretal, fleirtalet av dei var i tillegg å rekna som moderate:

”Saavidt jig har kunnet følge med i hva, der er passert inden socialistleiren, var vistnok meningen fra først av at benytte 8de til en mer ondartet demonstration, men at de besindige elementer under et natlig møte den 7de har gått av med seiren og tat bestemt avstand fra den ungsocialistiske del---”.¹⁶⁶

Likevel fanst faktorar som gjorde at han nærde ei viss frykt for at situasjonen skulle hamna ut av kontroll for ordensmakta, noko i retning gatekampar mellom arbeidrarar og borgarlege. Om ein stor del av arbeidarane var moderate, så var leiarane meir radikale og låg i politisk retning tettare opp mot den ungsosialistiske fløya. I denne situasjonen såg han det som eit mogeleg scenario at eit ”nervøst” og ”forbitra” borgarskap ”i selvforsvar vilde ta i bruk sterke midler”.¹⁶⁷ Ein slik situasjon, som han samanlikna med borgarkrig, representerte eit alvorleg trugsmål og var noko han ville unngå ved å opprette eit sterkare militært ordensvern, slik han han hadde teke initiativ til.

Desse beredskapsfremjande tiltaka hadde støtte frå stiftsamtmann Klaus Hoel. Ei påteikning til politimeisteren si orientering hadde denne ordlyden: ”Jeg tror indkaldelsen av bevogtningsfartøyet var en nyttig foranstaltning, som virket dempende til den ene side og beroligende til den anden”.¹⁶⁸

Korleis kan den posisjonen stiftsamtmannen her inntok karakteriserast?

Påteikninga gjev uttrykk for det han meiner å konstatere som ein faktisk verknad av eit akutt beredskapsmesseg tiltak. I hans konfliktbilete var den konflikthindrande verknaden to-sidig: På eine sida ein barriere mot handling frå arbeidarrørsla si side, som, på andre sida førde til mindre ”nervøsitet” og meir føling av tryggleik innan borgarlegsinna krinsar. Status quo kunne oppretthaldast.

¹⁶⁶ Skriv datert 11. mars 1918, underteikna politimeister Irgens. RA, JDA, pk. Mrk. ”Den revolusjonære bevegelse i Norge I”.

¹⁶⁷ Same stad.

¹⁶⁸ Same stad, påteikning datert 13. mars 1918.

Han hadde dermed utført si oppgåve med å sikre ro og orden, men denne form for maktutøving frå styremaktene si side gjorde neppe at dei framsto som ein upartisk aktør sett frå arbeidarane sin posisjon.

Som vist ovanføre, hadde Justisdepartementet gjennom rundskrivet 4. mars fremja noko som kan karakteriserast som eit overordna beredskapsmesseg grep med sikt på truande uro, som og omfatta ”worst-case”- tilfellet ein revolusjonær situasjon. Politimeisteren i Tromsø responderte på departementet sitt utspel ved å leggja fram ein oversikt over igongsette beredskapstiltak i byen.¹⁶⁹

Det faste politikorpset talde få personar, og var såleis ute av stand til å meistre uro som nådde eit visst omfang. Mobiliseringsklåre militære styrkar var difor avgjerande for ein beredskap med adekvat operativt styrkepotensiale, som var siktemålet med planen hans. Dette representerte ikkje noko særtrekk i høve til beredskapen i andre politidistrikt. Tvert imot, den ståande operative beredskapen mot indre uro besto i det vesentlege av militære einingar. Militærer sin plass i beredskapen hadde då og vore eit repeterande tema m.a. på dagsorden til Sikkerhetskomiteen (jfr. førre kapitlet).

Justisdepartementet ga imidlertid uttrykk for ein viss otte andsynes amtmannen for at den beredskapsplanen politimeisteren i Tromsø hadde presentert, åpna for at det kunne etablerast ein sivil borgargarde med uklåre kommandoliner. Ein slik ”frittshevande” sivil garde kunne imidlertid ikkje få aksept frå departementet. Heller ikkje frå militært hald vart det gitt tilslutnad til eit slikt utspel. Beredskapsavdelingar var anten av militær karakter og sto då under militær kommando, eller det kunne og dreie seg om ekstraordinært oppsette sivile mannskap, men då under kommando av politimeisteren.¹⁷⁰ Det sentrale argumentet mot politimeisteren i Tromsø si organisering av beredskapen, både frå Justisdepartementet og frå den sentrale militære leiinga, handla såleis om dei uklåre kommandolinene dette åpna for, samt føren for at denne type beredskapstiltak kunne framstå som ein borgargarde som opererte i tillegg til og på sida av det statlege apparatet. Det dreia seg såleis om mogeleg tap av kontroll over (deler av) beredskapsapparatet, og med det ei frykt for ei utvikling i retning ein borgarkrigsliknande situasjon, m.a.o., ein meir eller mindre ukontrollerbar, konfronterande klassekrig.

¹⁶⁹ ”Lokaldetasjement i Tromsø. Instruktioner for detasjementets chef m.v.” Skrivet er av politimeisteren datert 14.03.18. RA. JDA, pk. mrk. ”Den revolusjonære bevegelse i Norge I”.

¹⁷⁰ Statstelegram frå JD til stiftsamtmannen i Tromsø, datert 30.03 1918. Same stad.

Førestillinga om det planlagde, brå og koordinerte åtaket på samfunnet sine institusjonar og maktposisjonar kom ofte til utsyn frå vinteren 1918. Dette var tilfellet hjå politimeisteren i Aker, då han vende seg til Justisdepartementet med sikte på å få oppsett ein meir slagkraftig militær styrke i stand til ”saa hurtig som mulig at faa dem” (dei opprørskre aktørane, min mrk.) ”slaat ned,” noko han meinte ville vera avgjerande for å lukkast i å nedkjempe opprøret. I det minste var dette argumentasjonslina hans andsynes departementet.¹⁷¹

Politimeisteren i Narvik var og oppteken av å etablere ein særskild styrke for å møte uro. Den umiddelbare bakgrunnen var utsiktene til streik blant gruvearbeidarane langs Ofotfjorden (dei hadde sagt opp plassane frå 1. mai). Han hadde imidlertid tenkt seg ei anna løysning på beredskapsproblemet, som gjekk ut på å utvide politistyrken ved å ta ut militære mannskap til polititeneste, altså ein særskilt oppsett urostyrke innan politiet. Han var likevel uviss på om det ville vera innanføre rammene for det lovlege å nytte militære mannskap på ein slik måte, og vende seg difor til Justisdepartementet for ei klårgjering.¹⁷²

Departementet fant imidlertid ordninga ”betenkelig” og svara, med referanse til 4.mai-skrivet, at politiet ”faar, om det ikke alene klarer ordenens opretholdelse, begjære militær hjelp”.¹⁷³ Med andre ord: Om militære mannskap skulle nyttast mot indre uro, skulle det skje nettopp som militære, innan rammene av dei militære kommandolinene. Dette var eit prinsipielt standpunkt departementet hadde gjeve uttrykk for ved fleire høve, m.a. i Sikkerhetskomiteen.

I Bergen hadde politimeister Christian Grundt etter Justisdepartementet sitt rundskriv 4. mars kome fram til ein avtale med 4. distriktskommando som gjekk ut på å etablere ein mobiliseringsplan delt inn i ulike fasar. Kva fase det var aktuelt å setje i verk, var bestemt av omfanget av eventuell uro. Slike militære einingar som kravde involvering av høgare militært beslutningsnivå eller som var stasjonert i geografisk fjernare områder tok det fyldigeleg lengre tid å mobilisere til innsats. Såleis høyde t.d. 3. og 4. kompani av 10. regiment til Hardanger bataljon, og desse kunne det ta opptil fleire dagar å setje inn i operativ teneste. Det same var tilfelle for noko som vart kalla ”det militære ordensvern”, som besto av mannskap frå 9. regiments landvern. Panserskipet ”Harald Hårfagre” som og utgjorde del av beredskapsstyrken oppsett for mobilisering, kunne derimot vera operativ etter 1-2 timer. Etter

¹⁷¹ Avskrift av skriv frå politimeisteren i Aker til amtmannen i Akershus amt, datert 27.02.1918. RA, GSA.

¹⁷² Telegram frå Narvik politikammer til JD, datert 21.04.1918

¹⁷³ Same stad.

politimeisteren sitt overslag besto heile beredskapsstyrken av kring 1000 mann, inkludert ei mitraljøsetropp, der ”hver avdeling har et par mitraljøser”.¹⁷⁴

Det må såleis seiast ha vore ein presuntivt slagkraftig militær styrke politimeisteren i Bergen kunne rapportere om til Justisdepartementet. I ordensvernsamanheng var det i fyrste rekke Bergen by som var rekna som problemområde innan 4. kommandodistrikt.¹⁷⁵

Politimeister Christian Grundt var budd på å nytte våpenmakt om situasjonen tilsa det.

I august 1920 såg han dette som aktuelt, slik han ordla seg i eit heller alarmistisk skriv til Justisdepartementet. Dette var rett etter kommunearbeidarstreika i byen, då ordensvernet vart mobilisert i relativt stort omfang.¹⁷⁶ Det han kalla ”leiarane i Folkets hus”, og som han nytta nemninga ”bolsjevikar ” om, gjekk det rykter om dreiv med smugling av maskin gevær frå Russland og Finland. ”Folkets hus” var synonymuttrykk for arbeidarrørsla, i det minste den mest radikale delen av ho, og det dreia seg ikkje berre om Bergen. Våpensmuglinga gjekk føre seg over større deler av landet, slik ryktet fortalte. Politimeister Grundt kopla dette til andre rykter, og då var vegen kort til det revolusjonære åtaket: ”Bolsjevikgesandten Litvinof (Kjøbenhavn) skal ha uttalt, at jordbunden i Norge var godt forberedt for bolsjevismen. Det burde være sammenheng i denne uttalelse og det oven oplyste”. Med eit så alvorleg trugsmålsperspektiv som han her let kome til uttrykk var vegen ikkje lang til ein ”auge for auge”-logikk når det gjaldt hans råd til styremaktene for korleis ein slik situasjon måtte møtast. Politimeisteren i Bergen såg i skrivet føre seg eit mogeleg revolusjonært åtak. Han såg og føre seg at eit trugsmål av det slaget dette representerte måtte stansast med våpenmakt, eller trugsmål om bruk av våpenmakt: ”Maskin geværer maa møtes med maskin geværer”.¹⁷⁷

Det er mogeleg politimeisteren i Bergen faktisk frykta revolusjon, m.a. fordi han såg våpensmugling i samanheng med det han kalla russiske og finske revolusjonsagentar som skulle ha til oppgåve å utbreie bolsjevismen. I alle høve nytta han ein slik argumentasjon i si åtvaring og tilråding andsynes dei sentrale beredskapsansvarlege styremakter.

Politimeisteren baserte seg på informasjonar frå ”paalidelig hold”, og det var neppe å venta at departementet utelukkande på eit slikt grunnlag skulle setje i verk operative beredskapstiltak.

¹⁷⁴ Skriv frå Bergen politikammer, underteikna Chr Grundt, stila til stiftamtmannen i Bergen og vidaresendt til Jd.. Dateringa er 27. 04. 1918.

¹⁷⁵ Jfr. Korrespondanse mellom

¹⁷⁶ Om kommunearbeidarstreika i Bergen i 1920, sjå T. Gran og

¹⁷⁷ Same stad som note 47.

Visse steg vart likevel tekne i den retning. Skrivet vart vidareformidla så vel til Forsvarsdepartementet som til politimeistrane i Kristiania og Trondheim, samt svar gjeve til politimeisteren i Bergen, m.a. for å sikre at distriktskommandanten på Bergenhus var varsle. Denne teksten var frå først av tenkt sendt som sifrert telegram, men dette vart truleg omgjort til brev. Dette kan vel tolkast dit at Justisdepartementet nok tok politimeisteren i Bergen sine åtvaringar på alvor og såleis fylgte ein prosedyre for å informere andre aktuelle beredskapsaktørar.. Det er uklårt om, eventuelt i kva omfang, militære tiltak vart sette i verk etter politimeisteren sine alarmprega åtvaringar.

4. Samanfatning.

Justisdepartementet mottok rapportar frå politidistrikt frå heile landet om trugsmåls- og beredskapssituasjonen, der planlagde og iverksette beredskapstiltak vart presenterte. Dette var dei beredskapsansvarlege i dei ulike distrikta pålagde av departementet, slik det m.a. går fram av rundskrivet av 4. mars, men i tillegg og uavhengig av dette mottok departementet politirapportar der siktemålet var å informera dei sentrale styremaktene om aktiviteten til radikale aktørar og krefter innan arbeidarrørsle i akuelle områder.

Rapportane frå politimeistrane/amtmennene syner i det vesentlege samanfallande oppfatningar når det gjaldt fiendebiletet.(Den potensielle) motstandaren var arbeidarrørsle, meir spesifikt dei delene av ho som var influerte av og fremja radikale og revolusjonære tankar og oppfatningar. Det gjorde seg gjeldande ei frykt såvel for sosialt grunna uro som for politisk motiverte opptøyer. Grensene var her flytande og i ein viss, beredskapsmesseg forstand irrelevante: Uro representerte ein potensielt ukontrollerbar situasjon, og det eine kunne dessutan lett leie over i det andre.¹⁷⁸ Forestillinga om og frykta for bolsjevikinspirerte, revolusjonært motiverte åtak på samfunnsinstitusjonane, frykta for opprør og kaos som enda i kollaps i dei eksisterande maktstrukturane, representerte den mest ytterleggående fiendekonstruksjonen, og utgjorde ein vesentleg bakgrunnsfaktor i trugsmålsbiletet og

¹⁷⁸ Om ulike former for protest og opprør, sjå Craig Calhoun. Sjølv om hans tekst handlar om England i ein tidleg fase av industrialiseringa, er han ikkje utan relevans m.o.p. ei analyse av karakteren til ulike former for protest og uro.

beredskapsplanane mot indre uro. Dette kjem som vist klårt til uttrykk t.d. innan Sikkerhetskomiteen og i Justisdepartementet sitt rundskriv 4. mars 1918.

Gitt dette underliggende fiende- og trugsmålsbiletet gir politimeistrane sin korrespondanse med Justisdepartementet samstundes inntrykk av variasjonar og nyansar i det meir umiddelbart føreliggjande trugmålsbiletet i dei ulike distrikta. I nokon grad må dette tilskrivast skilnadar i det aktuelle konfliktnivået eller føreliggjande konfliktpotensiale, slik dette vart oppfatta kring i dei ulike distrikta. Førekomsten av og aktiviteten til radikale aktørar frå arbeidarrørsla hadde opplagt ei avgjerande betydning i så måte, noko politirapportane ber preg av. Andre høve kan imidlertid og ha spela ei rolle og bidra til å forklare slike skilnader. I tillegg til objektive tilhøve som ein faktisk føreliggjande eller potensiell konfliktsituasjon må subjektive faktorar tilleggjast vekt. Når det gjeld trugsmålloppfatningar og vurderingar er slike avgjort til stades og er med på å danne eit trugsmålsbilete. Trugsmålssituasjonen i Tromsø opplevdest truleg meir akutt enn i Arendal. Imidlertid er det ein annan faktor som også må reknast som mogeleg, nemleg at det fann stad ulik grad av dramatisering av tilnærma same trugsmålssituasjonen.

Ein annan faktor som må nemnast er tilhøvet mellom den radikale eller revolusjonære delen av arbeidarrørsla og den medir moderate. Den varierte i dei ulike delene av landet og frå stad til stad, men evna, truleg og viljen, til å utnytte dette skismaet var nok ulikt blant beredskapsansvarlege aktørar som t.d. politimeistrar og amtmenn. Det ser imidlertid ut til at det å bøte på og forebyggje sosial naud vart sett som eit strategisk virkemiddel for å demme opp for uro, og såleis redusere fåren for at dei radikale kretene fekk ein meir dominerande posisjon.

Dei beredskapsmessege førebuingane dei ulike politidistrikta sette i verk etter initiativ og pålegg frå sentrale styremakter hadde sin bakgrunn i eit perspektiv som høyrde til den meir ekstreme delen av trugsmålsskalaen: Ei særskild militær beredskapsoppbyggjing mot indre uro der førestillinga om det bolsjevikinspirerte åtaket på den herskande samfunnsorden utgjorde ein sentral komponent i eit meir samansett trugsmålsscenario.¹⁷⁹ Som vist var dette eit scenario som også dei sentrale beredskapsstyremakter opererte med. Det var eit scenario som

¹⁷⁹ Denne militære beredskapen har, m. a. Lars Borgersrud og Nils Ivar Agøy levert omfattande dokumentasjon av. Borgersrud (årstal) ?, Agøy 1997 ?

nok var til stades og ved meir avgrensa arbeidaraksjonar, slik at også slike vart sett på som eit mogeleg første trinn i ei meir alvorleg hendingsrekke, intendert eller ikkje.

Rapporten frå politikonsulent Anton Eriksen i Justisdepartementet avspeglar i stor grad det som kom til å verta departementet si hovudline i beredskapen mot indre uro frå byrjinga av 1918 og dei næraast påfylgjande åra. Meir autoritativt kjem dette fram i rundskrivet av 4. mars, ”Om samarbeidet - -”. På militært hald, inkludert Forsvarsdepartementet, var det alt teke skritt for å møte revolusjonære utbrot. Justisdepartementet hadde med sitt utspel 4. mars ei to-sidig siktemål: Ein meir einskapeleg, integrert beredskap og samstundes signalisere til dei militære kor den overordna leiinga for beredskapen låg. I høve beredskapen sin militære profil måtte departementet iblandt moderere dei militære.

Fiendebiletet var endra i skjerpende retning. No var det revolusjonstrugsmålet som utgjorde det dominerande problemet, særleg fordi det hadde forgreiningar ut over Noreg sine grenser.

Som og synt i kapitlet om Sikkerhetskomiteen, var dette eit strategisk perspektiv som gjorde seg gjeldande i tilnærma like stor grad innan Justisdepartementet som hos militærleiinga og Forsvarsdepartementet.

Neste kapittel skal gå nærmare inn på oppfatningar og vurderingar innan innan ulike deler av beredskapsapparatet når det gjaldt fiende- og trugsmålsbiletet, samt ulike tiltak som vart drøfta og eventuelt sette i verk.

Kapittel IV. Trugsmål, beredskap og ulike ståstader.

Beredskapsapparatet var ein samansett heilskap som besto av ulike organisatoriske einingar og instansar i ulike posisjonar og med ulike oppgåver. Det er i dei to føregåande kapitla vist at dei øvste ansvarlege styremaktene var opptekne av at beredskapen var mest mogeleg samkøyrd og hadde sett i verk tiltak med koordinerande og integrerande siktemål for å sikre at beredskapsapparatet opptredde og handla som ein aktør, og der kommando- og ansvarstilhøva var klårt definerte. Dette var likevel ingen garanti mot at det oppsto ulike og avvikande vurderingar både når det gjaldt fiendesyn, kven han var og kva slag trugsmål han representerte. Det same gjaldt og spørsmålet om korleis han skulle møtast, generelt og prinsipielt, samt i konkrete, meir eller mindre akutte situasjonar der konfrontasjon framsto som mogeleg.

Dette kapitlet skal fokusere på denne problematikken gjennom å undersøkje nokre saksområder og situasjonar der det var aktuelt å iverksetje beredskapsmessege tiltak. Eit hovudspørsmål er om institusjonell plassering eller geografisk lokalisering kan bidra til å forkläre trugsmålvurderingar og aktuelle handlingsval, og dermed og til at eventuelle avvikande oppfatningar og vurderingar gjorde seg gjeldande. Såg t.d. problemet, enn sei perspektivet, annleis ut frå Generalstabens sin ståstad enn det gjorde på lågare nivå innan militærapparatet? Det same spørsmålet kan stillast når det gjeld tilhøvet mellom Forsvarsdepartementet og Justisdepartementet og mellom Justisdepartementet og andre nivå av den sivile delen av beredskapsapparatet, likeeins om det låg føre vurderingsskilnader eller motsetnader med strategiske implikasjonar langs ein sivil – militær akse.

1. Juss og politikk i kontrollen med revolusjonære aktørar og grupper.

Ein viktig føresetnad for å vera i stand til å meistre ein revolusjonær situasjon var å kontrollere dei revolusjonære gjennom å halde dei under oppsikt og kjenne deira aktivitet, eventuelle planar om revolusjonær verksemd, deira oppslutnad og styrke. Eit system og apparat for å gjennomføre dette var difor ein ikkje uvesentleg del av beredskapen.

”Kunnskapsmenn”, oppdagelsespoliti, generalstaben sitt etterretningskontor og samarbeid over landegrensene for å innhente og utveksle opplysningar om revolusjonær aktivitet var sentrale element av dette overvakingsystemet. Ei form for overvaking var post- og telegrafkontroll andsynes personar mistenkte for revolusjonær aktivitet.

Forsvarsdepartementet hadde i februar 1918 skrive til Justisdepartementet med sikte på å få sett i verk post- og telegrafkontroll andsynes leirarar for rørsla for ”militarismens avskaffelse ved masseaktion” (”Trondhjemskomiteen”). Departementet ynskte å føreta denne inngripnad med heimel i lov nr. 5 av 24. juni 1915, men var uviss på om denne lova kunne nyttast til å gjennomføre ei slik kartlegging.¹⁸⁰

I eit skriv til riksadvokaten som vedrørde Forsvarsdepartementet sin førespurnad, fremja Justisdepartementet imidlertid det syn at denne lova ikkje kunne nyttast til ein slik omfattande kontroll.¹⁸¹ Dette var ei lov som primært var tenkt nytta i krigstid, og departementet peika på at landet ikkje var i krig. Det handskrivne manuskriptet er, som så ofte, ført i pennen av byråsjef Enevald Borch. Utover det skulle lova berre takast i bruk i slike tilfeller der det låg føre mistanke om brot mot lova om forsvarsløyndomar eller den ålmenne borgarlege straffelov, kap. 8 eller 9. Lova var nærmest ei spionlov, noko justisministeren hadde påpeika då lovframlegget vart handsama i Lagtinget i 1915.¹⁸²

Justisdepartementet argumenterte, i og for seg ikkje overraskande, langs formaljuridiske liner når det gjaldt på kva grunnlag post- og telegrafkontroll kunne setjast i verk mot personar eller grupper som vart rekna for samfunnsfiendtlege. Eit avgjerande skilje gjekk ved om landet var i krig eller ikkje. I ein lengre merknad til skrivet gjekk byråsjefen nærmare inn på kva kriterier som skulle gjelde for om landet var rekna for å vera i krig etter gjeldande lover og reglement.

Denne argumentasjonen frå Justisdepartementet si side utgjorde imidlertid ikkje nokon barriere mot post- og telegrafkontroll. Det er neppe overraskande at Justisdepartementet ikkje var prinsipielt i mot slik inngripnad andsynes radikale ”samfunnsfiendtlege ” aktørar. Lovbruken som skulle ligge til grunn måtte imidlertid vera korrekt, og altså med eit

¹⁸⁰ Skriv frå Forsvarsdepartementet til Justisdepartementet, datert 27.02.18. JDA, RA, pakke

¹⁸¹ Skriv frå Justisdepartementet til Riksadvokaten, datert 04.03.18, med gjenpart til FD samt GS.

¹⁸² Sjå Borch sine merknadar til same skriv.

grunnleggjande skilje mellom krigs- og fredstid. Såleis opna departementet for at § 98 i straffelova kunne vera aktuell for å nyttast for same føremål.

Ei ytterlegare klårgjering av Justisdepartementet sitt syn her kjem fram i eit skriv til politimeisteren i Trondheim. Også her vart det strengt juridiske grunnlaget vurdert opp i mot det politisk/taktiske, eller opportune som det vart kalla.

”Selv om den” (post- og telegrafkontrollen, min mrkn.) ”kan foretages i en utstrekning, som ansees strengt forenlig med lov nr.5 av 24de juni 1915, finder man nemlig at det er forbundet med vesentlige betænkeligheter”.¹⁸³

I merknader til skrivet, som var forfatta av Enevald Borch, tek han opp att det ”uheldige ” i å nytte lova ved dette høvet, idet han peikar på at ho utelukkande var ein reiskap som skulle nyttast når det var tale om ein straffeforfylgjingsprosess, sidan det jo ikkje rådde ein krigstilstand. Sett frå hans ståstad var det trekt opp klåre rammer for når post- og telegrafkontroll etter denne lova kunne nyttast, og i dette tilfellet var ein utanføre desse.

Det er interessant å merkje seg at det kom til uttrykk visse skilnadar dei to departementa imellom både når det gjaldt vurderinga av kva trugsmål soldatrådsrørsla representerte på det aktuelle tidspunktet, og synet på anti-militarisme prinsipielt. I utgangspunktet var Justisdepartementet sin sentrale embetsmann, Enevald Borch, klår på at ”sosialisternes yderste fløi”, i dette tilfellet representert ved soldatrådsrørsla, hadde ”forandringer i rikets statsforfatning” som mål. M.a.o. representerte ho for han eit revolusjonært trugsmål.¹⁸⁴ Gitt dette prisipielle synet, meinte han likevel at det aktuelle tilfellet Forsvarsdepartementet hadde funne grunn til å gjera framlegg om tiltak mot, ikkje var av så alvorleg art at det fanst grunnlag for å trekke vidfemnande slutningar i den retning.

Han stillde vidare spørsmål ved om ”militarismens avskaffelse”, m.a.o. oppheving av verneplikta, innebar eit brot på statsforfatninga, og såleis var ulovleg. Middelet derimot, masseaksjon, måtte utan tvil sjåast som ei ulovleg handling som kvalifiserte for strafferettslege tiltak.

¹⁸³ Skriv frå JD til Trondheim politikammer, datert 30.04.18. RA, JDA pakke” Den revolusjonære bevegelse i Norge I”.

¹⁸⁴ Same stad.

Dei to departementa hadde altså til ei viss grad avvikande syn både når det gjaldt kva trugsmålsnivå det var mogeleg å knyte til den aktuelle saka og anti-militarisme som åtak på statsforfatninga. At forsvarsdepartementet var meir alarmert, kan truleg i stor grad forståast på bakgrunn av at den øvste leiinga her hadde militær bakgrunn, og soldatråd og antimilitarisme vart sett på som eit trugsmål mot militærvesenet sin autoritet i samfunnet.¹⁸⁵ Byråsjefen i Justisdepartementet argumenterte langs ei anna line: Etter Grunnlova var verneplikta ålmenn, ho omfatta alle, men samstundes inneholdt ho ikkje noko forbod mot at verneplikta vart oppheva. Fylgjeleg var det tvilsamt om det å argumentere og arbeide for at verneplikta vart oppheva kunne møtast med rettslege steg frå styremaktene. Han avslutta sin merknad med desse formuleringane:

”Militærvesenets organisation hører i det hele under forvaltningen, ikke under statsforfatningen. () Hertil kan ikke regnes ethvert forhold eller enhver institution, som nævnes i Grundloven.”¹⁸⁶

Med dette hadde han på ein måte peika på militærapparatet si plassering institusjonelt i høve til Grunnlova som underlagt det sivile statsapparatet. Kanskje kunne dette innan militære krinsar oppfattast som ei slags degradering av militærapparatet sin posisjon innan statsapparatet, sjølv om det eigentleg berre var ei konstatering av faktiske høve.

Litt seinare same våren fann Justisdepartementet på ny grunn til å markere seg andsynes Forsvarsdepartementet i ei sak som og dreia seg om post- og telegrafkontroll. Bakrunnen var eit rundskriv frå Generalstabben, ”Post- og telegrafkontroll likeoverfor Bolsjhevik (Syndikalist-) Bevegelsen.”¹⁸⁷ Mottakarar var distriktskommandoane, og korleis dette vart fulgt opp i Trondheim, syner svarskrivet frå 5. dk.¹⁸⁸ Politimeisteren og telegrafinspektøren vart kopla inn. Politimeisteren kunne opplyse at han både hadde gjennomført slike kontrollar mot ”revolutionære førere” tidlegare, og at han akta halde fram med det. Telegrafinspektøren på si side ville føreta kontroll av telegram til dei av ”Bolsjhevik-førerne” politiet ga namnet på.

¹⁸⁵ Agøy har også tillagt den militærfaglege bakrunnen til toppleiringa i departementet for standpunkt i andre samanhengar. Sjå Agøy, t.d. s.

¹⁸⁶ Same stad som note 54.

¹⁸⁷ Skrivet er datert 06.03.18 og er referert til i Skriv frå JD til FD, datert 11.05.18,JDA, RA, pakke

¹⁸⁸ Skriv frå 5.dk til Generalstabben, datert 11.03.18, JDA, RA, pakke

Denne kontrollaktiviteten som var sett i verk etter pålegg frå Generalstaben, vart møtt med ein reaksjon frå Justisdepartementet. Ved dette høvet var det ikkje bruk av den aktuelle lovparagrafen som fekk departementet til å reagere (det var same paragraf, strl.pgrf. 98 hadde peika på i tilfellet referert ovanføre), men det at Generalstaben hadde teke initiativ til og på eiga hand sett i gong kontrollen.¹⁸⁹

Ei første innvending var at det berre var nærare utpeika personar som kunne underkastast slik kontroll, ikkje organisasjonar eller rørsler, slik Generalstaben hadde formulert det i rundskrivet. Ein organisasjon kunne såleis ikkje plasserast under tiltale for åtak på staten, det kunne berre einskildpersonar . Organisasjonar kunne derimot rammast av forbud, om dei t.d. dreiv med statsfientlege aktivitetar.

Ei anna innvending departementet hadde, dreia seg om måten dette var sett i verk på. Militære instansar kunne ikkje utøve slik verksemd på eiga hand, dette kunne berre gjerast under medverknad frå politiet, noko som var fastsett ved kgl. res. av 27. august 1915. I dette tilfellet var den sivile delen av beredskapsapparatet ikkje kontakta.

Justisdepartementet opna for at det kunne vera mogeleg at Generalstaben hadde mangefull kjennskap til resolusjonen frå 1915 og ville gjennom Forsvarsdepartementet ha klårlagt i kva utstrekning post- og telegrafkontroll hadde funne stad utan medverknad frå politiet. Departementet var særleg interessert i om det var sett i verk slik kontroll på grunnlag av mistanke om brot mot kapittel 8 eller 9 i den borgarlege straffelova.

Justisdepartementet tok såleis ikkje stilling til om det reint beredskapsmesseg var grunnlag for å setje i verk post- og telegrafkontroll etter dei aktuelle lovene ved dette høvet. Kritikken som låg i skrivet, dreia seg om ein prosedyremesseg feil: Ein slik inngripnad var ei sak for dei sivile styremakter og kunne i alle høve ikkje utførast utan medverknad frå politiet. Det kan forståast i retning av at Justisdepartementet ynskte å markere ei grense for militær handlingsfridom andsynes dei sivile styremakter i beredskapsaker som hadde med indre uro å gjera.

Også påtalamakta var oppteken av å gripe inn for å stanse det som vart oppfatta som revolusjonær aktivitet før dette fekk breie seg og slå rot i større grupper. Riksadvokaten retta i

¹⁸⁹ Skriv frå JD til FD, datert 11.05.18, JDA, RA, pakke

februar 1918 fokus mot Trondheim og m. a. mot Martin Tranmæl. Dette gjorde han etter tips frå oppdagelsessjefen om ein resolusjon, referert i Aftenposten, vedteken i Trondheim ”under medvirkning av Tranmæl og 3 andre socialistfæller () på et møte av ungsocialistiske klubber”.¹⁹⁰ Riksadvokaten karakteriserte resolusjonen som ”helt revolutionær og opfordrer direkte til oprør og angrep på forfatningen”.¹⁹¹ Han var imidlertid merksam på at arbeidarrørsla var samansett. Det fanst moderate krefter der, og desse, ved dette høvet representert ved Socialdemokraten, hadde vendt ryggen til resolusjonen og, ifylge Riksadvokaten, karakterisert han som ”fuldstændig anarkistisk og antisocialistisk.”

Likevel, idet han støtta seg på oppdagelsessjefen, ”den samfundsfeindlige agitasjon (som) synes at vokse i styrke og at brede sig , at man betimelig burde søke at slaa ned eller hemme bevegelsen med de midler, som politiet og påtalemyndigheten raader over”.¹⁹²

Agitasjonen var ”forbrydersk,” og påtalemakta kunne gripe inn ved rettsleg forfylgjing og tiltale. Dette vart ikkje mindre aktuelt når oppdagelsessjefen kunne opplyse at det truleg gjekk føre seg innsamling av skytevåpen.

Riksadvokaten konkluderte med at ”(D)er synes at være sterke samfundsmessige hensyn, som tilsier, at man nu skarpt møter den anarkistiske bevægelse, fra hvilken også det gamle socialistparti – og ialfald dettes ledelse – i den senere tid har tatt avstand”.¹⁹³

Kva middel påtalemakta kunne nytte i sin innsats for å stanse desse potensielt samfunnsmessige kreftene, var eit vurderingsspørsmål, der ”visse oportunitetsbetraktninger” måtte ligge til grunn. Desse dreia seg om tilhøva i Trondheim, som han føreslo klårlagt gjennom ein konferanse mellom statsadvokaten og politimesteren. Det handla om ”hva situationen – også politisk sett – formenes at kreve.” Dette var eit spørsmål å ta opp med justisministeren.

For riksadvokaten ser problemet altså ut til å ha framstått slik at det på eine sida fanst ei gruppe aktørar med samfunnsmessige målsetjing som det gjaldt å gripe inn mot og stanse med dei middel påtalemakta rådde over. Samstundes, på andre sida, måtte midla vurderast i eit føremålstenleg lys: Kva var mogeleg, utan at det vart tend ein gneist som sette i gong ein større eld? Riksadvokaten sine oportunitetsbetraktnigar dreia seg om å få klårlagt

¹⁹⁰ Skriv frå Riksadvokaten 28.02.18 til statsadvokaten i Trondheim, JDA, RA pakke

¹⁹¹ Same stad.

¹⁹² Same stad.

¹⁹³ Same stad.

mogelege risikable konsekvensar av å føreta ein rettsleg inngripnad, eller, m.a.o. korleis føreta ein inngripnad som ikkje provoserte til opprør.

I sitt svarskriv konkluderte statsadvokaten med at han ikkje tilrådde arrestasjon av Tranmæl. Ein grunn var at politimeisteren oppfatta situasjonen i Trondheim slik at dei negative konsekvensane av ein arrestasjon tyktest større enn gevinsten. Han frykta det kunne føra til opptøyer av eit omfang politiet ikkje ville makta få kontroll over.

Våpeninnsamling, slik det vart påstått av oppdagelsessjefen, hadde politimeisteren ikkje opplysningar om for Trondheim sitt vedkomande. Dessutan hadde det kome statsadvokaten for øyra at Tranmæl ikkje høyrd til den mest ytterleggåande fløya blandt dei radikale.

Statsadvokaten gjekk likevel inn for streng straff i resolusjonssaka. I tillegg til fengselsstraff burde Tranmæl fråtakast statsborgarlege rettar i ti år. Påtalemakta ville såleis tydeleg sende eit varsel også til andre opposisjonelle og opprørslige.

Det som her skal trekkjast ut av denne saka er at påtalestyremaktene i høgste grad var på vakt andsynes revolusjonære og samfunnstruande tendensar innan arbeidarrørsla. Dei var innstillde på å aksjonere med dei middel dei hadde til rådvelde om og når det vart funne naudsynt. Samstundes var det gjort avvegningar både når det gjaldt trugsmålsnivå og det føremålstenlege ved aktuell inngripnad. Det går og fram at ulike nivå kunne vurdere situasjonen noko ulikt.

2. Revolusjon i Finnmark?

Dette avsnittet skal ta opp korleis beredskapsapparatet vart aktivisert på seinsommaren 1920 i samband med rykter om revolusjonær aktivitet i Finnmark. Kor rykta hadde sitt opphav, er uklårt og ikkje så viktig i denne samanheng. Det florerte jo med slike, som mest utan unntak hadde adresse styremaktene. Både den sivile og den militære delen av beredskapsapparatet skal granskast.

Rykta hadde fått Justisdepartementet til å sende koda telegram til amtmann Johan Rivertz i Finnmark med sikte på å få sett igong nærmere undersøkjingar av mogeleg revolusjonær aktivitet, særleg knytt til Vardø og Kirkenes. Amtmannen reiste til Vardø for å konferere med politimeisteren der, noko som resulterte i eit svartetelegram samt eit meir utdjupande skriv til departementet.

Etter konferansen med politimeisteren var amtmann Rivertz ikkje i tvil om at det han kalla bolsjevikleiarane i Vardø førebudde revolusjon. Det var skipa arbeidarråd i byen, og desse vart sett som eit ledd i førebuingane. Dei revolusjonære vart støtta av laste- og lossearbeidarane, samt ”nogle yderliggående blant fiskerne”.¹⁹⁴ Fiskarane som gruppe var rett nok ikkje rekna var å vera særleg opprørske, tvert imot motstandarar av revolusjon, i alle høve med valdelege middel. Dessutan rådde det, hevdet han, sterk interessestrid mellom industriarbeidarklassen og fiskarane, noko som skulle svekkja grunnlaget for ein allianse. Men i økonomisk trонge tider for fiskarane, med delvis feilslått fiske og därlege prisar, var det vanskeleg å føreutsei kva retning eit eventuelt opprør blant arbeidarane ville ta. Frustrasjon over tilhøva kunne og før til at ein vesentleg del av fiskarbefolkninga gjorde samsak med arbeidarane.

Utover dette ”sosiologiske” resonnementet var det eit anna høve som i alvorleg grad forsterka revolusjonsfåren, og det var nærleiken til det sovjetiske Russland. Denne faktoren, som ytterlegare vart aktualisert ved at det var eit visst nærvær av revolusjonære også over grensetraktene til Finland, utgjorde ein betydeleg del av trugsmålsbiletet i Finmark. Ein betydeleg arme ”raude tropper” stod etter dette klåre til å krysse grensa på kort varsel. Det siste var rett nok berre rykter, men, som han uttrykte det, dei kunne vere sanne. Dette var i alle høve det trugsmålsbiletet fylkesmannen formidla til Justisdepartementet. Det var utan tvil av temmeleg alvorleg karakter, sjølv om fåren stort sett var avgrensa til Vardø og Kirkenes.

Han avslutta telegrammet med å gjera framlegg om tiltak for å hindra eller slå attende eit eventuelt opprør. Tilstrekkeleg militær mobilisering samt freista hindre ein allianse mellom arbeidarar og fiskarar ved å hindre forverring av sistnemnde sine økonomiske kår var dei midla han heldt fram.

Når det gjaldt fiskarane sin posisjon i trugsmålsbiletet, utdjupa han dette i eit skriv i tillegg til telegrammet. ”Som nevnt i telegrammet, er der blant fiskerne for tiden ikke nogen stemning

¹⁹⁴ Telegram frå Fylkesmannen i Finnmark til JD, attgjeve i brev til same, datert 05.08.20. JDA, RA, pakke

for voldsomheter, bortsett fra en liten klick av de mest yderliggående (). Flertallet av fiskerne staar i opposition til arbeiderne, fordi de ikke vil nøie sig med prosentvis for arbeide med tilvirkning av fisken, men krever fuld tarifmessig timebetaling, som er uforholdsmessig høi i forhold til fiskeprisen.”¹⁹⁵

Men – trass i dette – situasjonen var ikkje trygg. ”Hvis den økonomiske situationen for fiskerne ikke blev bedre i løpet av høsten, var politimesteren ikke i tvil om, at der vilde bli spektakler. Til at dempe disse, ansaa han den hjelp, som kunde faaes fra Vardøhus fæstning for ganske utilstrækkelig. Antagelig vilde garnisonen ha mere end nok med at beskytte fæstningen og de der opbevarede vaaben (som for øvrig skal være gjort ubrukbarer for uvedkommende)”.¹⁹⁶ Eit lite paradoks her at han nærast ser med fortviling på at våpna er gjort ubrukelege, men det var jo nett fordi dei ikkje skulle kunne nyttast av opprørske hender.

Situasjonen vart ikkje betre av at det i Murmansk skulle vera ein kontgent ”røde” finske tropper.

Han såg og for seg ein krigsliknande tilstand mellom Noreg og Russland, idet han ville ha til stades to marinefartøy ”med en besetning ikke mindre end Heimdals og med tilstrekkelig fart og armering til at kunne ta kampen op mot de Russiske isbrytere”.¹⁹⁷

Fylkesmann Rivertz opererte såleis med eit scenario der revolusjonær oppreist var eit dominerande element, i alle høve i dei austlege delene av Finnmark. Arbeidarråd, aktørar med revolusjon på agendaen, ein misnøgd fiskeribefolkning som mogeleg alliert med dei revolusjonære, samt sovjetmakta over grensa, alt dette perika for han i same lei. Heile det organisatoriske apparat for å etablere eit sovjet-styre i Finnmark var nærast på plass. Arbeidarråda utgjorde ei sentral brikke i gjennomføringa og etableringa av det framtidige sovjetiske maktapparatet. ”Noget andet formaal er der ikke at agitere for, om end dannelsen av arbeiderraad begrundes med den almindelige frase, at det sker til varetagelse av fiskernes interesser og navnlig til fremme av handelsforbindelsen med Nordrussland gjennem kooperativ sammenslutning av fiskerne.”¹⁹⁸

¹⁹⁵ Same stad.

¹⁹⁶ Same stad.

¹⁹⁷ Same stad.

¹⁹⁸ Same stad.

Fylkesmannen hadde presentert sitt trugsmålsbilete andsynes Justisdepartementet, eit trugsmålsbilete han i det vesentlege delte med politimeistrane i Vardø og Sydvaranger. Korleis vart det fulgt opp?

Rettsapparatet vart i første omgang sett på saka. Statsadvokaten vart send til Vadsø for å leie etterforskninga ”i anledning mulige oprørsplaner.”¹⁹⁹ Etterforsninga skulle gjennomførast på grunnlag av ei rekkje paragrafar i straffelova. Ved grunngjeven mistanke om brotsverk opp mot ein eller fleire av paragrafane, skulle ransaking og fengsling føretakast.

Fylkesmannen tyktest ikkje ha vore heilt nøgd med måten departementet valde å gå fram på, som innebar åpen, offentleg etterforskning. Beredskapsansvarlege utøvande instansar i Finnmark hadde konferert med kvarandre og kome fram til ei liste med tiltak på fleire plan for å bryte opp revolusjonstrugsmålet. Interessant er det då å konstatere at dei tok til orde for ei viss varsemd i den innleiande fasen. Såleis ville dei unngå full offentleg etterforskning, truleg fordi dei frykta at det kunne provosera til oppreistar og dermed setje i gong eit omseggripande opprør det kunne vera vanskeleg å kontrollere, gitt det føreliggjande disponibele beredskapsapparatet i Finnmark. Slik dei ordla seg, tyder det på at dei hadde ei oppfatning av å vera i ein viss defensiv posisjon : ”Det vil for tiden ikke være heldig å iverksette offentlig etterforskning, men strengt hemmelige undersøkelser med dertil skikkede detektiver anses påkrevet.”²⁰⁰ Dette kan oppfattast som ei redsle for å manøvrera seg inn i ein utrygg og uoversiktleg situasjon.

Eit anna tiltak dei gjorde framlegg om, var å innskjerpe reglane for kontakt med utlendingar ”kontakt mellom egne og fremmede bolsjevikere”. Vidare tok dei til orde for å sende eit panserskip til området ”(F)or å kunne møte alle eventualiteter, særleg mulige russiske troppetransporter med armerte fartøier---”.²⁰¹ Endeleg gjekk dei inn for at det måtte treffast tiltak for å sikre fiskarane sine levekår, eit sosialt tiltak med det åpenberre siktemål å splitte fiskeribefolkninga frå arbeidarrørsla.

¹⁹⁹ Telegram sendt frå JD til Fylkesmannen i Finnmark 13.08.20, JDA, RA

²⁰⁰ Telegram frå Fylkesmann Rivertz til JD 15.08.20, JDA, RA

²⁰¹ Same stad.

3. Militære førebuingar i Finnmark.

Korleis vart situasjonen i Finnmark denne seinsommaren sett på innan dei militære sine rekkjer?

Ein av dei var sjefen på kommandofartøyet Heimdal. Han sende eit lengre skriv til Kommanderande Admiral som inneheldt ”de vesentlige spørsmål som staar i forbindelse med anvendelse av militærmagt likeoverfor indre uroligheter i Finmark”.²⁰²

Her gjev han til kjenne at han ser revolusjonen i Aust –Finnmark som nærast uunngåeleg. Ein vesentleg grunn til dette er eksistensen av sovjet-makta i aust, med omfattande samkvem og stor trafikk mellom Noreg og Russland. Etter kommandosjefen sitt syn dreia mykje av dette seg om å førebu revolusjon på norsk side. Ein viktig del av desse førebuingane besto i å smugle inn våpen. Og der politimeisteren var i tvil om det juridisk haldbare i å føreta kontroll av mistenkeleg gods om bord i hurtigruta, var den militære kommandosjefen ikkje i tvil: ”Jeg foreholdt ham sterkt at man absolut ikke måtte risikere at for eksempel vaaben eller haandgranater, smuglet ind over grænsen paa denne maate, kunde bli ført videre---.”²⁰³ No vart det ved kontrollen, utført av tollerane, ikkje funne våpen, men 59 kg gullrublar som hørde til bagasjen til redaktør Alfred Madsen, samt notisbøker ”som tør ha adskillig verdi, da de skal gi et godt billede av det intime samarbeidet mellom de norske revolusjonære og sovjetmyndigheterne samt ogsaa om de norske centralorganisasjoners planer med hensyn til arbeidet henimot revolusjon med paafølgende tilslutning til sovjetrusland ”.²⁰⁴

Han teiknar eit biletet der det ikkje er langt unna at verdsrevolusjonen får si utbreiing gjennom Aust-Finnmark, og han meiner t.o.m. å kunne utpeike ein president ”i det sovjetstyrede Østfinmark, naar det maatte bli etableret.”²⁰⁵

Dette høyrdest unekteleg pessimistisk og resignert ut, men kommandosjefen såg store og betydningsfulle oppgåver framom seg. ”Jeg mener vi i Finmark fortiden har et viktig

²⁰² Rapport datert 30.08.20. JDA, RA, pakke ”Den revolusjonære bevegelse i Norge (1918 – 1920) II.

²⁰³ Same stad

²⁰⁴ Same stad.

²⁰⁵ Same stad.

frontstykke mot bolsjevismen aa passe, ikke alene for vort eget land, men for hele Vesteuropa.”²⁰⁶

Han tok til orde for ein ”kraftig optreden fra det nuværende samfunds voktere”. Det måtte praktiserast streng intoleranse andsynes all slag revolusjonær agitasjon, for det borgarlege samfunn måtte ikkje gje sine potensielle mordarar gjestevennskap. Det gjaldt det borgarlege samfunn sitt ”to be or not to be”, som han uttrykte det, og for å sikre sin eksistens måtte dei borgarlege statssamfunn føre ein innbitt forsvarskamp.

Militærkommandanten ga altså uttrykk får å ha sterke førestillingar om at det beståande samfunnet var under åtak frå mektige revolusjonære krefter og der det ”bolsjevikstyrte Russland” var ein sentral aktør.

Korleis kunne då samfunnet verge seg mot eit slikt åtak? Kva mottrekk var mogelege og naudsynte om det beståande skulle makte å stå imot? Trass i at han hadde konstruert eit fiende- og trugsmålsbilete der motstandaren framsto som mektig og representerte eit alvorleg trugsmål, var han likevel optimistisk med tanke på å overvinne trugsmålet. Eit avgjerande punkt i så måte var å opptre fast og bestemt: ”---synes (det) mig klart at det kun er ett som er riktig for os: å skaffe fuld sikkerhet for at der ikke kan ske noget skjæbne svangert her oppe – hvis da saadan sikkerhet overhode kan skaffes, og det kan det etter min mening med helt ringe midler”.²⁰⁷ Grunnleggjande her var tilstrekkeleg militært nærvær, nærmere bestemt eit marinefartøy (”krigsskip”) med slik kapasitet og slagkraft, både når det gjaldt fart og væpning, som situasjonen kravde. Han hadde jo ikkje berre indre uro i tankane, men var innstilt på å at det kunne verta aktuelt å nytte militær makt også mot den ”ytre” fienden, det bolsjevikstyrde Sovjet.

Utover militære maktmiddel hadde han fleire framlegg til korleis samfunnet kunne verge seg mot bolsjevikfåren. Det dreia seg om agitasjon mot bolsjevismen, (”breidt anlagt”), etablering av ein borgarorganisasjon med oppgåve å motarbeide bolsjevikane på alle områder, etterforskning og strafferettsleg forfylgjing av bolsjevikleiarar, hindre kontakt mellom russiske og norske bolsjevikar, øydeleggje kommunikasjonsliner, gjera det umogeleg å smugle våpen og endeleg, tiltak for å betre kåra for fiskarane, slik at fåren for at dei gjorde sams sak med arbeidarane vart eliminert.

²⁰⁶ Same stad.

²⁰⁷ Same stad.

Representanten for dei militære teikna her eit bilet av eit temmeleg polarisert samfunn, med store motsetnadar og spenningar. Kor representativ var han? Truleg fanst mange innan dei militære rekkjer med same eller tilsvarande syn på tilstandane i samfunnet. Det er godt dokumentert, av m.a. Agøy, at dei militære i overvegande grad utgjorde ein vesentleg del av eit konservativt skikt som nokså enkelt greip til alarmistiske framstillingar når det gjaldt radikal og revolusjonær verksemd innan arbeidarrørsla.²⁰⁸ Det utelukkar ikkje at det fanst strategisk meir nøkterne personar med mindre konfronterande haldningars og måtar å gripe inn på også innan dei militære rekkjene.

Det kan forøvreg leggjast til at kommandosjefen hadde førelagt skrivet for Fylkesmannen, som skulle ha gjeve uttrykk for semje både når det gjaldt det vesentlege i framstillinga av situasjonen og det meir prinsipielle syn som kom til uttrykk.

Ein annan militær som ga uttrykk for synspunkt og vurderte situasjonen i Finnmark i samband med undersøkjinga som vart sett i gong seisommaren 1920 var sjefen for 6. divisjon. Han avgja rapport til Kommanderande General etter ei inspeksjonsreise han hadde hatt i Finmark siste halvdel av august.

Ikkje overaskande festa også han merksemد ved "den sterke revolusjonært anlagte agitasjon som finner sted der oppe."²⁰⁹ Han var og oppteken av det betydelege russiske nærværet i Vardø, samt det omfattande samkvemet mellom Vardø og Murmansk. Også han såg dette i lys av eit revolusjonært trykk mot Noreg. Dei radikale personane i Vardø kalla han for agentar for det russiske sovjet-styret, men vedgjekk at det var vanskeleg å gripe inn mot dei ettersom verksemda deira gjekk føre seg åpenlyst. Men parallelt pågjekk ein agitasjon i løyndom "med det formaal å heise den røde fane og etablere et sovjetstyre i Vardø; det siges at denne revolusjon er vel forberedt, og at en sådan revolusjon vil bli støttet ved krigsskibar og soldater fra Murmansk---"²¹⁰ Han tvila imidlertid på at så øyeblikkeleg hjelp ville kome frå Russland.

Eit sterkt militært nærvær meinte han var det som skulle til for å ta motet frå dei revolusjonære: Dei ville då skjøna at det var lite truleg at ein revolusjon ville kunna gjennomførast.

²⁰⁸ Agøy 1997, s.

²⁰⁹ Skriv frå 6.divisjon til KG 01.09.20, JDA, RA

²¹⁰ Same stad.

Det hadde synt seg vanskeleg å koma den revolusjonære agitasjonen til livs gjennom etterforskning og rettsforfygjing, trass i det store omfanget han hadde. Det stranda alltid på prov sterke nok til fellande dom for politiske brotsverk. Divisjonssjefen ga og uttrykk for ei viss misnøye med at Riksadvokaten ikkje hadde gått med på hemmeleg etterforskning , slik Fylkesmannen og statsadvokaten hadde teke til orde for. Ei åpen rettsleg etterforskning stillde han spørsmål ved verdien av.

Han føreslo to militære beredskapstiltak for å møte det revolusjonære trugsmålet han opererte med. Det eine var å auke styrken på Vardøyhus festning, noko Kommanderande General alt hadde bestemt. Det andre var å stasjonere eit panserskip i Vardø, noko som først og framst må sjåast i lys av det påståtte trugsmålet frå Russland. I tillegg føreslo han ei rekke tiltak av sivil karakter, som i hovudsak dreia seg om kontroll av person- og godstrafikk til og frå Vardø.

Samstundes kunne divisjonsjefen rapportere til Kommanderande General om ”liten revolusjonær agitasjon på norsk side ”,²¹¹ noko han meinte i stor grad skuldast at den militære mobiliseringa hadde bidrege til å setje dei revolusjonære i ein defensiv posisjon.

Utover hausten avtok frykta for at det ville koma eit revolusjonært åtak understøtta eller t.o.m. initiert av sovjetstyremaktene. ”Situasjonen nu så vidt forandret både her og i Russland at et panserskibs nærvær neppe lenger er nødvendig.”²¹² Dette gjaldt vel å merke fåren for eit meir akutt utbrot av revolusjonær oppstand, og innebar såleis berre at den eksisterande mobiliseringstilstanden kunne lempast på. Som divisjonsjefen kunne og politimeisteren, som fylkesmannen støtta seg på, konstatera at ”den revolusjonære bevegelse som har hatt sitt sentrum i Vardø, (synes) i den senere tid å ha tapt adskillig terreng”.

Politimeisteren og fylkesmannen hadde imidlertid ei forklåring på dette som gjekk i ei noko anna lei. Dei såg interne problem innan dei revolusjonære rekkjene som ein viktig forklæringsfaktor, ikkje først og framst underlegen styrke i høve til dei militære beredskapsstyrkane. Desse problema skuldast Moskvatesane, som hadde skapt strid innan dei revolusjonære rekkjene, og dermed ført til ei svekkjing av deira posisjon.²¹³ Men – dette var

²¹¹ Same stad.

²¹² Siffertelegram frå fylkesmannen i Finnmark til JD, attgjeve i skriv mellom same datert 30.10.20 . JDA, RA, pakke

²¹³ Om Moskvatesane, sjå Per Maurseth

truleg berre ei midlertidig svekkjing, ein ny bylgje med revolusjonær aktivitet kunne når som helst dukke opp igjen. Det var difor ikkje på tale med noko svekkjing av beredskapen.

Dette siste herska det nok samanfallande vurderingar av innan heile beredskapsapparatet. Ellers har det synt seg å vera visse skilnadar i vurderingar og oppfatningar, både når det gjaldt trugsmålsbiletet og kor langt det var aktuelt eller naudsynt å gå når det gjaldt å hindre eller avverge eit påstått trugsmål, slik gjennomgongen i dei to sakene tekne opp i dette avsnittet syner. Dei største ”alarmistane” og ”hardlinerane” fanst utan tvil innan dei militære krinsane. Men biletet må nyanserast, både fordi det fanst slike utanføre dei miltære sine rekkjer, men og fordi det innanføre desse førekomm meir modererande taktisk-politiske trugsmåls- og handlingsvurderingar. Kommandanten på Heimdal var bastant i sine oppfatningar, konfronterande både når det gjaldt haldningar og handlingsalternativ, men som framstillinga syner, så hadde han meiningsfellar også innan den sivile delen av beredskapsapparatet.

I dette avsnittet er det sett på to tilfeller der det har vore eit aktuelt spørsmål for dei beredskapsansvarlege å gå til konfrontasjon mot det dei oppfatta å vera revolusjonære for å slå attende revolusjonsfremjende agitasjon eller handlingar. Neste avsnitt skal ta opp aksjonane mot radikale og opposisjonelle i dei to gruvesamfunna Sulitjelma og Kirkenes våren 1918.

4. Sulitjelma under militær beleiring.

Ifylgje ei føreliggjande oppgåve vart 335 menige stridande, offiserar (og eit par sjukepersonell) mobiliserte for innsats i Sulitjelma i mars 1918. Som væpning hadde dei m.a. med seg sju mitraljøsar, altså temmeleg slagkraftige våpen. I tillegg vart det sendt ordenspoliti frå andre stader i landet, m.a. vart åtte mann frå ordensavdelinga i Kristiania stasjonerte i

Sulitjelma i 14 dagar.²¹⁴ Dette var ein situasjon som frå styremaktene åpenbart vart sett på med høgste grad av alvor.

I aprildagane då aksjonen gjekk føre seg herska beleiringstilstand i Sulitjelma. All kommunikasjon med omverda vart teken kontroll over av militære mannskap. Såvel post-, telegraf- og telefontrafikken samt jernbanen vart sett under militær beleiring. Postsensur vart innført, og all privat telefontrafikk stansa. All informasjon om aksjonane skulle gå gjennom Justisdepartementet. Dessutan hadde dei to departementa vendt seg til ”den del av pressen, som antages at ville stille sig loyalt, om at vise den største forsiktigheit i omtale av indre uroligheter og særlig av militære foretagender til støtte for det civile ordensvern.”²¹⁵

Det var viktig å skape forståing i ålmenta for at indre ro og orden i første rekke var ei oppgåve for dei sivile styremakter, og at militärmakta kun utgjorde ein reserve dei sivile eventuelt kunne tilkalle.

Kvifor bestemde styremaktene seg for ei konfronterande framferd i Sulitjelma, og få veker seinare i Kirkenes? Kva dreia dei seg om? Kva sto på spel? M.a.o., kva strategiske implikasjoner hadde Sulitjelma- og Kirkenesekspedisjonane?

I utgangspunktet dreia det seg om ei rein politioppgåve. Militärnektaren Johan Medby var idømt fengselssraff og skulle pågripast og arresterast for å sona dommen. Det viste seg imidlertid å vera ei for vanskeleg oppgåve for ein beskjeden politistyrke, sjølv om han var væpna. Politimeisteren i Bodø skildra kva som hende i dramatiske ordelag i eit telegram til Justisdepartementet. Arbeidarane, etter kvart 1000 ifylgje politimeisteren, opptrødde svært truande, og greide å få frigjort arrestanten, samt å tilrive seg politiet sine pistolar. Politiet måtte såleis audmjuka trekkje seg attende utan å ha fullført oppdraget sitt. Militärnektaren var framleis ein fri mann. ”Den hele affære var av overmaade alvorlig art”, avslutta politimeisteren telegrammet.²¹⁶

Eit par dagar seinare sende han så ein rapport i kaptein Frithjof Beichmann ved 6. divisjon som ikkje var mindre prega av alvor. ”Situasjonen i Sulitjelma maa betegnes som overmaade alvorlig. Der maa i tilfellet saavidt skjønnes en ganske anden militær styrke til end 50

²¹⁴ Ifylgje oppsett frå ordensavdelinga ved K ristiania politikammer, datert 11. 01. 19.

²¹⁵ Telegram underteikna FD, sendt til distriktskommandosjefane, datert 13.04.18.

²¹⁶ Gjenpart av telegram av 06.04.18 frå politimeisteren i Bodø til JD.

mand.”²¹⁷ Dessutan gjekk det rykter om mange våpen og mykle ammunisjon blant dei radikale i Sulitjelma. ”Om end dette formentlig er overdrevet, antas det under enhver omstendighet sikkert, at der er et meget betydelig antal geværer og rikelig ammunition til disse.”²¹⁸ Dynamitt var det jo og rikeleg av på ein stad som Sulitjelma. I rapporten opererte politimeisteen såleis med eit temmelegal vorleg trugsmålsbilete, nærmast eit worst-case – perspektiv.

Etter dette sette Justisdepartementet i gong ein større aksjon, Sulitjelmaekspedisjonen, med større militær innsats og ekstra ordenspolitistyrke frå Kristiania. Kvifor departementet handla slik, finn truleg si forklaring i eit lite avsnitt i eit skriv til Forsvarsdepartementet: ”Dette departementet anser det nu nødvendig til oprecholdelse av de offentlige myndigheters autoritet at denne avsoning iverksettes uten ophold, om fornødent med anvendelse av makt.”²¹⁹

Ein slik maktbruk var det berre militære styrkar som kunne stå for, og Forsvarsdepartementet vart difor anmoda om å syte for at naudsynt militær styrke vart stilt til disposisjon så snart som mogeleg. Det vart og sett som naudsyn å ha militær styrke ståande der ei tid,” indtil ro etter er indtrådt”.²²⁰

Det tykkjест såleis rimeleg at det fanst ein dobbelt grunn til at Justisdepartementet slo så hardt til her. For det første så var militærneking ei alvorleg sak i seg sjølv, noko som ikkje måtte få breie om seg fordi det kunne koma til å svekkja sjølve bærebjelken i det statlege maktapparatet og dermed staten sin autoritet. For det andre så var denne autoritet svekkja for åpen scene i og med at politiet nærmast var blitt jaga bort frå staden. Det var åpenbart avgjerande for departementet at denne autoritet vart retta opp att, og då med ein overveldande maktdemonstrasjon med sikker siger som utfall. Det var nok kalkulert med ein viss risiko for konfrontasjon, men resonnementet kan ha gått ut på at jo større maktmobilisering, dess mindre var denne risikoen.

No var det militærapparatet som hadde den operative leiinga av aksjonen i Sulitjelma, sjølv om amtmannen i Nordland etter Justisdepartementet sitt ynskje var med som øvste sivile ansvarlege. Og i tidsrommet 15. april til 18. april kunne den stadlege leiinga sende fleire

²¹⁷ Ekstra-gjenpart rapport 08.04.18 frå politimeisteren i Bodø til kaptein Beichmann om ekspedisjonen til Sulitjelma 05.04.18.

²¹⁸ Same stad.

²¹⁹ Skriv frå JD til FD, 08.04.18

²²⁰ Same stad.

telegram til Kommanderande General og rapportere om ein aksjon som skreid fram etter planen. Såleis kunne Kommanderande General motta eit telegram med fylgjande ordlyd:

”Hittil har ekspedisjonen utført sit mandat, alt gaar rolig, fængslingskjennelse avsagt over 9 personer, 11 utlendinger utvist, vidneavhør paabegynt i dag”.²²¹

Demobilisering av dei militære styrkane kunne ta til. Her gjorde det seg imidlertid gjeldande ulike vurdeingar hjå Kommanderande General på eine sida og den operative leiinga av aksjonen på staden på andre.

Medan førstnemnde ville halde attende ein viss militær styrke til vakthald, gjekk dei militære som hadde gjennomført aksjonen inn for total demobilisering av heile militærstyrken. Her støtta dei seg på fleire involverte. ”Direktøren, amtmanden, sorenskriveren og politiinspektøren tilraader, at den hele militære styrke forlater Sulitjelma. De anser yderligere vakthold unødvendig og kun ophidsende på arbeiderne. Heri er jeg enig, da ekspedisjonen har løst sin oppgave. En avdeling av Garden vil under de nuværende forhold heller ikke være uten risiko”.²²²

Etter denne vurderinga var situasjonen no på eit vis snudd opp ned. For å minske risikoen for ny uro, var det sikrast at dei militære forlet staden. Det kan merkjast at dette var eit standpunkt også direktøren for gruveselskapet delte, saman med heile den sivile delen av beredskapsapparatet. Etter å ha opplevd militær beleiringstilstand, var stemninga blant gruvearbeidarane temmeleg amper. Ein rest militære tropper ville kunna virke provoserande på arbeidarane, noko som lett kunne føre til ein situasjon med ny uro. Det var såleis ikkje slik etter det massive maktoppbudet at styremaktene no rekna med at all motstand og kampvilje blant arbeidarane var knust, i alle høve for ei god stund framover. Det ulma, og vedvarande militært nærvær kunne lett virka som å skvette bensin på glørne.

Resultatet vart at Kommanderande General kunne setje punktum for Sulitjelma-ekspedisjonen ved å gje ordre om at heile militærstyrken skulle demobiliserast og sendast heim.²²³

²²¹ Telegram til KG, datert 18.04.18, underteikna R. Rosher Nielsen, FDA, RA,

²²² Telegram til KG, datert 21.04.18, FDA

²²³ Telegram frå KG til den militære leiinga for Sulitjelma-aksjonen, datert 22.04.18.

5. Og så Kirkenes.

Det gjekk imidlertid ikkje mange dagane frå Sulitjelma-ekspedisjonen var avslutta til det vart aktuelt med nok ein ekspedisjon til eit anna gruvesamfunn, denne gong i Kirkenes.

Bakgrunnen var også no det som vart oppfatta som åtak på militærvesenet ved militærstreik og militärnekting.

Innan dei militære rekkjene rådde det uvisse om korleis dette trugsmålet skulle møtast. Soldatråda vart sett som ein viktig – og truande – reiskap i åtaket på militærvesenet, og vidare som ein lekk i førebuingane til revolusjon. Det var difor sterkt fokus på dei med diverse framlegg til tiltak med sikte på å eliminere dei. Det er såleis grunn til å vurdere dei sterke reaksjonane frå styremaktene si side, både dei sivile og dei militære, i dette perspektivet.

I Kirkenes var det, ifylgje ein rapport frå sjefen for Varanger bataljon, skipa soldatråd. Han var innstilt på å gripa inn, men visste ikkje heilt på kva måte han skulle gripe det an. ”Det er jo meget ønskelig, at den samme fremgangsmaate anvendes overalt i landet, hvor soldatraad forekommer. Jeg tror imidlertid at der bør gjøres noget, ellers kan man vistnok risikere at alle disse 60 mand eller ialfald en hel del av dem ikke møter til aarets vaabenøvelser”.²²⁴

Ikkje å møte til våpenøvelse var vel i seg sjølve sett på som alvorleg nok, men for Kommanderande General hadde nok soldatrådsrørsla eit større og meir truande perspektiv over seg. I verste fall representerte ho eit varsel om revolusjonære oppreistar.

Divisjonssjefen ba bataljonssjefen kome med forslag til kva han meinte burde gjerast. Etter å ha konferert m.a. med politimeisteren i Kirkenes hadde han det råd å syte for at krigsrettssakene mot militärnektarane burde gjennomførast raskt og dom liggje føre i god tid føre våpenøvelsane av året. Resonnementet gjekk her ut på at ein fellande krigsrettsdom ville virke skremande og ta brodden av heile militärnektaraksjonen. Han påpeika og betydninga av å nytte same praksis over heile landet. Vidare burde eit militært vaktskip stasjonerast i Kirkenes medan rettssaka pågjekk for å hindre eller dempe eventuell uro kring gjennomføringa av henne. Alt dette vart møtt med samtykke frå divisjonen si side.

²²⁴ Skriv frå 6.div. til KG 27.04.18

Eitt forslag tok imidlertid divisjonssjefen avstand frå. Det kom frå politimeisteren og gjekk ut på å sløyfe dei årlege våpenøvingane det året. Grunnen var truleg at slike øvingar etter politimeisteren si oppfatning berre ville virke ytterlegare provoserande i ein alt spent situasjon. Det kan altså sjåast på som ein freistnad på å minske spenningane på staden.

Sjefen for 6. divisjon inntok eit motsett standpunkt: Dette kunne tolkast som ettergjevnad og ville berre oppildne til meir aksjonisme for militærnekting og soldatråd. ”En sløyfing av aarets vaabenøvelser vil (kun) gi kampen mot forsvarsvesenet i Nord-Norge øket vind i seilene.”²²⁵

Det låg såleis føre ulike taktiske vurderingar her mellom politimeisteren på eine sida og divisjonssjefen på andre. Problemet besto i om eller i kva grad det skulle visast atterhald når det gjaldt maktmobilisering og maktutøving i ein spent situasjon som den som herska i Kirkenes.

Vurderingar som dreia seg om det taktisk føremålstenlege ved åpenbar maktutøving gjorde seg gjeldande og ved andre høve i samband med Kirkenes-ekspedisjonen. Om det skal peikast på meir systematiske skiljelinjer, så gjekk dei også her mellom den sivile delen av beredskapsapparatet på eine sida og den militære på andre.

Det dreia seg her om ein første fase i aksjonen, arrestasjonen av militærnektarane som skulle gjennomførast av politiet. Både amtmannen i Finnmark og politimeisteren i Kirkenes fann det imidlertid uklårt kva som var hjemmelén for å tilkalle politiet for å føreta arrestasjonane. ”Politimesteren gikk ut fra at vedkommende skulde paagripes som sigtede for militærnegelse. Han beklager nu at han etterkom begjæringen da han burde ha forstaat at militærnegterne vilde fastholde sin vegring mot tjenesten og at de derfor vilde bli sendt hjem igjen fra fæstningen. Han anser saaledes paagripelsen for en mindre heldig foranstaltning, og befinner det under hensyn hertil ikke tilraadelig nu etterpaa at fremtvinge den med magt”.²²⁶

Amtmannen var samd i dette, idet han uttrykte ”(J)eg finder ingen grund til at dadle politimesteren for at ha etterkommet kommandantens anmodning. Paa den anden side er jeg enig med ham i, at der nu ikke bør skrides til arrestationer som ikke kan utføres uten militær

²²⁵ Skriv frå 6.div. til KG 25.05.18, FDA

²²⁶ Gjenpart av telegram fra amtmannen i Finnmark til JD, datert 30.04.18.

assistanse”.²²⁷ Samstundes plasserte han det øvste ansvaret idet han peika på at den endelege avgjerdha hørde ”helt under den sivile og militærpolitiske myndighet”.²²⁸

6. divisjon, ved premierløyntnant Rangvald Rocher Nielsen, var av ei anna oppfatning når det gjaldt maktutøving i denne situasjonen. ”Av hensyn til opretholdelsen av respekten for myndigheterne, har jeg hittil for samtlige nævnte, hvilke jeg har hat ordre til at konferere med, fremholdt, at den foretakne men avbrudte arrestationen burde gjennemføres med megt.”²²⁹

Han representerte såleis eit syn der maktutøving var å oppfatte som ei autoritetsmarkering. I tillegg var det meint som eit varsel til andre som måtte ha planar om anti-militaristiske handlingar. Det var ei oppfatning av tvang som eit middel til å oppnå respekt, men og til å påføre motløyse.

Etter ei totalvurdering, det viste seg vanskeleg på det aktuelle tidspunkt å få sent det ynskte antal militære styrkar til Kirkenes, var divisjonssjefen imidlertid samd med politimeisteren samt amtmannen og gruvedirektøren i at ”ingen ekspedition for tiden bør sendes, men krigsretssak hurtigst søkes fremmet”.²³⁰ Dette siste var det semje om blant samtlege av beredskapsaktørane.

Det må og nemnast at sjefen for Finnmarksavdelinga hadde sendt eit skriv til Kommanderande Admiral for å orientere han om tilhøva i Kirkenes.²³¹ Det dreia seg om korleis ein eventuell aksjon var tenkt lagt opp og gjennomført, kor store styrkar som var disponible og kva som rørde seg på fiendesida når det gjaldt stemning og styrke.

I midten av mai sende så Justisdepartementet eit skriv til Forsvarsdepartementet, ”Befrielsen av anholdte militærnegtere i Kirkenes”, som representerte startskotet på ein liknande aksjon som den i Sulitjelma.²³² Dei arresterte militærnektarane vart befridde, noko som gjekk på autoriteten og legitimitet til det statlege maktapparatet laus. For departementet var det ingen annan utveg enn å nytte makt, om naudsnyt. Aksjonen sitt umiddelbare mål var ”anholdelse av saavel de vernepliktige personer som har negtet at gjøre militærtjeneste, som

²²⁷ Same stad.

²²⁸ Same stad.

²²⁹ Gjenpart av siffertelegram frå 6. div. til KG, datert 04.05.18.

²³⁰ Same stad.

²³¹ Avskrift av skriv frå sjefen for Finnmarksavdelingen til KA, datert 04.05.18.

²³² Skriv frå JD til FD, datert 15.05.18, underteikna av justisminister Blehr og byråsjef Borch.

av de personer som 24. april d.a. befriet Alfred Anderson og hindret at de andre militærnegterne kunde anholdes, eller som medvirket dertil”.²³³ Som i Sulitjelma, var dette å rekna for eit åtak på staten sitt maktapparat, og der dette attpåtil hadde lidd nederlag, og altså med tapt respekt og autoritet som truleg konsekvens.

Forsvarsdepartementet vart derfor bede om ”at forberede oversendelse snarest mulig av tilstrekkelig militær styrke til beskyttelse for politiet under anholdelsen og eventuelt til oppretholdelse av ordenen, om politiet ikke alene vil kunne magte dette”.²³⁴ I tillegg skulle politiet styrkjast med inntil fem mann frå Kristiania, eventuelt Trondheim. Sjølve arrestasjonen skulle iverksetjast under leiing av Justisdepartementet sin inspektør i politisaker, og med amtmannen til stades.

Forsvarsdepartementet sytte for at det vart sett i verk ein militær beleiringstilstand i Kirkenes slik det hadde skjedd i Sulitjelma. 50 mann frå underoffiserskulen i Bergen og 40 mann frå underoffiserskulen i Harstad vart sende til Kirkenes. Styrken vart utstyrt ”rikelig med befat,

() et tilstrekkelig antal mitraljøser samt fornøden ammunition”.²³⁵

Heile ekspedisjonen skulle, lik det som hadde vore tilfelle i Sulitjelma, stå under leiing av amtmannen. På same måte som i Sulitjelma, skulle all informasjon til ålmenta gå, m.a.o. filtrerast gjennom dei to involverte departementa. Den operative leiinga for militæraksjonen var det oberstløyntnant Høyen som hadde, og samarbeidet mellom han og amtmannen ”sker i overensstemmelse med derom gjeldende almindelige bestemmelser”.²³⁶

Ein tredje aktør som var tiltenkt ei sentral rolle under ekspedisjonen var politiinspektør Anton Eriksen i Justisdepartementet. Med seg hadde han fire betjentar frå Kristiania, og hans oppgåve, var å leie arrestasjonane av militærnektarane ”idet stedets politimester staar til hans disposisjon og vil assistere med den derværende politistyrke”.²³⁷

Det ser for øvrig ut ti at Justisdepartementet andsynes Forsvarsdepartementet fann grunn til å grunngje politiinspektøren si deltaking i ekspedisjonen. Han var imidlertid ikkje utstyrt med nokon særskild skriftleg instruks.

²³³ Same stad.

²³⁴ Same stad.

²³⁵ Same stad.

²³⁶ Gjenpart av siffertelegram frå Kommanderande General til oberstløyntnant Høyen, 10.05.18. Det er truleg JD sitt rundskriv av 4. mars, ”Om samarbeide osv.” han her refererer til.

²³⁷ Skriv frå JD til FD, datert 21. 05.18.

Ellers stadfesta Justisdepartementet her beleiringstilstanden.” Efter henstilling herfra har Telegrafstyret 18.d.m. git vedkommende telegrafinspektører paalæg om, at telegrammer og rikstelefonsamtaler angaaende ekspedisjonen til Kirkenes skal stanses eller avbrytes. Undtaget herfra er korrespondanse om saken mellem de militære og politimyndigheterne eller overøvrigheten”.²³⁸

Den vel planlagde og organiserte aksjonen frå styremaktene si side var frå deira ståstad åpenberrt effektiv kort tid etter at dei militære troppene kom til Kirkenes. Såleis kunne oberstløyntnant Høyer sende dette telegrammet til Kommanderande General alt 25. mai: ”Ekspeditionen ankom Kirkenes inat halvtre.’ Fritjof’s besætning assisterte politiets arrestationer Kirkenes; skoleavdelingen samtidig grubebyen. Samtlige arrestationer, i alt 15, utført til halvsyv morgen. () Alt gik stille og rolig. Byen so.”²³⁹

Gjennom ein nattleg overrumplingsaksjon hadde ekspedisjonen utført oppdraget sitt, utan å rapportere om motstand. Også i påfylgjande meldingar til sine overordna ga den militære aksjonsleiinga same inntrykk. Dei hadde kontroll over situasjonen og kunne ta til med å førebu retturen. Samstundes vart det avsagt fengslingskjennung over dei arresterte, slik at det kunne reisast tiltale både etter den sivile og den militære straffelova (krigsrett).

Dei militære, frå den operative leiinga på staden til Generalstaben og Kommanderande General, ga uttrykk for å vera svært tilfredse med måten aksjonen vart gjennomført på.

Det var imidlertid ei røyst som var kritisk til omfanget av militær mobilisering under gjennomføringa av aksjonen, Justisdepartementet sin inspektør og konsulent i politisaker, som var sendt til Kirkenes som ansvarleg for sjølve arrestasjonane. ” ---efter det kjendskap jeg fik til de lokale forhold, vil jeg uttale at et unødig stort apparat var sat i gang. Anholdelsene vilde, selv om der var blit motstand, latt sig gjennemføre og ordenen opretholde ved hjelp av den sjømilitære styrke som allerede var i Finmarken. Opsendelsen av Bergens og Harstad

²³⁸ Same stad.

²³⁹ Gjenpart av siffer telegram frå oberstløyntnant Høyer til KG, datert 26.05.18.

underofficersskoler var et unødig foretagende og burde paa forhaand være anset som saadan.”.²⁴⁰

Inspektøren ville tilpasse styrkeoppbudet etter tilhøva på staden og ikkje føreta handlingar som kunne ha ein provokativ verknad i ein situasjon som nok kunne vera spent men ellers relativt roleg. Dette tykkjест vera ei rimeleg tolkning av bakgrunnen til inspektøren sine innvendingar mot omfanget av den militære mobiliseringa. Det var såleis ikke ein prinsipiell tankegang mot å nytte militære styrkar i seg sjølve som gjorde han kritisk, snarare det som kan kallast ei situasjonsbetinja avveiing, der stemninga på staden vart tillagt vesentleg vekt.

Dette vert truleg klårare sett i lys av standpunktet den militære toppleiinga inntok. Her vart det reagert mot politiinspektøren sin kritikk. Generalstaben nærmest avfeia innvendingane hans.

”Efter Generalstabens opfatning bør politiinspektøren gjennem Justisdepartementet gjøres opmerksom på at de militære myndigheter var fuldt opmerksomme paa at der for å arrestere omhandlede personer i Kirkenes m.v. ikke trengtes saa stort apparat, men grunnen til at dette blev anvendt var, som det vil være alle rette vedkommende bekjent, at man ved å optræde med saa stor styrke netop vilde hindre befolkningen i å kunne tænke sig å ha noget som helst utbytte av å gjøre motstand mot anholdelsen. Dette er ogsaa et prinsip som nu praktisk talt anvendes i alle land.”²⁴¹

Kommanderande General uttrykte seg på same måte andsynes Forsvarsdepartementet. Irritasjonen skin gjennom nokså tydeleg. ” Efter Kommanderende Generals opfatning bør Politiinspektøren gjennem Justisdepartementet gjøres opmerksom paa, at saavel politimesteren i Kirkenes som Direktøren for Sydvaranger ansaa det nødvendig ogsaa at erholde assistanse av Hæren, saafremt arrestationerne skulde iverksættes; at en væsentlig grund til at der blev anvendt en saa stor styrke var, at man herved vilde gjøre det klart for befolkningen at det vilde være helt nytteløst at gjøre nogensomhelst motstand.”²⁴²

Etter dette framstår det som litt uklårt kvifor hærstyrkar også vart nytta i tillegg til mannskapa på Fritjof. Både Kommanderande General og Generalstaben framheva maktdemonstrasjon som viktig(aste) grunn. Kommanderande General peika samstundes på at hærstøtte var naudsynt om arrestasjonane skulle setjast i verk, noko også politimesteren i Kirkenes samt

²⁴⁰ Attgjeve i skriv frå KG til FD 15.07.18.

²⁴¹ Skriv frå GS til KG 09.07.18

²⁴² Skriv frå KG til FD, 15.07.18

direktøren for Sydvaranger var samde i. Styremaktene hadde overlegen styrke til å slå ned eventuell motstand. Men samstundes vedgår Generalstaben at dei militære var inneforstått med at det ikkje trengdest så store militære styrkar for å gjennomføre arrestasjonane, og at alle involverte ansvarlege visste at ekspedisjonen skulle tydeleggjera makt og styrke frå styremaktene si side. Her ligg det såleis føre eit visst sprik i forklåringane frå den militære toppleiringa.

Korleis dette enn hang saman, Justisdepartementet var tydelegvis nøgd med dei to ekspedisjonane. ”Man finder i anledning av disse ekspeditioners tilfredsstillende forløp grund til at uttale sin anerkjendelse av den utmerkede maate, hvorpaa ekspeditionerne utførte sit hvert.”²⁴³

Så – kva sto på spel for styremaktene i Sulitjelma og Kirkenes? Kva dreia aksjonane seg om?

Det var så avgjordt ingen revolusjon på gong, ingen tilstand som kan karakteriserast som ein revolusjonær situasjon.²⁴⁴

Styremaktene vart audmjuka så å seia for åpen scene. Dette innebar autoritetstap, og det kunne ikkje gå upåakta hen. Altså var det naudsynt å rette opp att dette gjennom ein straffeaksjon. Dette kan for så vidt lesast rett ut av dokumenta, og kan sjåast som den umiddelbare grunnen til dei militære aksjonane.

Autoritetstap må imidlertid sjåast i eit vidare perspektiv. Militærnekting – og soldatråd – vart oppfatta som eit åtak på det viktigaste maktmiddelet styremaktene rådde over. Det dreia seg om maktmiddelet i siste instans, når alle andre tyktest utilstrekkelege. Og sjølv om det førekomm nyansar i synet på soldatråda, deira føremål og eksistensgrunnlag, så var det eit dominerande syn at både militærnekting og soldatråd var eit åtak på militærvesenet. Ein ting var at dette kunne føre til kaotiske tilstandar innan militærapparatet slik at det vart svekkja. Endå meir alvorleg var det at dette og kunne sjåast som ledd i ein revolusjonær strategi. Og vegn til ei slik oppfatning var heller kort våren 1918. Difor vart det naudsynt for styremaktene å syne (overlegen) makt ikkje berre som straff eller hevn for eit noko audmjukande nederlag i ein tidleg fase av aksjonane, men og for å gje eit klårt signal om kva

²⁴³ Skriv frå JD til Justisdepartementets inspektør og konsulent i politisaker, 28.06.18.

²⁴⁴ Sjå her Odd-Bjørn Fure si skildring, eller definisjon, av ”revolusjonær situasjon”. Fure 1983, s. 502 – 503. Sjå også Jack Goldstein 1991, s. 10 – 11.

maktmiddel styremektene hadde å stilla opp med, og var viljuge til å stilla opp med om det vart funne naudsynt. Særleg tykkjest det som om det frå sentralt hald, Forsvarsdepartementet og Generalstaben, var viktig å få demonstrert styrke, dvs. at desse instansane hadde ein agenda som gjekk lenger enn dei lokalt forankra, i nokon grad og Justisdepartementet.

Så vel Fure som Agøy konkluderer sine undersøkjingar av militæraksjonane til Sulitjelma og Kirkenes (Fure avgrensar seg til Sulitjelma) med at staten her demonstrerte sitt overlegne maktpotensiale, ikkje berre i dei konkret føreliggjande situasjonane, men og med eit meir langsigkt strategisk blikk.²⁴⁵. Det er vurderingar det ikkje er vanskeleg å samtykkje i. Aksjonane hadde først og framst eit offensivt siktemål: Framtidige aktivistar hadde hermed fått eit varsel om kor styremaktene sine tolegrenser gjekk.

Det treng imidlertid ikkje vera ein uttømande konklusjon. Ein så kraftig reaksjon frå styremaktene kan og tolkast i ein annan retning. Ei alternativ forståingsramme kan ha som utgangspunkt at styremaktene frykta revolusjon, særleg fordi dei såg trugsmålet i eit perspektiv som strakk seg ut over Noreg sine grenser. Og i hardhendte militære aksjonar som dei som her vart gjennomførde, der det til og med kunne henda at liv gjekk tapt, fanst politisk sprengstoff utanføre styremaktene sin kontroll. Det er grunn til å tru at det i nokon grad fanst ei erkjenning av dette på styremakthald, og i ein slik situasjon gjaldt det ikkje berre å telje våpen. Det fanst og grenser for statleg makt- og valdsbruk, truleg og innad i statsapparatet. I eit slikt perspektiv er det grunn til å sjå styremaktene sin handlemåte vel så mykje på bakgrunn av ein defensiv posisjon, altså meir som naudvergehandlingar.

Militæraksjonane i Sulitjelma og Kirkenes synte korleis beredskapen mot indre uro var basert på militær innsats. Imidlertid vart denne militære dominansen sett på som ein utilfredsstillande situasjon, noko som forøvrig jo og hadde vore oppe i Sikkerhetskomiteen. Det vart difor søkt etter alternativ, eller supplement, som kunne redusera behovet for militære maktmiddel, i det minste gjera dei mindre synlege.

²⁴⁵ Fure 1983, s. 550 og Agøy 1997, s. 104

6. Statspoliti.

Problemet besto i at dette kunne svekkje det militære apparatet i oppgåva å forsvare landet mot åtak frå ein ytre fiende, som, ideelt sett, var militæret si eigentlege oppgåve. Ein ting var her ressursbruken, viktigare var det at militæret ville havne i eit motsetnadshøve til deler av folket, særleg arbeidarklassen, om det vart nytta i ein indre konfliktsituasjon. Sjølv om dei oppsette spesialavdelingane mot indre uro utgjorde ein påliteleg styrke, så ville ordninga likevel kunne påføre militæret skade, i form av redusert oppslutnad og støtte og føre til ei fientleg innstilling.

Å takle indre uro var i første hand politiet og dei sivile styremaktene si oppgåve. Dette ser ut til å ha vore ei sams oppfatning, eit hovudsyn, innan alle beredskapsinstansar og på alle nivå. Det var såleis eit uttalt mål at bruk av militærmakt berre var aktuelt i situasjonar der dette var ”absolutt påkrevet” for å oppretthalde ro og orden.²⁴⁶ Det var difor av avgjerande betydning at styremaktene var føre-var og sette alt inn på å stanse uro før det kom så langt at militærmakt framsto som eit naudsynt altenativ. Politiet måtte difor ”så langt gjørlig er sættes i stand til at løse sin oppgave uten tilkallelse av militær hjelp”.²⁴⁷

Men - som synt tidlegare i framstillinga, dette rakk ikkje så langt. Dei eksisterande politiressurssane rundt omkring i landet var langt frå tilstrekkeleg ved uro av det omfang styremaktene meinte det var naudsynt å vera budde på og søkte innretta beredskapen etter.

Dette var såleis å rekna for ein idealtilstand som ikkje var forankra i den faktiske beredskapssituasjonen.

Som synt i første kapitlet vart det gjort freistnadar på å opprette ei form for statspoliti, ein slags innsatsstyrke som kunne disponerast der det trondgst rundt omkring i landet. Tanken var at denne ordninga skulle representera eit supplement til det ordinære politiet, men det var heilt på det reine at dette var langt frå tilstrekkeleg om det kom til meir omfattande uro.

Statspolitiet sin plass i beredskapen mot indre uro kjem nokså klårt fram i ein korrespondanse sett i gong av Kommanderande General i april 1918. Dette var i kjølvatnet av aksjonen mot gruvearbeidarane i Sulitjelma, og general Raeder nytta denne som ein referanse då han tok

²⁴⁶ Skriv frå FD til JD, datert 18.02.18. RA, FD sitt arkiv, pk.

²⁴⁷ Same stad.

initiativ til å få oppretta ein væpna, mobil statspolitistyrke med heile landet som innsatsområde. Resultatet av aksjonen kunne han nok vera nøgd med, men at det var militær innsats som hadde gjort dette mogeleg uttrykte han meir skepsis til. Han hadde ei klår oppfatning av det strategiske dilemma som her låg føre. På eine sida fanst ei erkjenning av at ”man har kun de militære avdelinger at falde tilbake paa naar forholdene blir faretruende”.²⁴⁸ På andre sida var det imidlertid slik at ”det i flere henseender av let forstaaelige grunde (var) uheldig at anvende militære avdelinger som ordensvern naar man risikerer at maatte skride til direkte aktiv optræden. () At opretholde retsordenen bør først og fremst være politiets sak”.²⁴⁹

Direkte konfrontasjon mellom (deler av) befolkninga og militære styrkar kunne nok gje siger der og då, men det var ein situasjon militærer likevel ville kunne kome svekkja ut av strategisk sett. Slik vart dei umiddelbare fylgjene av militær innsats vurdert opp mot mogelege negative konsekvensar i eit lengre tidsperspektiv.

For å kome ut av ein slik situasjon, ikkje minst med sikte på å oppretthalde statusen til militærforvaret, føreslo generalen at det vart etablert eit statspolitikorps som besto av ein væpna innsatsstyrke med heile landet som operasjonsområde. Styrken måtte kunne forflyttast raskt til stader der det var (forventa) uro. Særleg slike stader der det var mangel på politi og som samstundes var sett på som potensielle opprørssentra ville ein slik politistyrke kome til sin rett. På typiske industristader der det var konsentrasjon av arbeidarar, men og i mindre byar var det såleis mangelfull politimesseg beredskap om det oppsto ein situasjon med indre uro.

Generalen avslutta med å understreke at han såg alvorleg på situasjonen. ” – forholdene er nu saadanne at det er av største betydning snarest at faa spørsmålet løst”.²⁵⁰

Forsvarsdepartementet ekspederte skrivet vidare til Justisdepartementet og ga samstundes uttrykk for at dei eksisterande politiovereinskomstane som var inngått med dei største byane ikkje var tilstrekkelege ”etter den senere tids erfaringer”.²⁵¹ (Blant desse erfaringane sto vel aksjonane mot gruvesamfunna i Nord-Noreg sentralt). Departementet slutta seg ellers fullt ut

²⁴⁸ Skriv frå KG til FD dat. 02.04. 18. RA, GA pk.

²⁴⁹ Same stad.

²⁵⁰ Same stad.

²⁵¹ Gjenpart av skriv frå FD til JD, datert 04.05.18. RA, FDA pk.

til Kommanderande General sine vurderingar og standpunkt når det gjaldt ein væpna landsfemnande og mobil politistyrke som ordensvern.

Justisdepartementet ville ha ei vurdering og uttaling frå sin eigen inspektør og konsulent i politisaker føre det eventuelt føretok seg noko. Samstundes vart han beden om ei uttaling i ei liknande sak, der politimeisteren i Kristiania hadde uttrykt ynskje om å etablere eit reservepolitikorps i hovudstaden ettersom den ordinære politistyrken også der var for liten om det braut ut det han kalla for alvorleg uro. Også politimeisteren var av den oppfatning at militære styrkar lengst mogeleg burde unngåast i slike situasjonar. Det kan forøvrig merkjast at denne korrespondansen mellom departementet og politimeisteren vart initiert av Justisdepartementet på bakgrunn av ein artikkel i "Stockholms Dagblad" om organisering av ein reservestyrke ved Stockholmspolitiet. Departementet ville ha politimeisteren si vurdering av i kva grad det var mogeleg og føremålstenleg å etablere eit reservekorps også ved politiet i Kristiania "til anvendelse under ekstraordinære forhold".²⁵² Inspektøren og konsulenten i politisaker hadde såleis to ulike men nært slekta spørsmål å vurdere, ein landsdekkjande statspolitistyrke og eit reservepolitikorps i hovudstaden.

Utgreiiga hans speglar i stor grad att det eller dei dilemma som var knytt til beredskapen mot indre uro. Og som tidlegare vist var eit hovudproblem bruk av militære styrkar i denne samanheng. Det frasto imidlertid som uunngåeleg, også hjå justisdepartementet sin inspektør og konsulent i politisaker, at militær innsats var eit maktmiddel styremaktene måtte vera budde på å nytta i visse situasjonar. Under "normale" tilhøve ville politistyrken i Kistiania, og dette ser ut til å ha vore situasjonen i dei andre større byane og, vera tilstrekkeleg til å takle ro-og orden-problemet. Men våren 1918 såg ikkje trugsmålsbiletet "normalt" ut. Han såg trugande skyer i horisonten.²⁵³ Han opererte difor med eit konfliktpotensiale der det eksisterande politikorpset på ingen måte var sterkt nok, talmessig i utrustning eller når drt gjaldt organisering. Ein ting var arbeidaruro i samband med streiker, som framsto som alvorleg nok. Endå verre var det imidlertid ved "uroligheter av bolshevikisk art med forandring av samfundsordningen som formaal".²⁵⁴ Det var vel heller ikkje alltid like lett å skilje desse to typer uro frå kvarandre. Opptøyen med eit revolusjonært føremål kunne starte som aksjonar med meir avgrensa mål, men ambisjonane kunne fort endre seg, slik at

²⁵² Skriv frå JD april 1918 (dato er uteleg) til politimeisteren i Kristiania. RA, JDA, pk." Den revolusjonære bevegelse i Norge I"

²⁵³ Dette er for øvrig i samsvar med trugsmålsbiletet han ga uttrykk for i ein annan samanheng, sjå kapittel III, s.

²⁵⁴ Skriv frå JD sin inspektør og konsulent i politisaker til JD, datert 18.11.18. RA, JDA, pakke "Denrevolusjonære bevegelse i Norge I"

situasjonen kunne kome til å framstå som heller flytande. Trugsmålsbiletet omfatta såleis og eit ”worst-case”-tilfellet aksjonar med revolusjonært siktemål.

Sulitjelma- og Kirkenes-aksjonane hadde sett sine spor og var for politikonsulenten døme på situasjonar der det ikkje var mogeleg å kome utanom militærmakt. For det første ville det på slike småstader (men altså med relativt srør og konsentrert arbeidarbefolking) aldri vera aktuelt å etablera ein så stor politistyrke som kravdest for slike situasjonar. For det andre, og vitigare, såg han det som legitimt å nytta miltære maktmiddel når det gjaldt å hevde staten sin autoritet og det beståande samfunn sin eksistens.

Det var ikkje noko overraskende ved trugsmålsframstillinga hans hausten 1918. Ho rørde seg innanføre det same perspektivet som Justisdepartementet sitt skriv frå 4. mars same året (”Om samarbeide- -” osv.). Det same gjeld vurderingane bak skipinga av og verksemda til Sikkerhetskomiteen.

Han ville imidlertid ikkje tilrå at det vart skipa eit særskilt statspoliti. Argumenta hans mot var i framste rekke av økonomisk art, det ville verta svært kostbart å opprethalde. Men dels dreia det seg og om effektivitet. Det ville lett verta ein noko tunggrodd og seindrekktig organisasjon som det var lite truleg ville nå tidsnok fram i ein prekær og truande situasjon, særleg sett i lys av kostnadane. Innvendingane hans var såleis meir av praktisk enn prinsipiell karakter.

Alternative løysningar på ein mangelfull politistyrke under ekstraordinære tilhøve var at det vart oppretta lokalt forankra hjelpekorps organisert under politiet, anten lønna, slik politimeisteren i Kristiania hadde gjordt framlegg om, eller på friviljug basis. Særleg det første hadde han ingen prinsipielle innvendingar mot, anna enn at det også ville verta ei kostbar ordning, som måtte vurderast på bakgrunn av ein mogeleg gevinst.

Friviljuge ordensvern stillde han seg meir tvilsam til, fordi ” de ved sin oprettelse kan virke utfordrende som en klasseinstitusjon, hvis en ikke sørger for at de brede lag blir representert i dem.”²⁵⁵ Fagorganisasjonane måtte i så fall trekkjast med, og sjølv då ville dei truleg vera betyningslause. Dette var truleg inga urealistisk vurdering frå departementet sin mann si side.

Han enda opp med å tilrå ei utviding av den ordninga som alt var gjordt gjeldande for dei største byane sitt vedkomande. Denne gjekk, som synt i første kapitlet, ut på å etablere overinskomstar mellom aktuelle politidistrikt og staten slik det sentrale styremaktene kunne

²⁵⁵ Same stad.

disponera lokale politistyrkar der det måtte vera aktuelt i landet. Føresetnaden var at politistyrken i det kommunane der slike overeinskomstar var inngått vart auka. Slike overeiskomstar vart då også underteikna med fleire nye kommunar. Dette var på dette tidspunktet det næraste ein kom eit stastspoliti. Ein særskilt væpna og statleg styrd politistyrke slik det vart teke til orde for av Kommanderande General og Forsvarsdepartementet, vart det såleis ikkje noko av.

At det frå topp militært hald var øvd eit påtrykk for å få oppretta statleg politistyrke, vert og stadfesta i eit skriv frå Generalstaben stila til forsvarsministeren., for øvrig same dato som Justisdepartementet sin inspektør avleverte si innstilling. Her meinte Generalstaben å kunne konstatere at ”verdensutviklingen (vil) medføre at man fremtidig kun i nødsfald bør gripe til å anvende militärmagten til ordenens opretholdelse m.v.”²⁵⁶ Den miltære toppliinga konstaterte og at Justisdepartementet hadde gjeve uttrykk for at det å få etablert eit statspoliti ikkje var noko som kom til å skje på kort sikt. Difor vart det fremja ei oppmoding direkte til forsvarsministeren om at ”statspolitispørsmålet her og nu snarest blir effektivt ordnet og tør derfor henstille til hr. statsråden å foranledige at dette spørsmålet blir forelagt regjeringen”.²⁵⁷

Det kan såleis sporast ei viss misnøye på militært hald med Justisdepartementet si seindrektige handsaming av statspolitispørsmålet (det hadde stått på dagsordeni allafall sidan 1915).

I denne saka om ei statspolitiordning går dei spørsmåla og problema att som i stor grad dominerte når det gjaldt å etablere og oppretthalde ein beredskap mot indre uro. Det gjeld både det fiende- og trugsmålsbiletet som låg til grunn for ulike beredskaps- og mobiliseringstiltak, og det gjeld dei middel som vart sett som adekvate og legitime for å oppretthalde, eventuelt opprette, ro og orden. Eit gjennomgåande problem nå det gjaldt det siste var politiet som primær ivaretakar av indre ro og orden, medan militærapparatet kun skulle mobiliserast når politiet ikkje strakk til. Bak dette resonnementet låg vesentleg taktiske vurderingar, verneplitsforsvaret var sårbart, uavhengig av om det fanst spesielt oppsette einingar for indre uro. Truleg er det i dette lyset det må forståast at det nettopp var frå militært hald det vart pressa på for å få i stand ei ordning med statspoliti, og at dette vart desto meir aktuelt jo nærmare eit revolusjonært trugsmål tyktest koma. Slik må utsegna om ”verdsutviklinga” mest truleg tolkast. Eit relativt lite, men effektivt og væpna statspoliti ville

²⁵⁶ Skriv frå Generalstaben til forsvarsminister Holtfodt, datert 18.11.18. RA, GS IV, pk.310.

²⁵⁷ Same stad.

i beste fall kunna ta brodden av, eller til og med heilt stansa eit gryande opprør, eller i allefall gjera det slik at dei militære styrkane, om enn i beredskap, i det lengste kunne halde seg i bakgrunnen. Lite tyder imidlertid på at ordninga med statspolitiovereinskomstar som vart halden fram med og også utvida endra noko ved desse problema.

7. Samanfatning.

Dette kapitlet omfattar, lik dei to føregåande, ein tidsperiode då styremaktene såg revolusjon som eit mogeleg, dels og aktuelt, trugsmål mot den rådande samfunnsorden. Frykta for at den bolsjevikiske revolusjonen i Russland skulle spreie seg var eit tema som gjekk att, og særleg vinteren og våren 1918, samt frå november same året med revolusjonære oppreistar i Tyskland, vart revolusjonsfrykta aktualisert.

Kontrollen med presumptivt revolusjonære aktørar gjennom tettare og styrka overvaking vart skjerpa, og rettsapparatet vart nytta i same ærend. Det dreia seg ikkje berre om påstått planlagde, eventuelt gjennomførde handlingar, som kunne rammaast av den sivile straffelova, men og ordbruk som kunne tolkast eller oppfaqtast som oppmoding til opprør mot det beståande samfunnet. Såleis vart særleg einskilde personar som framsto som leiarar haldne under oppsyn med tanke på rettsleg forfylgjing. Tanken var å ta brodden av eit mogeleg opprør mot staten.

Det var imidlertid, slik m.a. Borgersrud og Agøy har vist, berre militære styrkar som til sjuande og sist kunne meistre uro av noko omfang. På Sitsbergen i 1917 vart ikkje politiet nytta i det heile teke, og i tilfella Sulitjelma og Kirkenes fanst nok visse taktiske divergensar, men aldri tvil om at militære styrkar måtte til. Det gjaldt både den sivile og den militære delen av beredskapen. Gjennom sin politikonsulent ynskte imidlertid Justisdepartementet å innta ein viss overordna posisjon gjennom Sulitjelmaaksjonen. Dette syner, som og tidlegare vore inne på, at det fanst visse skiljelinjer mellom særleg Justisdepartementet på eine sida og dei militære på andre. Blant sistnemnde må og Forsvarsdepartementet inkluderast. Det er imidlertid vanskeleg å ha noko bestemt oppfatning av i kva grad dette ga seg praktiske utslag når det gjaldt beredskapsmessege disposisjonar.

Nord-Noreg var eit område styremaktene hadde eit særleg blikk retta mot i beredskapssamanheng. Sjølv om trugsmålsbiletet var noko uklårt, så syner framstillinga at det i 1920 særleg blant dei militære rådde ei frykt for at det bolsjevikstyrde Russland ville eksportera sin revolusjon til Nord-Noreg. Det var kort veg, og noså livleg trafikk, og det gjekk rykter om våpensmugling til bruk under eit revolusjonært åtak på styremaktene.

Også her synte dei sivile styremaktene, særleg Justisdepartementet, meir nøkterne vurderingar av situasjonen. Det har ikkje vore mogeleg å bringe på det reine om dei på militært hald var ute og i andre ærend enn det reint umiddelbare trugsmålet frå bolsjevikane i Russland i samarbeid med norske allierte.

Sulitjelma- og Kirkenesaksjonane, og for så vidt og situasjonen i Finmark i 1920, illustrerer det eller dei dilemma styremaktene var i når det gjaldt bereskapen mot indre uro. Det gjer og fristnadane på å etablere og vidareutvikle eit meir adekvat statspoliti. Statspolitiet var tenkt som eit supplement til, og i nokon grad ei erstatning for, militær mobilisering under indre uro. Det var såleis ikkje tenkt å erstatte den militære beredskapen, i alle fall ikkje i første omgang, men å gjera den militære profilen til bereskapen mindre. Dette var noko det var teke til orde for ved fleire høve, også på militært hald. Militær mobilisering mot eigne innbyggjarar var strategisk sett tvilsamt. Om ikkje for anna så skapte det uvisse og for styremaktene. Der og då kunne dei vinne eitt eller to slag, men i det lange løpet? Då var det lettare å oppnå legitimitet med eit statspoliti. Statspolitiovereiskomstane har eit slikt perspektiv over seg.

Konklusjon

Dette arbeidet har teke opp den statlege beredskapen mot indre uro i tidsrommet 1914 til 1920. Det har ikkje vore eit mål å ta opp alle sider ved denne, det ville vore eit arbeid av langt større omfang. Derimot har den meir avgrensa målsetjinga vore å gå nærmare inn på sider ved beredskapen som kunne vera eigna til å kaste lys over nærmere spesifiserte spørsmål og problemstillingar. To sentrale spørsmål har vore styremaktene sine fiende- og trugsmålsbilete, samt kva barrierer som har vore gjeldande og faktisk eksistert mot å nytte repressive middel mot ein definert indre fiende, motsett når dette vart vurdert som ein aktuell eller naudsyn inngripnad. Vidare har det vore eit mål å identifisere ulike strategiske posisjonar innan beredskapsapparatet, eller ulike oppfatningar og vurderingar av meir situasjonsbetinga, taktisk-politisk karakter. Det har samstundes vore eit mål å sjå på endringar i fiende- og trugsmålsbiletet samt i beredskapstankegangen i løpet av desse åra.

Ei overgripande problemstilling har dreia seg om det statlege handlingsrommet, staten som part og aktør innanføre dei eksisterande konfliktliner, m.a.o., staten som strategisk aktør.

For å ta fiende- og trugsmålsbiletet først, så kan det konstaterast eit nokså markant skilje mellom føre og etter utgongen av 1917 eller årsskiftet 1917/1918. Den avgjerande hendinga her var oktoberrevolusjonen i Russland som førde til bolsjevikane si maktovertaking og etableringa av sovjet-styret. Med dette inntraff endringar i trugsmålsbiletet i det minste i store deler av Europa, også i Noreg.

I beredskapstankegangen som eksisterte føre 1918 var det revolusjonære perspektivet ikkje fråverande, men det hadde heller inga sentral betydning. Det tyder ikkje at det i dei trugsmålsbileta som då gjaldt ikkje fanst førestillingar om omfattande uro og t.o.m. opprør. Uro og oppreistar hadde jo funne stad tidlegare som i arbeidaropptøyene på austkanten i Kristiania kring 1880, då politi og militære styrkar vart nytta for å setje ein stoppar for dei.

Det fanst eit lovverk som skulle verne samfunnet mot uro av alle slag, Grunnlova hadde §99, pkt.2, som må sjåast som ein opprørsparagraf, og det fanst noko som må kallast ei opprørslov som ga styremaktene høve til å gripa inn når ro og orden sto på spel. Det vart gjort tiltak på militært plan der det vart førebudd inngripnad for å sikre ro og orden alt på 1850-talet.

I gjennomgongen av arbeidet i Politilovkomiteen er det vist at det vart tenkt på ”indre krefter” som kunne utgjera eit trugsmål mot ro og orden. Det vart der peika på at staten hadde rett til å nytta dei middel han disponerte over for å verne den herskande ordenen. Det er ingen grunn til å tvile på at dette også innebar retten til å nytte valdelege middel om det vart funne aktuelt eller naudsynt.

Det fanst altså ei tenkning, basert på erfaringar frå politiske og sosiale motsetnadar og konfliktmønster som kan førast attende til det 19. århundre, med Thrane-rørsla, den parlamentariske revolusjonen, gryande arbeidar-organisering og tilløp til uro og oppreistar blant arbeidarane, særleg i Kristiania, ved slutten av århundret.

Konsentasjonen av arbeidarar i større anlegg knytt til utnyttinga av fossekrafta etter århundreskiftet utvida konfliktpotensialet og innebar eit aukande trugsmålsnivå frå arbeidarklassen, i det minste dei delene av han som var mest radikaliserte og opposisjonelle.

Det var strategiske implikasjonar ved desse endringane, noko den militære inngripnaden på Rjukan i 1914 viste. Justisminister Lars Abrahamsen mana her til varsemd, men var samstundes på vakt mot ”revolusjonens utskeielser”. Revolusjon vart her neppe sett som eit alvorleg trugsmål, men perspektivet var åpenbart til stades i hans situasjonsvurdering. Arbeidarane sin bruk av 17. mai i anti-militarismen si teneste hadde ein provoserande verknad på den borgarleg innstilte delen av befolkninga på Rjukan. Anti-militaristiske parolar vart forbodne. I ein situasjon som vart oppfatta å kunna koma ut av kontroll, gjekk justisministeren til det steget å syte for at det vart sendt militære styrkar til Rjukan, som dels vart sett under beleiring.

Prosedyremesseg gjekk dette sjølvsagt gjennom Forsvarsdepartementet, men det er uklårt kva rolle dei militære spela i opptakten ellers til denne miltæraksjonen. Dei hadde neppe grunn til særleg misnøye med justisministeren sin handlemåte, sjølv om hans uttrykte dilemma truleg ikkje var delt av alle. Anti-militarisme gjekk jo direkte på deira rolle og posisjon i samfunnet, til sjuande og siste dreia det seg om deira eksistens som samfunnsmakt innanføre dei gjeldande maktstrukturane overhovudet.

Ein truande streikesituasjon framsto med stadig større aktualitet, og det er vist at det i desse åra føre 1918 vart teke steg for å gripe inn også med militære styrkar, primært som streikebrytarar, for å halde ”livsviktige samfunnsfunksjonar” i gong, men utover det og som ordensvern når politiet viste seg utilstrekkeleg. Ei streik kunne jo og nyttast som reiskap i ein politisk aksjon på ein måte som ramma statsmakta meir direkte.

Det er og interessant å leggje merkje til at ei form for utsilingsmekanisme alt no vart teken i bruk for å sikre pålitelege styrkar: Mannskap frå andre stader enn der dei skulle nyttast, og då helst mannskap frå bondebefolkninga. Tanken om å disponere lojale vakt- og ordensvernstyrkar til visse oppdrag under ein indre konfliktsituasjon var såleis ikkje noko som oppsto i 1918. Oppsett av pålitelege styrkar var såleis ikkje noko som oppsto frå 1918 og utover, noko som kanskje ikkje har kome klårt nok fram tidlegare.

Undersøkjinga har vist at det vart teke fleire steg i retning av å etablere ein beredskap som i omfang og organisering sto i høve til endringar som hadde funne stad og som stadig gjekk føre seg i trugsmålsbiletet. Beredskapstiltaka var retta mot arbeidarrørsla, det var der trugsmålet kom ifrå. Nokon annan fiende i så måte har det ikkje vore mogeleg å identifisere i dei kjeldene som er nytta.

Militær drift av jernbanen, og av transportsektoren i det heile, var eit slikt tiltak, sjølv om det og på toppnivå i militærleiinga vart uttrykt skepsis mot å nytte vernepliktstyrkar til den type oppdrag. Dilemmaet framsto som åpenbart: Kunne det pårekna hundre prosent lojalitet i ein konfliktsituasjon? Når det på militært hald såleis vart uttrykt ein viss skepsis til militær overtaking av slike sivile oppgåver som transportsektoren, så var det truleg omsynet til effektiviteten som var det avgjerande. Militære som sympatiserte med streikande kunne ikkje ventast å utføra noko som vart oppfatta som streikebryteri særleg effektivt. Tvert imot, sabotsje av oppdraget var meir nærliggjande.

Då lova om militær drift av statens jernbanar vart vedteken etter ca tre år, var ho så vid at ho åpna for ein omfattande bruk, og med mannskap uttekne etter seleksjonsprinsippet. Dermed var og innvendingane til m.a. Kommanderande Admiral tekne omsyn til.

Beredskapsapparatet føre 1918 inkluderte og eit slags statspoliti gjennom dei såkalla statspolitiovereinskomstane. Initiativet kom frå Generalstabem, som hadde tiltenkt styrken både ordensmessege og overvakingsmessege oppgåver. Noko særleg praktisk betydning kan

imidlertid ikkje sjåast at denne styrken fekk, til det var han for liten, og truleg heller ikkje høgt nok prioritert i Justisdepartementet.

Så ved situasjonar der det der vurdert som aktuelt, eller naudsynt, med maktbruk, var det militære styrkar som sto som utøvarar, slik dei gjorde på Spitzbergen i 1917. Arbeidarane utfordra gjennom skipinga av den syndikalistiske foreninga og sin kampvilje den herskande orden i gruvesamfunnet, noko direktøren definitivt ikkje kunne godta, etter kvart heller ikkje styremaktene, slik det utvikla seg.

Så sjølv om revolusjon ikkje ”sto på dagsorden” og heller ikkje tyktest særleg nærværande i styremaktene sine trugsmålsbilete i åra føre 1918, så var det eit perspektiv som ikkje var heilt fråverande.

Undersøkjinga har og vist at styremaktene var budde på å møte indre uro av ulikt slag, og at dei særleg hadde fokus på å møte slike situasjonar som streikar, eventuelt generalstreik, kunne føre landet opp i. Dette vart og sett på i høgste grad å kunne utgjera eit trugsmål mot den herskande samfunnsorden, sjølv om kaos var meir frykta enn revolusjon.

Revolusjon kan og springe ut av kaos, men det som framom alt kjenneteiknar revolusjon, er den målmedvitne, politisk motiverte samfunnsomveltande makterobringa. Det har ikkje vore eit tema her kor vidt det på noko tidspunkt eksisterte ein revolusjonær situasjon i Noreg frå vinteren 1918 og dei nærmaste åra utover. Det temaet er omfattande og fell utanføre rammene for denne undersøkjinga. Lite tyder imidlertid på at at det eksisterande statsapparatet stod framom eit samanbrot eller ei oppløysing, noko som vel er eit nokså avgjerande kriterium for om det herskar ein revolusjonær situasjon.²⁵⁸

Det som det imidlertid kan vera lite tvil om, er at i styremaktene sine førestillingar vart det revolusjonære trugsmål, oppfatningar om eit truande revolusjonært prosjekt i samarbeid med, eller initiert av utanlandske aktørar, langt meir aktuelt som faktor i eit trugsmålsbilete frå kring årsskiftet 1917/1918. Dette gjaldt både dei sivile og dei militære styremaktene. Sjølv mindre, avgrensa aksjonar kunne plasserast som lekk i ein plan for revolusjoar. Slike avgrensa hendingar kunne utvikle seg i ein revolusjonær retning, sjølv om dette i og for seg i utgangspunktet ikkje var intendert eller planlagt.

²⁵⁸ Om temaet revolusjon og revolusjonær situasjon, sjå t.d. Tilly, 1975, Skocpol 1979 og 2001, Goldstone 1994. Sjå og Fure 1983 og Olstad 2009 og 2010.

Tiltak for å sikre beredskapen mot indre uro vart kraftig intensivert frå vinteren 1918. Det gjaldt både meir akuttprega einskildt tiltak, som Generalstaben sine skriv 12. og 16. februar til distriktskommandoane, og det gjaldt den meir heilskapelege, strategiske planleggjingga med Justisdepartementet som sentral aktør. Her må særleg etableringa av og verksemda i Sikkerhetskomiteen samt Justisdepartementet sitt rundskriv av 4. mars 1918 nemnast som to heilt sentrale tiltak for å fremja planleggjingga av beredskapen mot indre uro. Akkurat kor initiativet til skipinga av Sikkerhetskomiteen kom frå fortel ikkje kjeldene noko om, men det som i alle høve er klårt er at i dette sivil-militære beredskapsprosjektet hadde Justisdepartementet ein sentral posisjon representert ved byråsjef Enevold Borch.

Dette rører ved eit punkt der føreliggjande undersøkjing er av ei noko anna oppfatning enn det som tykkjest vera tilfellet i Agøy si avhandling. Det dreier seg om dei sivil-militære relasjonane der Agøy i sitt konkluderande kapittel har denne formuleringa. ”Derimot kan det nesten helt utelukkes at det var de politiske myndighetene som ved uformelle pålegg til en passiv eller motstrebende militæretat skal ha sørget for at det indre sikkerhetsapparatet ble drevet videre. Selv i tilfeller hvor den politiske ledelsen og forvaltningen har full tillit til hverandre, er det lite rimelig å tenke seg at forvaltningen over tid skulle binde seg utvetydig og skriftlig til en potensielt risikabel sak, men la politikerne slippe. I slike tilfeller er det mer sannsynlig at alt som vedkom saken ville bli forsøkt holdt utenfor offisielle dokumenter. Der hvor tilliten mellom partene ikke var stor, som i Norge på 1920- og 1930-tallet, er det desto mindre grunn til å tro, at militæreraten ville godta å skulle skjerme mulige politiske oppdragsgivere. ()

Vi må konkludere med at utforminga og omfanget av de militære sikkerhetstiltakene primært, og sannsynligvis også helt, var et internt militært anliggende”.²⁵⁹

Han legg imidlertid til: ”At det skulle være mulig å drive et så vidt forgrenet arbeid i det skjulte og uten utvetydig politisk klarering kan virke urimelig. Fra andre vestlige demokratier finnes det imidlertid eksempler på at langt mer omfattende militær aktivitet enten har vært holdt skjult for de politiske myndigheter, eller drevet uten offisiell autorisasjon fra dem.”²⁶⁰

Det er her litt uklårt om Agøy let dette gjelde for heile tidsrommet han tek for seg, eller for meir avgrensa deler av det.

²⁵⁹ Agøy, s. 418 – 419.

²⁶⁰ Same stad, s. 419.

Endeleg slår han fast at ”det hemmelege sikkerhetsapparate bidro til å senke terskelen for en militær politisk intervensjon i Norge i mellomkrigstiden, selv om terskelen altså ikke ble overskredet. Sikkerhetsstyrkene representerte en skjult maktkonsentrasjon som kunne tas i bruk av den militære ledelsen. Men undersøkelsen har vist at styrkene helt fra starten av var rettet mot den politiske venstresiden. I dette lå en klar begrensning.”²⁶¹

Dette siste finst ingen tvil om. Så vel i føreliggjande undersøkjing som i tidlegare framstillingar går det klårt fram at beredskapsapparatet mot indre uro, slik maktrelasjonar og konfliktliner såg ut, utelukkande hadde brodd mot arbeidarklassen.²⁶² Dette gjeld for heile perioden som er omfatta av denne undersøkjinga, men med eit skjerpa trugsmålsnivå etter 1917.

Det er då betimeleg å reise spørsmålet kva som er meint med at tryggingsstyrkane var ei reint militær sak. Desse militære styrkane var jo ein del av den totale beredskapen, sjølv om det langt på veg var slik at det var desse som utgjorde beredskapen. Stortingspolitikarane hadde utan tvil lite kjennskap til og innsyn i, eller rettare, det var ikkje mogeleg for dei å ha kjennskap til og innsyn i eksistensen til og omfanget av desse beredskapsstyrkane. For dei militære var nok dette ei svært så grei ordning. Å involvere stortingspolitikarane i eit slikt beredskapsarrangement, som jo dessutan for ein stor del var hemmeleg ville vera tungvint og det ville gå ut over effektiviteten, truleg øydeleggje heile ordninga. Den gjennomsnittlege stortingsrepresentant vart, i alle fall av den militære toppleiringa, mest truleg oppfatta som meir eller mindre amatørar på området.

På andre sida så sto dei aller fleste av desse representantane solid planta i den borgarlege leiren, og delte vel, med visse nyansar, den militære leiinga sine trugsmålsbileter. Så kvifor ikkje overlate dette til dei profesjonelle som meistra taktikk og strategi samt hadde kunnskap om den logistikken som måtte til? Samfunnet måtte jo vernast mot øydeleggjande uro, oppreistar og revolusjon. Det er vel såleis grunn til å tru at borgarlege politikarar generelt ikkje såg særlege grunnar til å blande seg, dei kunne trygt, og kanskje til og med med eit visst behag, overlate dette til dei som var ekspertar på området og som dei dessutan delte ei grunnleggjande innstilling til fenomenet revolusjon med. Sett slik var det politiske og det forvaltningsmessege nivå skilde, og såleis beredskapen ei reint militær sak.

²⁶¹ Same stad, s. 443.

²⁶² Fure, 1983; Borgersrud 1976 og 2000.

Undersøkjinga har imidlertid vist at det sivile nivå i høyeste grad var involvert i det som gjekk føre seg når det gjaldt beredskapen mot indre uro. I første rekke Justisdepartementet var påpasseleg med å markere at den indre ro og orden var eit område dei sivile styremakter hadde det overordna ansvaret for.

Forsvarsdepartementet kan seiast å ha hatt ein slags mellomposisjon, mellom Justisdepartementet på eine sida og Generalstaben og Kommanderande General på andre. Det er imidlertid nærliggjande å tenkje slik at Forsvarsdepartementet i strategisk tenkning, i den grad det fanst nyansar og skilnadar, sto nærmere dei militære instansar enn Justisdepartementet. Ein grunn til dette er at det var fleire tilsette med yrkesmilitær bakgrunn i dette departementet, og at desse hadde teke med seg militære haldningar, oppfatningar og tenkjemåtar inn i departementssamanheng.

Dei militære hadde ein heilt avgjerande plass i den totale beredskapen mot indre uro. Beredskapen sine operative einingar besto jo i hovudsak av militære styrkar. Men dei militære styrkane inngjekk nettopp i dei meir omfattande beredskapsplanane. Som det er vist, hadde Justisdepartementet ein heilt sentral, ja avgjerande plass i desse. Dette vart det lagt stor vekt på frå departementet si side. Det kan her igjen visast til rundskrivet av 4. mars 1918, ”Om samarbeidet---”.

Det er ikkje funne teikn til store avvik, enn sei avvik overhovudet, mellom den sivile og den militære delen av beredskapen når det gjaldt den strategiske tenkninga kring denne. Det rådde i hovudsak same oppfatningar og vurderingar når det gjaldt trugsmålssituasjonen innan Justisdepartementet som innan Generalstaben. ”Den revolusjonære bylgja” måtte møtast med dei middel som vart funne naudsynte når dei eksisterande maktstrukturane tyktest trua. Dette var det strategiske utgangspunktet i både dei sivile og dei militære beredskapsinstansane. Dette var det strategiske trugsmålsbiletet som utgjorde grunnlaget for beredskapsplanleggjingga og dei meir eller mindre akutt iverksette tiltaka.

Dei midla var av militær karakter. Storleiken på den militære innsatsstyrken var det opp til den militære leiinga, ned til distriktskommandonivå, å avgjere. Likeeins var det den operative leiinga og det operative ansvaret på innsatsstaden tillagt det militære nivå. Det tykkjест nokså åpenbart at dette var den einaste løysninga som kunne fungere, om kommandolinene skulle fungere, og oppdraget gjennomførast effektivt.

Som Agøy påpeikar, ga dette dei militære instansar, Generalstaben og Kommanderande General, grunnlag for ein maktposisjon som så igjen kunne utnyttast i fleire retningar. Han uttrykkjer dette slik at ”dette bidro til å senke terskelen for militær intervensjon i Norge i mellomkrigstiden.” At terskelen vart senka med styrka maktposisjon virkar temmeleg innlysande. Så var det andre høve, først og framst den politiske situasjonen, som var avgjerande for kor aktuelt det var med militær inngripnad i form av kupp eller liknande. Truleg var det, slik han og er inne på, i nokon grad stigande aktualitet for dette utover i mellomkrigstida. Både tema og tidsperiode fell imidlertid utanføre rammene for føreliggjande undersøkjing.

For den perioden denne undersøkjinga tek føre seg, ser det imidlertid ikkje ut til å ha vore vesentlege motsetnader mellom dei sivile og dei militære beredskapsinstansane. Dvs., det ser ikkje ut til å ha vore grunnlag for dette. Det var stor semje kring det som var det strategiske hovudspørsmålet, sikring av ro og orden og (særleg etter 1917) demme opp mot og stanse det revolusjonære trugsmålet. Det kom difor heller ikkje til noko militær-sivil skisma.

Justisdepartementet og det sivil-politiske nivå må reknast som ein hovud-aktør når det gjaldt beredskapsplanleggjing. Også i utøvande beredskapshandlingar, i mobiliseingssamanheng, var departementet ein heilt sentral aktør, med både stor vilje og evne til å trekke i trådane, eller sitje ved regibordet. 4.mars-skrivet må sjåast som eit sentralt utspel i så måte. Dette kom og klårt fram både i førebuing og gjennomføring av Sulitjelma- og Kirkenes-ekspedisjonane. Generalstaben og Kommanderande General, og lågare militære nivå, var sjølvsagt til stades som avgjerande aktørar, utan militære styrkar hadde det jo ikkje vore eit beredskapsapparat å snakke om. Men apparatet var større og meir komplekst enn at det kan reduserast til ei reint militær sak.

Så kan det innvendast som eit poeng her for det første at det frå militært hald vart drive konspiratorisk verksemd som aldri er kome til synes nokon stad, at det ved sida av, eller utanom dei skriftlege, hemmelegstempla dokumenta gjekk føre seg ei verksemd ”behind the scene”, ukjent for andre enn ein egnare klick innan, kanskje og utanføre dei militære sine rekjer. Det er fullt mogeleg at det førekomm den slags aktivitetar. Det er ikkje uvanleg at det innan militære krinsar, eventuelt i samkvem med ikkje-militære, vert drive fagmilitær verksemd, med innretning mot samfunnet, utanføre dei formelle og offisielle kanalane. Føremålet med slik aktivitet vil ofte vera ein plan B, om det skulle oppstå ei samfunnsmesseg

krise som styremaktene ser ut til å meistre därleg, eller dei kan sjå ut til å stå for fall. Olstad reknar med tre revolusjonære framstøytar i denne periode (den siste rett nok i 1921).²⁶³ Revolusjonsfrykten blant dei militære er vel dokumentert. Men om det vart konspirert med sikte på ei politisk omveltning i Noreg, er hittil udokumentert, i alle fall for det tidsrommet denne undersøkjinga omfattar.

Ei anna innvending som kan trekke i retning av at dei dei militære styremakter hadde ein meir dominerande plass når det gjaldt planleggjinga av beredskapen mot indre uro er den militære etterretninga sin aktive rolle når det gjaldt kartleggjinga av opposisjonell og revolusjonær aktivitet. Det er då litra tvil om at det fiende- og trugsmålsbiletet som der vart formidla, i nokså utstrekkt grad la premissar for det trugsmålsbiletet og dei beredskapstiltaka som vart planlagde og gjennomførde av de beredskapsansvarlege styremakter, Justisdepartementet medrekna. Dette gjorde det mogeleg for militære aktørar å styre beredskapen i ei for dei ynskjeleg retning. Slik ”krisemaksimering” førekomm, ikkje alle militære etterrtningsrapportar virka truverdige i si lite nøkterne framstilling av trugsmålssituasjonen. Det som kom frå Generalstabens Efterretningskontor var ofte berre vidareekspedisjonar frå lågare militære instansar, eller frå ikkje-militært hald, og kvaliteten kunne vera så som så.

Det som er poenget her, er at anten, i det store og heile, så avveik ikkje trugsmålsbileta som kom frå topp-militært hald og dei som kom til uttrykk på sivilt hald så vesentleg frå kvarandre. Det kan her visast til verksemda i Sikkerhetskomiteen, som jo i all hovudsak sto samla bak eitt gjeldande trugsmålsbilete. Eller så vart dei korrigerte og då helst i modererande retning.

Slik sett så er det i første omgang lett å vera samd i den framstillinga Odd-Bjørn Fure gjev av beredskapen mot indre uro.²⁶⁴ Her har det samla apparatet, ikke minst Justisdepartementet, fått tildelt nokonlunde likt fordelt ansvar for tiltak og planar. Årendet hans med å ta med dette er å vise at dei statlege mottiltaka mot revolusjon utgjorde ein så stor barriere mot nettopp dette at det var ein vesentleg del av foklåringa på at dei revolusjonære kreftene aldri kom til det steget at dei kunne gjennomføra ein revolusjon i Noreg. Og hadde dei gjort freistnad på det, så hadde det enda i nederlag.

²⁶³ Olstad 2010, s. 66-70.

²⁶⁴ Fure, 1983 s. 527-551.

Dette siste kan godt hende, sjølv om dette vert ein påstand av kontrafaktisk karakter. Det finst fleire årsaker til at det ikkje vart nokon revolusjon, dei klasemessege relasjonane og tilhøva internt i arbeidarrørsla, samt internasjonale tilhøve er viktige forklåringssfaktorar her.

Samstundes var det og slik at til sjuande og sist, om det verkeleg hadde kome til ein konfrontasjon, var det overvegande sannsynleg at våpenkraft ville vera av avgjerade betydning. Og våpna samt organisasjonen til å bruke dei var det styremaktene som disponerte. Rett nok var eitt av dei mange rykta som verserte og som oftast hamna hjå Justisdepartementet (via Generalstaben) at dei revolusjonære dreiv innsamling og innsmugling av våpen, men rykta vart aldri verifiserte gjennom funn.

Kor langt styremaktene hadde gått i bruk av våpen om det hadde oppstått ein situasjon der ingen andre utvegar vart vurdert som mogeleg, er vanskeleg å gje svar på. Så langt kom det aldri i den perioden som her er omhandla, men våpen vart mobiliserte og i seg sjølv hadde dette ein avskreckande verknad. Det som er klårt, er at det var ein viss uvilje og i den militære toppliinga mot å nytte militære styrkar i ein indre konfliktsituasjon. Dette var, som vist i undersøkjinga, eit standpunkt som gjekk att også i tidsrommet føre det revolusjonære gjennombrotet i 1918. Kor prinsipielt dette var, kan det reisast tvil om. Grunngjevinga låg nok i stor grad i at vernepliktshæren var lite eigna, dvs. ikkje påliteleg nok til den slags oppgåver. Same oppfatninga gjorde seg gjeldande i Forsvarsdepartementet, og i Justisdepartementet var haldninga at det i det lengste burde ventast med å mobilisere militære styrkar.

Det er såleis vanskeleg å uttrykkje noko sikkert om kor langt styremaktene kunne kome til å gå i utøvande makt- og valdsbruk om situasjonen kom dit at dette framsto som aktuelt, men på bakgrunn av dei fiende- og trugsmålsvurderingane som vart lagde og gjennomførde og, framom alt, dei mobiliseringsaksjonane som vart gjennomførde, er det grunn til å anta, om tilhøva vart sette tilstrekkeleg på spissen, at våpna kunne blitt varme. At dei heldt seg kalde, virkar i lys av dette meir tilfeldig enn utslag av overlagt strategi.

På bakgrunn av ovanståande tykkjест det vanskeleg klårt å peike på ulike strategiske posisjonar innan beredskapsapparatet. Som vist, fanst ulike vurderingar av einskildspørsmål, og om det fanst eit mønster her, ser det ut som om Justisdepartementet var den "korrigerande" instans både andsynes Forsvarsdepartementet, Generalstaben og lågare instansar innan det sivile beredskapsapparatet, som politimeistrear og amtmenn. Men dette ser meir ut til å ha

vore ulike vurderingar på eit taktisk-politisk plan, samt at Justisdepartementet ser ut til å ha vore meir oppteken av å opptre korrekt i høve til gjeldande lovverk, og av korrekt lovbruk. Kanskje kan dette uttrykkjast slik at Justisdepartementet tykkjест ha hatt eit meir overordna blikk i høve til ulike aktørar og relasjonar og, i nokon utstrekning, hatt som mål å opptre i høve til dette.

Det er då tid for å freiste med nokre konkluderande formuleringar på undersøkjinga sin overgripande problemstilling: Kva var, samla sett, beredskapsapparatet sin strategiske posisjon, slik det framtredde? Ein reiskap for borgarlege klasseinteresser? Ein instans med meir eller mindre klåre trekk av autonomitet i høve til slike? Eller, er ein tredje posisjon mogeleg, at det rett og slett kan oppfattast som ein arena der ulike strategiske og taktisk-politiske syn gjorde seg gjeldande med sikte på å vinne fram og oppnå dominans eller definisjonsmakt? Det siste er jo aktuelt når det t.d. gjaldt å nytte etterretningsrapportar som gjekk i ein dramatiserande retning. Også trekk ved Sikkerhetskomiteen kan tene som døme på at det pågjekk ein ”diskursiv” kamp for å trekke konklusjonar og avgjerder i ei bestemt retning. Det ligg neppe noko overraskande i dette, og det treng ikkje stå i motsetnad til det som ovanføre er uttrykt om semje utad kring den strategiske hovudlinia.

Det framstår imidlertid som problematisk å trekke ein bastant konklusjon her. Det er såleis ikkje vanskeleg å vise ut frå føreliggjande kjeldeområde at dei beredskapsansvarlege styremaktene opptredde med nær kontakt til leiinga for bedrifter og anlegg der det var konflikt etter at leiinga hadde kontakta styremaktene for bistand. Allikevel kan det verta for lettvint å konkludera med at dei meir generelt, eller utelukkande, var eit instrument for kapitaleigarane eller kapitalistklassen. For arbeidarar i ein konfliktsituasjon var dette imidlertid den umiddelbare røynda dei måtte takle. Som del av statsapparatet besto beredskapsapparatet si oppgåve til sjuande og sist i å oppretthalde ro og orden og såleis hindre at samfunnet hamna i kaos og kollaps. Dette gjekk ikkje føre seg i eit vakum, men under bestemte maktrelasjonar og klasemessege tilhøve.

Dette var det liberale, litt illusjonsprega dilemma: Kamp mot klassekampen, slik Gunnar Knudsen hadde uttrykt det i 1920, men ikkje mot arbeidarane.

Beredskapsapparatet, som var statsapparatet si repressive, valdelege grein, var autonomt for så vidt det ikkje var del av det næringsmessege produksjonsapparatet, men nøytralt var det

dermed ikkje, for det samfunnet det skulle verne var nettopp det borgarlege samfunn med dei klasse- og maktrelasjonar som der rådde. Det vert altså ein både-og-konklusjon.

Slik må det og verta når det gjeld spørsmålet om beredskapen mot indre uro var av offensiv eller defensiv karakter. Det kan neppe vera tvil om at dei fleste av dei tiltaka som vart sette i verk i utgangspunktet og i første omgang var av defensiv karakter. Styremaktene oppfatta det slik at arbeidarrørsla , trass i at ho ofte må seiast ha oppfatta seg sjølve stå i ein defensiv posisjon, gjekk til åtak på samfunnet, og spesielt i den mest revolusjonsprega fasen.

Oppbyggjinga av dei hemmelege militære avdelingane mot indre uro må såleis oppfattast som eit i utgangspunktet defensivt trekk mot revolusjon, men samstundes låg her ein kime til seinare offensiv.

Litteratur

Agøy, Nils Ivar. 1997. Militæreraten og ”den indre fiende” fra 1905 til 1940. Hemmelige sikkerhetsstyrker i Norge sett i et skandinavisk perspektiv. Oslo: Scandinavian University Press. Universitetsforlaget.

Badaloni, Nicola 1979. ”Gramsci and the Problem of the Revolution” I Chantal Mouffe (ed.) Gramsci and Marxist Theory. London: Routledge and Kegan.

Bjørgum, Jorunn 1998. Martin Tranmæl og radikaliseringen av norsk arbeiderbevegelse 1906-1918. Oslo: Universitetsforlaget.

Bjørnson, Øyvind 1990. På klassekampens grunn 1900-1920. Arbeiderbevegelsens historie i Norge, bind 2. Oslo: Tiden.

Borgersrud, Lars (pseud. Ottar Strømme). 1978. Den hemmelige hæren. Den hemmelige militære organisasjonen mot ”indre uro” i Norge fra 1918 til 1940. Oslo: Oktober.

Borgersrud, Lars (pseud Ottar Strømme). 1979. I tilfelle opprør: Det norske militærapparatet fra 1814 til 1905. Oslo: Oktober.

Borgersrud, Lars. 2000. Konspirasjon og kapitulasjon. Nytt lys på forsvarshistorien fra 1814 til 1940. Oslo: Oktober.

Borgersrud, Lars. 1975. Nye momenter til forståelse av moderne norsk krigshistorie. Trekk ved den militærpolitiske utviklinga i Norge 1918-40, og begrensninger de la på den norske krigføringa i 1940. Hovedoppgave i historie. Bergen 1975.

Bergh, Trond & Knut Einar Eriksen 1998. Den hemmelige krigen. Overvåkning i Norge 1914 – 1997 bind 1. Overvåkinssystemet bygges opp 1914-1955. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.

Buci-Glucksmann, Christine 1979. ”State transition and passive revolution”, I Chantal Mouffe (ed.) Gramsci and Marxist Theory. London: Routledge and Kegan.

Bull, Edvard d.y. 1975." Fra bøndenes og husmennenes samfunn til den organiserte kapitalisme" i Makt og motiv – festskrift til Jens Arup Seip. Oslo.

Bull, Edvard d.y. 1981. "Gatekamper i Kristiania", s. 51-67 i Tidsskrift for arbeiderbevegelsens historie 1,1981.

Bull, Edvard d.y. 1979. Klassekamp og fellesskap 1920 – 1945. Bind 13 i "Norges historie" (red. Knut Mykland). Oslo: Cappelen.

Callinicos, Alex 2005. Making History. Agency, Structure, and change in Social Theory. Chicago: Haymarket Books.

Fure, Odd-Bjørn 1984. Mellom reformisme og bolsjevisme:norsk arbeiderbevegelse 1918 – 1920. Teori. Praksis. (Doktorgradsavhandling ved Universitetet i Bergen, 1984).

Danielsen, Rolf 1984. Borgerlig oppdemningspolitikk. Bd.II, Høyres historie. Oslo: Cappelen.

Engelstad, Fredrik 1999. Om Makt. Teori og kritikk. Oslo: Ad Notam Gyldendal.

Finer, Samuel E. 1988. The Man on Horseback. The Role of the Military in Politics. Second enlarged edition, revised and updated. Boulder/London: Westview/Pinter.

Furre, Berge, 1999. Norsk historie 1914 – 2000. Oslo: Det Norske Samlaget.

Goldstone, Jack A. 1991. Revolution an Rebellion in the Early Modern World. Berkeley and Los Angeles: University of California Press.

Gramsci, Antonio 1971. Selections from the Prison Notebooks. London: Lawrence and Wishart.

Gran, Thorvald 1978. Erfaringer fra politiets innsats mot kommunearbeiderstreiken i Bergen juli-september 1920. Institutt for sosiologi og statsvitenskapelige fag, Universitetet i Bergen.

Gran, Thorvald 1988. A critique of state autonomy in Norway 1850 – 1970. Changing class-state relations in a small capitalist society. (Doktorgradsavhandling ved Universitetet i Begen, 1987)

Hammerborg, Morten og Ryymen Teemu 2001. "Heimo-saken 1921. De norske myndighetenes bekjempelse av de revolusjonære" i Historisk Tidsskrift nr.1 2001.

Hobsbawm, Eric 1994. *The Age of Extremes. The Short Twentieth Century 1914-1991*. London: Abacus.

Hodne, Fritz 1985. *Norges økonomiske historie 1815-1970*. 2. opplag. Oslo: Cappelen.

Johansen, Per ole 1981. ”Arbeidvern og revolusjonsfrykt”, i *Tidsskrift for arbeiderbevegelsens historie* nr.1, 1981, s. 131-178.

Johansen, Per Ole 1982. ”Da Generalstaben var overvåkningspoliti”, i *Tidsskrift for arbeiderbevegelsens historie* nr. 2, 1982, s. 9-52.

Johansen, Per Ole 1989. ”Samfundets pansrede neve”. *Statspoliti og ekstraordinær overvåkning 1918-1941*. Oslo: Gyldendal.

Johansen, Sverre Bergh. *Norges Samfundshjelp. Konformisme og avvik*. Magisteravhandling i statsvitenskap, Universitetet i Oslo 1967.

Kjeldstadli, Knut 1994. *Et splittet samfunn 1905 – 1935*. Aschehougs norgeshistorie. Bind 10. Oslo: Aschehoug.

Knutsen, Paul 1994. *Korporatisme og klassekamp*. Oslo: Acta Humaniora. Det historisk-filosofiske fakultet, Universitet i Oslo.

Kristensen, Arnolf 1977. *Rød mai. Da verdensrevolusjonen banket på i Hammerfest*. Oslo: Tiden.

Lødrup, Hans P. 1921. ”Konservativ politikk”, i *Samtiden* 1921, s. 423-444 og s. 630-651.

Maier, Charles S. 1970. ”Between Taylorism and Technocracy: European ideologies and the vision of industrial productivity in the 1920s”, i *Journal of Contemporary History* nr. 5 1970.

Maier, Charles S. 1975. *Recasting Bourgeois Europe. Stabilization in France, Germany and Italy in the Decade after World War I*. Princeton: Princeton University Press.

Maurseth, Per 1977. ”Arbeidskonflikter i Norge”, i *Tidsskrift for arbeiderbevegelsens historie* nr. 1, 1977, s. 5-33.

Maurseth, Per 1987. *Gjennom kriser til makt. Arbeiderbevegelsens historie i Norge, bind 3, 1920-1935*. Oslo: Tiden.

Mayer, Arno J. 1971. Dynamics of Counterrevolution in Europe 1870 – 1956. An Analytical Framework. New York: Harper & Row Publishers.

Mayer, Arno J. 1977. "Internal Crisis and War Since 1870" i Charles L. Bertrand, ed., Revolutionary Situations in Europe 1917-1922: Germany, Italy, Austria-Hungary. Montreal: Interuniversity Center for European Studies.

Mayer, Arno J. 1981. The Persistence of the Old Regime. Europe to the Great War. New York: Pantheon Books.

Mayer, Arno J. 2000. The Furies. Violence and Terror in the French and Russian Revolutions. Princeton University Press.

Moore, Barrington 1978. Injustice. The social bases of obedience and revolt. London: Macmillan.

Morgenstierne, Bredo 1918. "Civil vernepligt", i Samtiden 1918, s. 229-238.

Nerbøvik, Jostein 1969. Antiparlamentariske straumdrag i Noreg 1905-1914. Oslo: Universitetsforlaget.

Olstad, Finn 1981. "'En blind og desperat reisning'. Streik og opptøyere på Kristiania østkant i 1880" i Tidsskrift for arbeiderbevegelsens historie nr. 1, 1981.

Olstad, Finn 1987. Kamp mot kapitalen. Om fagorganiserte arbeidere i Kristiania ca. 1880-1895. Doktoravhandling ved Universitetet i Oslo.

Olstad, Finn 1991. Arbeiderklassens vekst og fall. Hovedlinjer i 100 års norsk historie. Oslo: Universitetsforlaget.

Olstad, Finn 2009. Los historie bind 1. Med knyttet neve. Oslo: Pax.

Olstad, Finn 2010. Frihetens århundre. Norsk historie gjennom de siste hundre år. Oslo: Pax.

Ousland, Gunnar 1975. Fagorganisasjonen i Norge, bind 1-3. Oslo: Tiden.

Pryser, Tore 1981. "Mars-urolighetene i Kristiania 1848: Pøbelopptøyere eller politisk uro?" i Tidsskrift for arbeiderbevegelsens historie, nr. 1 1981.

Seip, Jens Arup 1983. Kap. 13. "Studiet av makt". I Problemer og metode i historisk forskning, Oslo: Gyldendal.

Seip, Jens Arup 1963. "Fra embedsmannsstat til ettpartistat". I Fra embedsmannsstat til ettpartistat og andre essays. Oslo: Universitetsforlaget.

Sejersted, Francis 1993. "Kap. 10. Norsk historisk forskning ved inngangen til 1990-årene: Et oppgjør med den metodologiske individualisme". I Demokratisk kapitalisme, s. 305-328. Oslo: Universitetsforlaget.

Sejersted, Francis 1994. "Den truede idyll. Om de vekslende perspektiver i studiet av moderne norsk historie". I Den kritiske analyse. Festschrift til Ottar Dahl på 70-årsdagen den 5. januar 1994. Oslo: Universitetsforlaget, s. 229-249.

Sejersted, Francis 2000. "Historiefagets fortellinger". I Norsk idyll? Oslo: Pax s. 15-34.

Sejersted, Francis 2005. Sosialdemokratiets tidsalder. Norge og Sverige i det 20. århundre. Oslo: Pax.

Selliaas, Arnt-Erik 1982. "Politisk parti i Norge 1914-1937", i Tidsskrift for arbeiderbevegelsens historie nr. 2, 1982, s. 53-91.

Skocpol, Theda 1979. "Explaining Social Revolutions" og "Conclusion" I States and Social Revolutions: A Comparative Study of France, Russia and China. Cambridge: Cambridge University Press.

Skocpol, Theda 1944. Visions and Method in Historical Sociology. Cambridge University Press.

Skogheim, Dag 1973. Klassenkamp under nordlysflammer. Nord-norske arbeidere i kamp 1889-1918. En dokumentarisk beretning. Oslo: Pax.

Slagstad, Rune 2001. De nasjonale strateger. Oslo: Pax.

Steedman, Carolyn 2001. Dust. Manchester University press.

Therborn, Göran Therborn 1978. What does the Ruling Class do when it rules? London-New York: Verso.

Tilly, Charles 1977. *The Rebellious Century 1830 – 1930*. Cambridge Mass.

Tilly, Louise and Charles Tilly (eds.) 1981. *Class conflict and collective action*. London: Sage.

Tilly, Charles 1990. *Coercion, Capital and European States, AD 990-1992*. Cambridge MA and Oxford UK: Blackwell.

Vigen, Anders 1927. De nordiske arbeidsgiverforeningers samarbejde gennem 20 aar.

Udarbejdet av Anders Vigen. Udgivet paa det permanente udvalgs foranstaltning og fremlagt ved det 10. nordiske møde i København den 27.-28. september 1927. København 1927.

Primærkjelder

Riksarkivet

1. Forsvarsdepartementet si avlevering 1955.

Læpenr: 2257. 2915. 3261. 3246. 3251. 3267. 4004. 4022. 4597. 4626. 4697. 4701. 4710.
5806. 5952. 6189. 6275.

2. Justisdepartementet si avlevering 1955.

JD (P), 3A08716, A. Foranstaltninger mot forsvarsfiendlig agitasjon 1914-1915.

JD, 3A12611, A-P. Forsvarsfiendlig agitasjon 1918-1920. ("Soldatråd" m.v.)

Pakke merket "Den revolusjonære bevegelse i Norge I 1918."

Pakke merket "Den revolusjonære bevegelse i Norge II 1919-1920."

3. Generalstabens arkiv.

Generalstaben avd. I: Pakke 65, pakke 140, pakke 141, pakke 142, pakke 302.

Generalstaben avd II: Pakke 383.

Generalstaben avd III: Pakke 302.

Generalstaben avd IV: Pakke 230, pakke 266, pakke 310, pakke 324, pakke.

Forkortinger.

| | |
|----------|--|
| AFL | Arrbeidernes faglige Landsorganisasjon. |
| DK | Distriktskommando. |
| FD | Forsvarsdepartementet. |
| GE | Generalstabens Efterretningskontor. |
| GS | Generalstaben. (I-IV viser til Riksarkivet). |
| JD | Justisdepartementet. |
| KA | Kommanderande Admiral. |
| KG | Kommanderande General. |
| SK | Sikkerhetskomiteen. |
| St.forh. | <i>Stortingsforhandlinger.</i> |
| UD | Utanriksdepartementet. |

Litteraturliste

[Følg instruksene ditt fakultet/institutt har for skriving av litteraturlister]

Vedlegg